



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Forvaltningsutvalet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda Rådhus
Dato: 06.03.2018
Tid: 13:00

Då det er ei sak som er u.off denne gongen, vil møtet bli lukka under handsaming av PS 20/18.

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentlig ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Saksnr	Sak
PS 18/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 19/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 20/18	Gbr 57/1 - Konesjonsverdi på eigedom
PS 21/18	Gbr 149/4 - Søknad om deling av landbrukseigedom, Marit Tjelle Drabløs og Steinar Drabløs
PS 22/18	Reduksjon av minsteareal for jakt på hjort i kommuna
PS 23/18	Midlertidig reduksjon av tilleten totalvekt på Håskjoldvegen – Ytrestøylen
PS 24/18	Gbr 164/1 og 2 - flytting og forlenging av eksisterande molo - dispensasjon frå kommuneplan - Marine Harvest
PS 25/18	Mellombels lagring av bustadbrakker
PS 26/18	Bygningssmiljø og estetisk rettleiar – vedtak
PS 27/18	Orienteringssaker
OS 6/18	Sluttrapport kortversjon, prosjekt Skulebakken, orientering til kommunestyret

PS 18/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 19/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Torgeir Stensø

Arkivsak nr.: 2017/1978

Arkivkode: 147/ 1

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
21/18	Forvaltningsutvalet	06.03.2018

GBR 149/4 - SØKNAD OM DELING AV LANDBRUKSEIGEDOM, MARIT TJELLE DRABLØS OG STEINAR DRABLØS

Administrasjonen si tilråding:

Det vert vist til søknad frå eigarane av gnr 149 bnr 4 og gnr 147 gnr 1, Marit Tjelle Drabløs og Steinar Drabløs, om frådelling av gnr 149 bnr 4, med eit areal på 48 daa.

Med heimel i jordlova §12 og omsynet til vern av arealressursane, vert det ikkje gitt løyve til frådelling av gnr 149 bnr 4. Grunngevinga er at ei slik deling vil svekkje driftsgrunnlaget til landbrukseigedomens vesentleg, og då konsesjonen på kjøp av gnr 147 bnr 1 i 1987 nettopp vart gitt for å samle dei to bruka til ei berekraftig eining.

Ein søknad om frådelling av ei romsleg tomt vil kunne forsvarast ut frå dei vurderingar som skal gjerast med heimel i jordlova § 12.

Vedleggsliste:

1. Søknad om deling frå Marit Tjelle Drabløs og Steinar Drabløs, dagsett 01.10.17.
2. Kopi av møtebøker frå konsesjonshandsaminga i 1986 og 1987.

Samandrag av saka:

Det vert søkt om frådelling av gnr 149 bnr 4, der ein vil dele landbrukseigedomens som no består av 149/4 og 147/1

Saksopplysningar/fakta:

Søknaden om deling er dagsett 01.10.2017. Volda kommune har motteke søknaden og stempla den inn 19.10.2017. Vidare vart Landbrukskontoret Ørsta Volda orientert om søknaden i planmøte i Volda kommune 01.11.2017. I planmøtet vart det vurdert at søknaden vart å handsame etter jordlova.

Søkjarane eig dei to eigedomane Bakken gnr 149 bnr 4 og Lida gnr 147 bnr 1 som ligg på Dravlaus i Volda kommune. Dei to eigedomane vart slegne saman til ein landbrukseigedom i

1987. Driftssenteret for landbrukseigedomen ligg på gnr 149 bnr 4 slik at det no er hovudbruket og nemninga på den samla eigedomen.

Steinar Drabløs vaks opp på gnr 149 bnr 4, og dei to overtok som eigarar 25.05.1983. Det vart drive med sauehald på bruket.

Då bruket arealmessig var lite, og dei var interessert i å utvikle landbruksdrifta, vart det prøvd å få tak i tilleggsjord. Dei var då heldige å få tilbod om å kjøpe gnr 147 bnr 1 som tilleggsjord, berre 800 m i luftline frå tunet til gnr 139 bnr 4.

Det vart då søkt om konsesjon for overtaking av gnr 147 bnr 1 som tilleggsjord, 16.07.1986. Den tida hadde Staten på visse vilkår forkjepsrett ved slike overdragingar for nytte areala som tilleggsjord til grannar i rimeleg nærleik. Det vart difor sendt varsel til grannebruk der ein kunne melde frå om interesse for tilleggsjord, før søknaden om konsesjon skulle handsamast.

Det meldte seg tre interessentar. Deira interesse vart då ein del av sakshandsaminga i høve om Marit og Steinar Drabløs skulle få konsesjon.

Sak nr 92/86 vart lagt fram for landbruksnemnda i Volda med slik tilråding:

«Landbruksnemnda sluttar seg til den vurderinga som er gjort ovanfor og vil rå til at Staten sin forkjepsrett ikkje vert nytta ved overdraginga av gnr. 147 bnr. 1. Nemnda meiner også at kjøpesummen er i høgste laget, men rår likevel til at det vert gitt konsesjon i samsvar med søknaden».

Tilrådinga vart samrøystes vedteken av landbruksnemnda i møte 1.12.86.

Saka vart vidare handsama i formannskapet i Volda i møte 12.01.87, der ein og støtta tilrådinga.

Saksgangen vidare var at saka vart oversendt til Fylkeslandbruksstyret, der saka fekk nr 92/87. Fylkeslandbruksstyret gjorde følgjande samrøystes vedtak 02.03.87:

- 1. Fylkeslandbruksstyret finn med visning til konsesjonslova av 31.05.1974, § 21, jfr. § 1 ikkje å ville nytta staten sin forkjepsrett ved salet av eigedomen Dravlauslid gnr 147 bnr 1 i Volda til Marit og Steinar Drabløs*
- 2. Dersom vedtaket under pkt. 1 vert endeleg gir fylkeslandbruksstyret med visning til konsesjonslova, jfr. Kgl. Res. Av 20.01.1984 IV Marit og Steinar Drabløs konsesjon for erverv av eigedomen Dravlauslid gnr. 147 bnr. 1 i Volda som tilleggsjord til sitt gardsbruk gnr. 149 bnr. 4 for ein kjøpesum kr. 120.000,-.*

Det synte seg så at ein av dei tre jordsøkjarane, nabobrukarane Lina og Kåre Myren påklaga fylkeslandbruksstyret si avgjer til Landbruksdepartementet.

Landbruksdepartementet handsama klaga på at forkjepsretten ikkje vart nytta 13.04.1987. Konklusjonen frå departementet var at forkjepsretten ikkje skulle nyttast i dette tilfellet. Klaga frå Myren var ikkje teke til følge. Etter denne klagehandsaminga var konsesjonshandsaminga endeleg og Marit og Steinar Drabløs fekk konsesjon på Dravlauslida gnr 147 bnr 1 som tilleggsjord til gnr 149 bnr 4.

I gardskartet utgjer dei to eigedomane til saman 249 daa, fordelt med 201 daa, i 1 teig, på 147/1 og 48 daa fordelt på 3 teigar på 149/4.

Fordeling i daa på ulike markslag:

Full-dyrka jord	Overflate-dyrka jord	Innmarks-beite	Skog sær s høg bonitet	Skog høg bonitet	Skog middels bonitet	Skog låg bonitet	Uproduktiv skog	Myr	Jorddekt fastmark	Skrinn fastmark	Be-bygd	Ikkje klassifisert
147/1:												
9,8	0	30,7	46,5	57,2	0	0	13,3	0	1,2	41,4	0,9	0

149/4:												
2,8	0	1,4	2,7	26,9	7,3	0	1,2	0	2,3	2,8	0,3	0
Sum:												
12,6	0	32,1	49,2	84,1	7,3	0	14,5	0	3,5	44,2	1,2	0

Av søknaden går det fram at både eigedomane har bustadhus og driftsbygningar.


Jordbruksareala er i drift av føretaket 971210915 Steinar Drabløs, og det var i 2017 24 v.f.sau.

Søknaden skal handsamast etter jordlova § 12.

147/1 ligg i LNF-område, medan 149/4 ligg innanfor grensene til kommunedelplan for Dravlaus. TUNET ligg her som LNF inneklemt mellom industriområde og bustadområde. I høve plan ligg både eigedomane som LNF.

Vi kan ikkje sitere heile søknaden, og tek difor her fram eit utdrag av argumentasjonen:

- Eldste dotter ynskjer no å overta gnr 149/4 for å busetje seg der. Me planlegg no å flytte til gnr 147/1. Sidan Hildegunn ikkje ynskjer å overta begge eigedomane søker me hermed om deling.
- Gnr. 149/4 Etter vårt syn er eigedomen ein god bustadeigedom med høve til litt hobbylandbruk.
- Gnr. 147/1 .. Då me kjøpte den var den uten hus, uten veg, uten vatn og uten straum ... mest å rekne som ein skogsteig. .. Eigeomen har no to bustadhus .., driftsbygning, naust og sel på Nyestølen. ...
- Etter vårt syn har begge eigedomane no størst samfunnsverdi som element i kulturlandskapet og som bustadeigdomar.
- Konklusjon: Begge eigedomanen kan no fungere som sjølvstendige bustadeigedomar, om ynskjeleg med litt hobbyprega landbruksdrift i tillegg. Både for kommunen og for bygda er det ynskjeleg at unge familier flyttar til. For vår del er det også kjekt at Hildegunn ynskjer å flytte heim att. Sidan ho ikkje ser seg syn med å overta begge eigedomane håper me sterkt at ei deling som skissert ovanfor kan la seg gjennomføre.



Som gardskartet syner har 149/4 tre teigar der to av dei er skogteigar i Dravlausdalen. Den siste er tunteigen der og dyrkajorda ligg. 147/1 har all jorda samla i ein teig. Jordbruksareala må seiast å vere tungdrive då dei er til dels brattlente og oppdelte.

Føretaket som søkjaren driv leiger i tillegg jord frå eit anna bruk, slik at det totalt vert drive 21 daa fulldyrka jord og 30 daa innmarksbeite som fôrgrunnlag for sauene.

Vurdering og konklusjon:

Det er ikkje søkt om omdisponering etter §9 i jordlova. Slik handsaming er ikkje naudsynt her. Saka omhandlar deling etter §12.

Med verknad frå 01.07.2013 er det gjort endringar i jordlova sin delingsparagraf, §12. Det er også gitt ut nytt rundskriv: *M-1/2013 Omdisponering og deling*.

§12 Deling i jordlova lyder no slik:

Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. Det same gjeld forpaktning, tomtefeste og liknande leige eller bruksrett til del av eigedom når retten er stifta for lengre tid enn 10 år eller ikkje kan seiast opp eigaren (utleigaren). Med eigedom meiner ein òg rettar som ligg til eigedomen og partar i sameige. Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter §9.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

Samtykke til deling kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla som lova skal fremja. (etc.)

Tema:	Vurdering og drøfting:
Vurdering av konsekvens for ressursgrunnlaget på eigedomen:	Dersom ein gjev løyve til deling vil landbrukseigedomen som vart samla i 1987 nettopp med argumentasjonen om at ein ville skape eit styrka driftsgrunnlag verte reversert. Ei deling vil splitte ressursgrunnlaget slik at det vert to einingar med hobbypreg slik søkjaren skriv.
Vurdering av konsekvens for busetnad i området:	Ein kan ikkje sjå at noverande eigedomsforhold er til hinder for busetnad i bustadane på eigedomen.
Vurdering av konsekvens for drifts- og miljømessige ulemper for landbruksdrift:	To einingar vil verte mindre rasjonell.

Den avgjerande vurderinga her ut frå jordlova er om det er forsvarleg å dele eininga i to delar.

Jordlova har til føremål å leggje tilhøva til rette for at areal på landbrukseigedomar, kan bli brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og for dei som har yrket sitt i landbruket. Arealressursane bør disponerast på ein slik måte som gjev ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på busetnad, arbeid og driftsmessige gode løysingar. Samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå behovet til framtidige generasjonar.

Driftsgrunnlaget i høve jordlova § 12 er eigedomen sine ressursar i form av areal og bygningar som blir nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk. Forbod mot deling i § 12 skal hindre at eit bruk vert oppstykkja eller på annan måte får redusert ressursgrunnlaget. Formålet er å sikre og samle ressursane som grunnlag for landbruksdrift for noverande og framtidige eigarar.

Reglane om deling gjeld utan omsyn til om eigedomen består av fleire gnr og bnr. Når bruka er på same eigarhand vert eigedomen å sjå på som ei driftseining. Her er 149/4 og 147/1 på same eigarhand, og dette var intensjonen og føresetnaden den gongen ein fekk konsesjon på 147/1. Ein må i tillegg gjere vurderinga ut frå kvar bruka ligg i forhold til kvarandre, og om dei er egna til å drivast i lag. Dette vart og vurdert og sett på som oppfylt då ein fekk konsesjon. Her er avstanden mellom tuna berre 900 m i luftline og 1,7 km etter veg. Ut frå

avstand og plassering ser ein ikkje grunnlag for å endre dei konklusjonane som vart trekte då ein samla dei to bruka til ei eining.

§ 12 fjerde ledd; «*Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området*».

Dersom dei to eigedomane hadde vorte slegne saman i dag, kunne ein ha opna opp for at det eine tunet kunne delast ifrå så lenge arealressursane elles var samla. Ein ville då bevart ei styrka landbrukseining, og framleis ha like mange bueiningar i området.

I slike saker har ein opna for delinga av eine tunet med ei romsleg tomt. Ein har forstått det slik at ein primært ønskjer deling slik bruka var før dei vart slegne saman, og ikkje frådeling av tomt.

Landbruksfagleg og ut frå jordlova kan ein ikkje forsvare ei oppdeling av to bruk som vart samla nettopp for å skape ei berekraftig eining, som er formålet med dei vurderingane ein skal gjerast med heimel i jordlova § 12. Av omsyn til vern av arealressursane må ein gå imot ei slik deling, då faren for at ein vil få to einingar som kvar for seg vert for små til å vere rasjonelle einingar for framtidig drift.

Ein kan ut frå omsyn til busetnad vurdere frådeling av tomt dersom det kjem søknad om det. Areal- og driftsmessig vil ein då oppretthalde landbrukseininga med dei arealressursane den har no.

Med helsing

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar

Børild Skåra
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Marit Tjelle Drabløs
Steinar Drabløs
Landbrukskontoret i Ørsta og Volda

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Volda kommune
Stormyra 1
6101 Volda

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr: 17/1978	Avd: UN
Løpenr:	Shs: Frøha
19 OKT 2017	
Arkivdel: Bygg	
Klassering P:	
Klassering S:	

Søknad om deling av driftseining.

Me har heimel til to grunneigedomar; *Lida* gnr.147/1 og *Bakken* gnr.149/4. Sidan desse er på same eigarhand, er dei å sjå på som ei driftseining etter jordlova. Eldste dotter vår, Hildegunn ynskjer no å overta gnr. 149/4 for å busetje seg der. Me planlegg no å flytte til gnr 147/1. Sidan Hildegunn ikkje ynskjer å overta begge eigedomane søker me hermed om deling.

Litt om eigedomane.

Gnr. 149/4 er ein liten landbrukseigedom som me ovetok tidleg på 1980-talet. Der er eit etter måten stort bustadhus med to husvære, eit uthus/driftsbygning, garasje, naust og hytte/sel på Dravlausstøylen. Jordbruksarealet er på ca 3 da dårleg arrondert jord ikkje eigna for rasjonell drift. Til eigedomen høyrer også to små utmarksteigar. Den eine av dei er svært fonnutsett. Eigedomen har rettar etter skyld i utmarka tilhøyrande gnr 149. Etter vårt syn er eigedomen ein god bustadeigedom med høve til litt hobbylandbruk.

Gnr. 147/1 er også ein liten brattlendt landbrukseigedom som me kjøpte mot slutten av 1980-talet. Då me kjøpte den var den uten hus, uten veg, uten vatn og uten straum. Innmarka var for det meste attgrodd. Eigedomen var då mest å rekne som ein skogsteig. Desse åra me har brukt eigedomen har me rydda tilbake noko av det gamle kulturlandskapet og flytta til to tømmerhus. Me har bygt veg fram til tunet, restaurert den gamle driftsbygningen frå 1900 og skaffa vassforsyning. Eigedomen har no to bustadhus (no utleige til turisme), driftsbygning, naust og sel på Nyestøylen. Den har rettar i utmark saman med gnr. 154, 146 og 148. Me har drive med litt sauehald, litt vedproduksjon og litt turisme. Så brattlendt som jordbrukarealet er, er det uråd å drive rasjonell jordbruksdrift der, men eigedomen er ideell til hobbydrift og eventuelt ein nisjeproduksjon.

Etter vårt syn har begge eigedomane no størst samfunnsverdi som element i kulturlandskapet og som bustadeigedomar.

Konklusjon:

Begge eigedomane kan no fungere som sjølvstendige bustadeigedomar, om ynskjeleg med litt hobbyprega landbruksdrift i tillegg. Både for kommunen og for bygda er det ynskjeleg at unge familier flyttar til. For vår del er det også svært kjekt at Hildegunn ynskjer å flytte heim att. Sidan ho ikkje ser seg syn med å overta begge eigedomane håper me sterkt at ei deling som skissert ovanfor kan la seg gjennomføre.

Dravlaus, 1/10 2017

M.T. Drabløs *Steinar Drabløs*
Marit Tjelle Drabløs og Steinar Drabløs

arkiv.

MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side 274

Landbruksnemnda Volda		Fylkeslandbruksstyre	
Møte 1.12.86	Sak 92/86	Møte	Sak
Reg.nr. 60/86	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak

SØKNAD FRÅ MARIT OG STEINAR DRABLØS OM KONSESJON FOR OVERTAKING AV EIGEDOMEN DRAVLAUSLID, GNR. 147 BNR. 1.

Det ligg føre søknad, datert 10.7.86, frå Marit og Steinar Drabløs, der det vert søkt konsesjon for overtaking av ovannemnde eigedom.

Overdragar er Bjørg og Kåre Breivik.

I søknaden er det oppgitt at eigedomen totalt er ca 200 da. 10 - 15 da av dette er overflatedyrka, medan resten er skogsmark. Det har ikkje vore drift her siste 30-års perioden. Eigedomen har såleis lege som eit øydebruk og har vore beitt saman med omkringliggende utmark.

Husa på eigedomen er:

Ein eldre driftsbygning som idag ikkje har bruksverdi i det heile.

Eit gammalt naust og ei gammal sæterbu, begge i rel. dårleg forfatning.

Kjøpesummen er kr. 120 000,-

Steinar og Marit Drabløs har frå før eit lite småbruk, gnr. 149 bnr. 4, og kjøper såleis Dravlauslid for å kunne få dette som tilleggsareal. Drifta er i dag noko sauehald.

Sign. Lbn.

Sign. Fl.st.

Utskrift sendt til

MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side 275

andbruksnemnda		Fylkeslandbruksstyre	
Volda			
Møte	Sak	Møte	Sak
1.12.86	92/86		
eg.nr.	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak
60/86			

Som grunngeving for kjøpet, har søkjarane gitt slike opplysningar i konsesjonssøknaden:

" Eg har heilt frå barnsbein av interessert meg for landbruk. Dette var og grunnen til at eg utdanna meg til sivilagronom. Det er likevel interessa for praktisk landbruk som har vore sterkast. Då eg som nr. to i odelsrekka fekk høve til å overta småbruket eg har vakse opp på, flytte eg difor heim etter endt utdanning på landbrukshøgskulen. Marit deler interessene mine her og me var samde om å etablere oss på Dravlaus sjølv om ingen av oss hadde arbeid i området. Dette har likevel ordna seg. Marit arbeider som lærar på deltid og eg som jordstyreteknikar i Volda. Me har no budt på Dravlaus i sju år. Småbruket vårt er lite. Det er berre på 5 da innmark og ca 70 da skog. Me tok såleis tidleg til å sjå oss kring etter tilleggsjord. Gleda var difor stor då høvet baud seg så nær. Dravlauslid ligg berre ca 800 m frå tunet vårt (luftline). Det meste av eigedomen er skog og avstanden skaper ingen vanske for drifta. Eg håper såleis at ingenting er til hinder for at me kan få overtak eigedomen som tilleggsjord."

Frå landbrukskontoret er det utsendt sliklydande melding til naboar i rimelg nærleik:

"OVERDRAGING AV EIGEDOMEN DRAVLAUSLID, GNR. 147 BNR. 1,
I VOLDA.

Landbruksnemnda i Volda har motteke søknad frå Marit og Steinar Drabløs om konsesjon for overtaking av ovannemnde eigedom som tilleggsareal til Dravlaus Ytre, gnr. 149 bnr. 4.

MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side 276

Landbruksnemnda		Fylkeslandbrukestyre	
Volda			
Møte	Sak	Møte	Sak
1.12.86	92/86		
Reg.nr.	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak
60/86			

Gnr. 147 bnr. 1 har eit totalareal på ca. 200 da, der storparten er å rekne som skogsmark.

Overdragar er Bjørg og Kåre Breivik, og kjøpesum er kr. 120 000,-.

Det er ellès rimelg grunn til å tru at De har fullgod kjennskap til eigedomen.

Etter konsesjonslova av 31. mai 1974 har Staten på visse vilkår forkjøpsrett ved ei slik overdraging for utnytting som tilleggsareal,

Dersom De har trong om tilleggsareal og De ønskjer at Staten skal gripe inn ved overdraginga og gjere sin forkjøpsrett gjeldande til fordel for Dykk, må skriftleg melding om dette gjevast til jordbruksetaten i Volda innan 12. september.

Vi minner om at dersom Staten nyttar forkjøpsretten, må overtakaren av eigedomen rekne med å måtte dekkje alle utgifter Staten har hatt i samband med overdraginga.

I samsvar med gjeldande reglar er dette skrivet sendt alle gardbrukarar i rimelg nærleik av gnr. 147 bnr. 1."

Tre eigarar av gardsbruk har meldt frå om at dei er interessert i eigedomen som tilleggsjord. Desse er:

- Lina og Kåre Myren, eigar av Dravlaus Indre, gnr. 146 bnr. 1.
- Jakob Garen, eigar av Dravlaus Indre, gnr. 146 bnr. 2.
- Tore Brenne, eigar av Dravlaus Indre, gnr. 146 bnr. 3.

Sign. Lbn.

Sign. Fl.st.

Utskrift sendt til

MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side 277

indbruksnemnda		Fylkeslandbruksstyre	
Volda			
ete	Sak	Møte	Sak
1.12.86	92/86		
ag.nr.	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak
60/86			

Om bruka til nemnde interessentar kan eg kort gi slik orientering:

Gnr. 146 bnr. 1 (Lina og Kåre Myren).

Jordbruksareal ca 63 da. Av dette er ca 38 da fulldyrka og ca 25 da gjødsla beite. Bruket har lite dyrkingsjord, men ein del produktiv barskog (minst 200 da skogsareal).

Driftsforma er mjølkeproduksjon og svinehald.

Det vert f.t. leigt ca 28 da som tilleggsjord. Eigedommen vert driven som familiebruk (Normert arbeidsforbruk 2,4 årsverk).

Gnr. 146 bnr. 2 (Jakob Garen).

Jordbruksareal ca 35 da, alt fulldyrka. Ikkje nemnande dyrkingsjord. Skogsareal ca 200 da. Leigeareal f.t. ca 20 da som tilleggsjord. Driftsforma er sauehald og eigaren har arbeid utanom bruket.

Gnr. 146 bnr. 3 (Tore Brenne).

Jordbruksareal ca 64 da. Herav ca 44 da fulldyrka og ca 20 da beite. Bruket er litt dyrkingsjord. Skogsarealet er kring 200 da.

Driftsforma er mjølkeproduksjon med eggproduksjon som

Ign. Lbn.

Sign. Fl.st.

Utskrift sendt til

Landbruksnemnda		Fylkeslandbruksstyre	
Volda			
Møte	Sak	Møte	Sak
1.12.86	92/86		
Reg.nr.	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak
60/86			

tilleggsproduksjon.

Eigaren har anna arbeid ved sida av gardsdrifta.

Alle dei nemnde bruka har kvar på sin måte trong om tilleggsjord.

Gnr. 147 bnr. 1 er helst å rekne som ein skogseigedom. Rett nok kan ein del oppdyrkast, og såleis bli nytta til jordbruksproduksjon. Det må likevel vere fornuftig å la eigedomen gå som tilleggsjord.

Når det no er inngått avtale om overdraging av gnr. 147 bnr. 1 som tileggsjord til Marit og Steinar Drabløs, synest det å måtte vere sers tuntvegande grunnar tilstades for at Staten v/ fylkeslandbruksstyret skal nytte forkjøpsretten til fordel for andre tilleggsjordsøklarar. Så sterke grunnar synest ikkje å vere til stades.

Etter mi vurdering er kjøpesummen noko for høg, men eg finn likevel ikkje på det grunnlag å gå imot at søkjaren får konsesjon.

Heradsskogmeisteren sin merknad:

Ser ein på dei 200 da under eitt, er det meste mark med sær s høg, og høg bonitet. Men ein del av arealet er og svakare mark. tildels impediment. Dette gjeld særleg ein del av ryggen mot Dravlausdalen.

Det er ein del eldre barskog på bruket, som skogholt og

MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side 279

andbruksnemnda Volda		Fylkeslandbruksstyre	
Møte 1.12.86	Sak 92/86	Møte	Sak
eg.nr. 60/86	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak

enkelttre av gran og lerk, men på det meste av arealet står det lauvskog. Den ståande kubikk-massa er svært variabel.

Det er naturleg at arealet får vegutløysing til skogsvegen som går fram gjennom dalen. Slik vegtilkomst er det og delvis i dag. Denne vegen er no under omlegging og vil då ligge godt til rette for vidare vegutløysing av bruk 147/1.

Arronderinga av bruk 147/1 og framtidig vegtilkomst gjer at ingen av søkjarane peikar seg spesielt ut for å få bruket som tilleggsjord når ein ser på det som skogsmark. Eg finn difor ingen grunn for å gå mot konsesjon som omsøkt.

Framlegg til vedtak:

Landbruksnemnda sluttar seg til den vurderinga som er gjord ovanfor og vil rå til at Staten sin forkjøpsrett ikkje vert nytta ved overdraginga av gnr. 147 bnr. 1.

Nemnda meiner også at kjøpesummen er i høgste laget, men rår likevel til at det vert gitt konsesjon i samsvar med søknaden.

Vedtak samrøystes:

Tilrådinga vert vedteken.

gn. Lbn.	Sign. Fl.st.	Utskrift sendt til
----------	--------------	--------------------

MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side

Landbruksnemnda		Fylkeslandbruksstyre	
Volda			
Møte	Sak	Møte	Sak
1.12.86	92/86		
Reg.nr.	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak
60/86			
<p>Rett utskrift:</p> <p><i>Torill Gåsvik</i> Torill Gåsvik</p> <p>Utskrift til: Volda kommune, formannskapet, for vidare handsaming. Marit og Steinar Drabløs. Bjerg Kåre Breivik.</p>			
Sign. Lbn.	Sign. Fl.st.	Utskrift sendt til	

40.000. 11.84. 4.1.1971-0116

15 MARS 1987

Landsbrukskontoret
Landbrukskontoret i Volda

MØTEBOK

Lbn./Fl.st. Side

side 1

Landbruksnemnda		Fykeslandbruksstyre	
		Møre og Romsdal	
Møte	Sak	Møte	Sak
		25.02.87	92/87
Reg.nr	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak
		15198646 KVA	

SØKNAD FRÅ MARIT OG STEINAR DRABLØS OM KONSESJON FOR OVERTAKING AV EIGEDOMEN DRAVLAUSLID GNR 147 BNR 1 I VOLDA

Björg og Kåre Breivik har seld egedomen Dravlauslid gnr. 147 bnr. 1 i Volda til Marit og Steinar Drabløs for ein kjøpesum kr. 120.000,-. Kjøparane har 16.7.86 inngjeve søknad om konsesjon for erverv av egedomen og søknaden deira er handsama av Landbruksnemnda i Volda 1.12.86. Det ligg føre slik utgreiing med tilråding:

„Det ligg føre søknad, datert 16.7.86, frå Marit og Steinar Drabløs, der det vert søkt konsesjon for overtaking av ovannemnde egedom.

Overdragar er Björg og Kåre Breivik.

I søknaden er det oppgitt at egedomen totalt er ca 200 da. 10 - 15 da av dette er overflatedyrka, medan resten er skogsmark. Det har ikkje vore drift her siste 30-års perioden. Egedomen har såleis lege som eit øydebruk og har vore beitt saman med omkringliggende utmark.

Husa på egedomen er:

Ein eldre driftsbygning som idag ikkje har bruksverdi i det heile.

Eit gammalt naust og ei gammal sæterbu, begge i rel. dårleg forfatning.

Sign. (Lbn.)	Sign. (Fl.st.)	Utskrift sendt til:
		///

50.000, 2.86. s.s. trykk-Oslo

MØTEBOK

Lbn / Fl.st. *

Side

side 2

Landbruksnemnda	Fylkeslandbruksstyre
Møte	Møre og Romsdal
Reg.nr.	Møte 25.02.87
Sak	Sak 92/87
Tidl sak	Reg.nr. 15198646 KVA.
	Tidl. sak

Kjøpesummen er kr. 120 000,-

Steinar og Marit Drabløs har frå før eit lite småbruk, gnr. 149 bnr. 4, og kjøper såleis Dravlauslid for å kunne få dette som tilleggsareal. Drifta er i dag noko sauehald.

Som grunngeving for kjøpet, har sækjarane gitt slike opplysningar i konsesjonssøknaden:

"Eg har heilt frå barnsbein av interessert meg for landbruk. Dette var og grunnen til at eg utdanna meg til sivilagronom. Det er likevel interessa for praktisk landbruk som har vore sterkast. Då eg som nr. to i odelsrekka fekk høve til å overta småbruket eg har vakse opp på, flytte eg difor heim etter endt utdanning på landbrukshøgskulen. Marit deler interessene mine her og me var samde om å etablere oss på Dravlaus sjølv om ingen av oss hadde arbeid i området. Dette har likevel ordna seg. Marit arbeider som lærar på deltid og eg som jordstyreteknikar i Volda. Me har no budt på Dravlaus i sju år. Småbruket vårt er lite. Det er berre på 5 da innmark og ca 70 da skog. Me tok såleis tidleg til å sjå oss kring etter tilleggsjord. Gleda var difor stor då høvet baud seg så nær. Dravlauslid ligg berre ca 800 m frå tunet vårt (luftline). Det meste av eigedomen er skog og avstanden skaper ingen vanske for drifta. Eg håper såleis at ingenting er til hinder for at me kan få overtak eigedomen som tilleggsjord."

Sign. (Lbn.)

Sign. (Fl.st.)

Utskrift sendt til:

MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side

side 3

Landbruksnemnda		Fylkeslandbruksstyre Møre og Romsdal	
Møte	Sak	Møte 25.02.87	Sak 92/87
Reg nr	Tidl. sak	Reg.nr. 15198646 KVA	Tidl. sak

Frå landbrukskontoret er det utsendt slik lydande melding til naboar i rimelg nærleik:

"OVERDRAGING AV EIGEDOMEN DRAVLAUSLID, GNR. 147 BNR. 1,
I VOLDA.

Landbruksnemnda i Volda har motteke søknad frå Marit og Steinar Drabløs om konsesjon for overtaking av ovannemnde eigedom som tilleggsareal til Dravlaus Ytre, gnr. 149 bnr. 4.

Gnr. 147 bnr. 1 har eit totalareal på ca. 200 da, der storparten er å rekne som skogsmark.

Overdragar er Bjørg og Kåre Breivik, og kjøpesum er kr. 120 000,-.

Det er elles rimelg grunn til å tru at De har fullgod kjennskap til eigedomen.

Etter konsesjonslova av 31. mai 1974 har Staten på visse vilkår forkjepsrett ved ei slik overdraging for utnytting som tilleggsareal.

Dersom De har trong om tilleggsareal og De ønskjer at Staten skal gripe inn ved overdraginga og gjere sin forkjepsrett gjeldande til fordel for Dykk, må skriftleg melding om dette gjevast til jordbruksetaten i Volda innan 12. september.

Vi minner om at dersom Staten nyttar forkjepsretten, må overtakaren av eigedomen rekne med å måtte dekkje alle utgifter Staten har hatt i samband med overdraginga.

Sign. (Lbn.)

Sign. (Fl.st.)

Utskrift sendt til:

MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side

side 4

Landbruksnemnda		Fylkeslandbruksstyre	
		Møre og Romsdal	
Møte	Sak	Møte	Sak
		25.02.87	92/87
Reg.nr.	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak
		15198646 KVA	

I samsvar med gjeldande reglar er dette skrivet sendt alle gardbrukarar i rimelg. nærleik av gnr. 147 bnr. 1."

Tre eigarar av gardsbruk har meldt frå om at dei er interessert i eigedommen som tilleggsjord. Desse er:

- Lina og Kåre Myren, eigar av Dravlaus Indre, gnr. 146 bnr. 1.
- Jakob Garen, eigar av Dravlaus Indre, gnr. 146 bnr. 2.
- Tore Brenne, eigar av Dravlaus Indre, gnr. 146 bnr. 3.

Om bruka til nemnde interessentar kan eg kort gi slik orientering:

Gnr. 146 bnr. 1 (Lina og Kåre Myren).

Jordbruksareal ca 63 da. Av dette er ca 38 da fulldyrka og ca 25 da gjødsla beite. Bruket har lite dyrkingsjord, men ein del produktiv barskog (minst 200 da skogsareal).

Driftsforma er mjølkeproduksjon og svinehald.

Det vert f.t. leigt ca 28 da som tilleggsjord. Eigedommen vert driven som familiebruk (Normert arbeidsforbruk 2,4 årsverk).

Gnr. 146 bnr. 2 (Jakob Garen).

Jordbruksareal ca 35 da, alt fulldyrka. Ikkje nemnande dyrkingsjord. Skogsareal ca 200 da. Leigeareal f.t. ca

Sign. (Lbn.)

Sign. (Fl.st.)

Utskrift sendt til:

MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side

side 5

Landsbruksnemnda		Fylkeslandbruksstyre	
		Møre og Romsdal	
Møte	Sak	Møte	Sak
		25.02.87	92/87
Reg nr	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak
		15198646 KVA	

20 da som tilleggsjord. Driftsforma er sauehald og eigaren har arbeid utanom bruket.

Gnr. 146 bnr. 3 (Tore Brenne).

Jordbruksareal ca 64 da. Herav ca 44 da fulldyrka og ca 20 da beite. Bruket er litt dyrkingsjord. Skogsarealet er kring 200 da.

Driftsforma er mjølkeproduksjon med eggproduksjon som tilleggsproduksjon.

Eigaren har anna arbeid ved sida av gardsdrifta.

Alle dei nemnde bruka har kvar på sin måte trong om tilleggsjord.

Gnr. 147 bnr. 1 er helst å rekne som ein skogseigedom. Rett nok kan ein del oppdyrkast, og såleis bli nytta til jordbruksproduksjon. Det må likevel vere fornuftig å la eigedomen gå som tilleggsjord.

Når det no er inngått avtale om overdraging av gnr. 147 bnr. 1 som tileggsjord til Marit og Steinar Drabløs, synest det å måtte vere sers tuntuvegande grunnar tilstades for at Staten v/ fylkeslandbruksstyret skal nytte forkjøpsretten til fordel for andre tilleggsjordsøkjarar. Så sterke grunnar synest ikkje å vere til stades.

Sign. (Lbn.)

Sign. (Fl.st.)

Utskrift sendt til:

MØTEBOK

Lbn / Fl.st.

Side

side 6

Landbruksnemnda		Fylkeslandbruksstyre	
		Møre og Romsdal	
Møte	Sak	Møte	Sak
		28.02.87	92/87
Reg.nr.	Tidl sak	Reg.nr.	Tidl. sak
		15198646 KVA	

Etter mi vurdering er kjøpesummen noko for høg, men eg finn likevel ikkje på det grunnlag å gå imot at søkjaren får konsesjon.

Heradsskogmeisteren sin merknad:

Ser ein på dei 200 da under eitt, er det meste mark med sær s høg, og høg bonitet. Men ein del av arealet er og svakare mark. tildels impediment. Dette gjeld særleg ein del av ryggen mot Dravlausdalen.

Det er ein del eldre bærskog på bruket, som skogholt og enkelttre av gran og lerk, men på det meste av arealet står det lauvskog. Den ståande kubikk-massa er svært variabel.

Det er naturleg at arealet får vegutløysing til skogsvegen som går fram gjennom dalen. Slik vegtilkomst er det og delvis i dag. Denne veggen er no under omlegging og vil då ligge godt til rette for vidare vegutløysing av bruk 147/1.

Arronderinga av bruk 147/1 og framtidig vegtilkomst gjer at ingen av søkjaraane peikar seg spesielt ut for å få bruket som tilleggsjord når ein ser på det som skogsmark. Eg finn difor ingen grunn for å gå mot konsesjon som omsøkt.

Sign. (Lbn.)

Sign. (Fl.st.)

Utskrift sendt til:

MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side

side 7

Landbruksnemnda		Fylkeslandbruksstyre Møre og Romsdal	
Møte	Sak	Møte 25.02.87	Sak 92/87
Rng nr	Tidl. sak	Reg.nr. 15198646 KVA	Tidl. sak

Framlegg til vedtak:

Landbruksnemnda sluttar seg til den vurderinga som er gjord ovánfor og vil rá til at Staten sin forkjøpsrett ikkje vert nytta ved overdraginga av gnr. 147 bnr. 1.

Nemnda meiner også at kjøpesummen er i høgste laget, men rár likevel til at det vert gitt konsesjon i samsvar med søknaden.

Vedtak samrøystes:

Tilrådinga vert vedteken."

Saka vart deretter handsama av formannskapet i Volda i møte den 12.01.87. Formannskapet har samrøystes tilrådd at Marit og Steinar Drabløs gis konsesjon for erverv av eigedomen Dravlauslid. Brevna frå dei 3 jordsøkjarane, sist frå Lina og Kåre Myren dagsett 1.2.87 til fylkeslandbruksstyret vart lagt fram.

Fylkeslandbruksstyret har om enn under noko tvil kome til same resultatet som landbruksnemnda og formannskapet i Volda. Det er etter dei jordsøkjarane som har meldt seg har alle klár trong om tilleggsjord til bruka sine. Dei har og jord som ligg inntil eigedomen som er på sal, og reint arronderingsmessig ligg det såleis godt til rettes

Sign. (Lbn.)

Sign. (Fl.st.)

Utskrift sendt til:

MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side

side 8

Landbruksnemnda		Fylkeslandbruksstyre	
		Møre og Romsdal	
Møte	Sak	Møte	Sak
		25.02.87	92/87
Reg.nr.	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak
		15198646 KVA	

for å nytte eigedommen Dravlauslid som tilleggsareal til eit eller fleire av desse bruka. At bruket til konsesjonssøkjarane er eit svært lite gardsbruk taler og slik fylkeslandbruksstyret ser det for at bruket helst burde gått som tilleggsjord til eit av jordsøkjarane sine eigedomar. Når fylkeslandbruksstyret likevel har funne å ville fylgje tilrådinga som ligg føre frå landbruksnemnda og formannskapet i Volda skyldes dette at det tross alt har gått føre seg ei frivillig jordrasjonalisering med di eigedommen av konsesjonssøkjarane er kjøpt som tilleggsjord. Det bør då liggje føre ei nokså klår overvekt av interesse til fordel for jordsøkjarane om staten skulle nytta sin forkjopsrett til bate for dei. Fylkeslandbruksstyret kan ikkje sjå at det i denne saka ligg føre ei slik klår interesseovervekt. Fylkeslandbruksstyret vil såleis peike på at og Dravlauslid er ein beskjedne landbrukseigedom og at han såleis ikkje betyr noko avgjerande frå eller til reint driftsøkonomisk for bruka til jordsøkjarane. Elles er å nemne at ein helst må sjå på Dravlauslid som ein skogbrukseigedom, og eigedommen kan såleis likegodt nyttast til dette føremålet av konsesjonssøkjarane.

Samrøystes vedtak:

1. Fylkeslandbruksstyret finn med vising til konsesjonslova av 31.05.1974, § 21, jfr. § 1 ikkje å ville nytta staten sin forkjopsrett ved salet av eigedommen Dravlauslid gnr. 147 bnr. 1 i Volda til Marit og

Sign. (Lbn.)

Sign. (Fl.st.)

Utskrift sendt til:

MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side

side 9

Landbruksnemnda		Fylkeslandbruksstyre Møre og Romsdal	
Møte	Sak	Møte 15.02.87	Sak 92/87
Reg.nr.	Tidl. sak	Reg.nr. 15198646 KVA	Tidl. sak


Steinar Drabløs.

2. Dersom vedtaket under pkt. 1 vert endeleg gir fylkeslandbruksstyret med vising til konsesjonslova, jfr. kgl. res. av 20.01.1984 IV Marit og Steinar Drabløs konsesjon for erverv av eigedommen Dravlauslid gnr. 147 bnr. 1 i Volda som tilleggsjord til sitt gardsbruk gnr. 149 bnr. 4 i Volda for ein kjøpesum kr. 120.000,-.

Retr utskrift,
Møre og Romsdal fylkeslandbruksstyre, Molde

for fylkeslandbrukssjefen

02.03.87


Knut Kølhoed

Går til:

- REK Tore Brenne, 6133 LAUVSTAD
- " Jakob Caren, 6133 LAUVSTAD
- " Lina og Kåre Myren, 6133 LAUVSTAD

Vi viser til vedlagte orientering om klagerett.

Landbrukskontoret, jordbruksstaten i Volda/
Heradsakogmeisteren i Volda, Svein Røvig, Landbr.ktr. i Ørsta

50.000, 2.B6. e.s. trykk Oslo

Sign. (Lbn.)

Sign. (Fl.st.)

Utskrift sendt til:

MØTEBOK

Landbrukskontoret
 Jordsbruksstyret i Volda
 Lbn./Fl.st. Side

Side 1

Fi 1 ADD 1987

Landbruksnemnda		Fylkeslandbruksstyre	
		Møre og Romsdal	
Møte	Sak	Møte	Sak
		24.03.1987	188/1987
Reg.nr.	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak
		15198646 KVA	

SØKNAD FRÅ MARIT OG STEINAR DRABLØS OM KONSESJON FOR ERVERV AV EIGEDOMEN DRAVLAUSLID, GNR 147 BNR 1 I VOLDA

Fylkeslandbruksstyret handsama i møte 25.02.1987, sak nr. 92/87, ein søknad frå Marit og Steinar Drabløs om konsesjon for erverv av eigedomen Dravlauslid i Volda som tilleggsjord til deira småbruk, gnr. 149 bnr. 4 i Volda. Landbruksnemnda og formannskapet i Volda hadde rådd til søknaden om konsesjon. Det hadde meldt seg tre jordsøkjarar til eigedomen:

Fylkeslandbruksstyret fatta vedtak om ikkje å bruke statleg forkjopsrett i høve overdraginga av eigedomen. For det tilfelle at vedtaket om ikkje å nytta forkjopsrett vart endeleg ga fylkeslandbruksstyret vidare konsesjon til konsesjonssøkjarane.

Ein av dei tre jordsøkjarane, nabobrukarane Lina og Kåre Myren har imidlertid påklaga fylkeslandbruksstyret si avgjerd til Landbruksdepartementet. Det heiter i klaga deira følgjande:

"Me vil våge den påstand at både landbruks og distriktpolitiske hensyn er tilsidesette i denne sak.

Steinar Drabløs som er tilsett ved landbrukskontoret i Volda er både ein dyktig og svært hyggelig person, og at dette trulig er grunn til at Landbruksstyre i Volda har anbefalt hans søknad.

Me meiner at dersom staten ikkje er vilig å nytte forkjopsretten i dette tilfellet, så er heile ordninga med konsesjon forkastelig.

Vårt bruk som er det einaste som vert drive som familjebruk i område, må etter all sansynligheit enten satse på annen tilleggsprudusjon eller slutte, dersom me ikkje kan få kjøpt dette bruket. (sjå vedlegg ang. dette.)

Me vonar difor Landbruksdepartemente er villig til å gripe inn til fordel for oss i dette tilfelle."

o/

Sign. (Lbn)

Sign. (Fl.st.)

Utskrift sendt til:

MØTEBOK

Lbn./Fl.st.

Side

Side 2

Landsbruksnemnda		Fylkeslandbruksstyre Møre og Romsdal	
te	Sak	Møte	Sak
		24.03.1987	188/1987
g.nr.	Tidl. sak	Reg.nr.	Tidl. sak
		15198/46 KVA	

Fylkeslandbruksstyret kan ikkje sjå at det i klaga frå Lina og Kåre Myren er kome til noko nytt moment i denne saka. Som tidlegare peika på ligg Dravlauslid arronderingsmessig betre tilrette som tilleggsjord til klagarane sitt bruk enn som tilleggsjord til konsesjonssøkjjarane. Men Dravlauslid er eit brattlendt bruk med litt overflatedyrka mark, og produksjonspotensialet som ligg i eigedomen er liten.

Rasjonaliseringsgevinsten ved å leggja bruket som tilleggsjord til eit av nabobruka er dimed ikkje så stor - uansett kven som fekk kjøpa eigedomen. Dette forholdet er, som og tidlegare peika på, hovedgrunnen til at fylkeslandbruksstyret - under noko tvil - har kome til at ein ikkje i dette tilfelle ved bruk av statleg forkjøpsrett, bør skiple ei friviljug jordrasjonalisering som tross alt har funne stad. Dravlauslid er etter fylkeslandbruksstyret sitt syn best egna som skogsmark (høg og god bonitet) og kan som sådan like godt nyttast av konsesjonssøkjjarane.


Fylkeslandbruksstyret fastheld vedtaket sitt i sak nr. 92/1987.

Rett utskrift.

30.03.1987

Møre og Romsdal fylkeslandbruksstyre, Molde.

For fylkeslandbruksstyret


Knut Lahnud

Går til:

Landbrukskontoret, jordbruksstaten i Volda.

Heradssekretæren i Volda, Svein Hovåg, landbr.ktr. i Orre.

Lign (Lbn.)

Sign. (Fl.st.)

Utskrift sendt til:



DET KONGELIGE LANDBRUKSDEPARTEMENT

Marit og Steinar Drabløs
Dravlaus
6133 LAUVSTAD

151987 50318 KFI NG/LL

15. april 1987

SALG AV GNR. 147, BNR. 1, DRAVLAUSLID I VOLDA. - KLAGE
OVER AT FORKJØPSRETT IKKE ER NYTTET.

Marit og Steinar Drabløs har 16. juli 1987 søkt om konsesjon på erverv av overnevnte eiendom som de har kjøpt av Bjørg og Kåre Breivik for kr. 120.000.-

Eiendommen er oppgitt til i alt 200 dekar hvorav 10-15 dekar overflatedyrka jord. Eiendommen har ikke vært drevet de siste ca. 30 årene. Den har vært nyttet som beite sammen med omkringliggende utmark. Bebyggelsen på eiendommen består av eldre driftsbygning som ikke har noen bruksverdi, og naust og liten seterbu som er i relativt dårlig forfatning.

Steinar Drabløs er sivilagronom og er ansatt som jordstyretekniker i Volda. Kjøperne skal nytte eiendommen som tilleggsareal til sin egen eiendom gnr. 149, bnr. 4 som de har drevet som støttebruk i syv år. Deres tidligere eiendom er oppgitt til 5 dekar innmark og 70 dekar skog.

Ved landbruksnemndas behandling av saken hadde følgende jordsøkere meldt interesse for eiendommen som tilleggsareal:

Lina og Kåre Myren eier gnr. 146, bnr. 1, som er oppgitt til 38 dekar fulldyrka jord, 25 dekar gjødsla beite og minst 200 dekar skogsareal. I tillegg leies for tiden 28 dekar som tilleggsareal. Deres eiendom drives med mjølkeproduksjon og svinehold og normalt arbeidsforbruk er 2,4 årsverk. Lina og Kåre Myren har i brev til Jordbruksstaten i Volda av 11. september 1986 redegjort nærmere for sitt ønske om at forkjøpsretten nyttes.

Jakob Garen eier gnr. 146, bnr. 2, som er oppgitt til 35 dekar fulldyrka jord og ca. 200 dekar skogsareal. I tillegg leies areal på omlag 20 dekar. Driftsforma er sauehold og eieren har arbeid utenom bruket.

Tore Brenne eier gnr. 146, bnr. 3, som er oppgitt til 44 dekar fulldyrka jord, 20 dekar beite og ca. 200 dekar skogsareal. Driftsforma er mjølk- og eggproduksjon. Eieren har annet arbeid ved siden av gårdsdrifta.

Landbruksnemnda har ikke funnet å ville tilrå bruk av forkjøpsrett og

har videre tilrådd konsesjon til søkerne selv om kjøpesummen menes å være i høyeste laget.

Formannskapet har tilrådd at Marit og Steinar Drabløs får konsesjon på erverv av gnr. 147, bnr. 1, Dravlauslid i Volda.

Lina og Kåre Myren har ved brev av 1. februar 1987 til fylkeslandbruksstyret avgitt merknader til landbruksnemndas innstilling. De har bl. a. anført at de har for lite spredningsareal for gjødsel slik at de må slutte med svinehold dersom de ikke får tilleggsareal. Det er ellers opplyst at det ikke vil by på problem å bygge veg fra deres eiendom til den solgte eiendommen.

Fylkeslandbruksstyret mottok saken fra kommunen 22. januar og behandlet den under møte 25. februar 1987. Etter forslag fra fylkeslandbrukssjefen vedtok fylkeslandbruksstyret ikke å nytte forkjøpsrett. Under forutsetning av at vedtak om ikke å nytte forkjøpsrett blir endelig, har fylkeslandbruksstyret videre i henhold til delegasjonsfullmakt gitt konsesjon til Marit og Steinar Drabløs på erverv av gnr. 147, bnr. 1, Dravlauslid i Volda som tilleggsareal til egen eiendom og etter avtalt pris på kr. 120.000.- Det vises for øvrig til fylkeslandbruksstyrets møtebok som redegjør nærmere for saken.

Fylkeslandbruksstyrets vedtak om ikke å nytte forkjøpsrett er påklaget ved brev av 18. mars 1987 fra Lina og Kåre Myren. Klagerne anfører at Steinar Drabløs er ansatt ved landbrukskontoret og at han er en dyktig og hyggelig fyr, og at dette trolig er grunn til at landbruksnemnda har anbefalt hans søknad. Klagerne viser til tidligere innlegg i saken og mener at det må gripes inn med bruk av forkjøpsrett til fordel for dem.

Fylkeslandbruksstyret behandlet klagen under møte 24. mars 1987. Klageskrivet er inntatt i fylkeslandbruksstyrets møtebok for klagebehandlingen. Fylkeslandbruksstyret fant ikke at klagen ga grunnlag for endring av tidligere vedtak om ikke å nytte forkjøpsrett.

Departementet skal bemerke:

Hvis ikke annet er bestemt, har staten etter konsesjonsloven av 31. mai 1974 § 2 forkjøpsrett ved konsesjonspliktig erverv av fast eiendom. Fylkeslandbruksstyret avgjør om statens forkjøpsrett skal gjøres gjeldende når formålet er på tilgodese jord-, hage- og skogbruksnæringen (landbruksnæringen), jfr. konsesjonslovens § 21. Ved vurderingen av spørsmålet om forkjøpsretten skal nyttes, skal det bl.a. ses hen til jordlovens formålsbestemmelse, jordlovens § 1. Formålet med jordloven er å legge forholdene slik til rette at jordviddene i landet kan bli nyttet på den måten som er mest *gagnlig* for samfunnet og de som har yrket sitt i landbruket. Dersom dette målet ikke kan nås ved frivillige erverv, jfr. jordlovens § 6, kan staten ved bruk av forkjøpsrett hjelpe til med å skaffe jord, beitemark, skog og annen grunn og rettigheter bl.a. til utvidelse av eldre bruk så de kan gi eieren med familie trygge økonomiske kår.

Det må legges til grunn at både konsesjonssøkernes og klagerne eiendom har behov for å få styrket sitt ressursgrunnlag for å få bruk som gir eieren med familie trygge økonomiske kår.

Det har i dette tilfelle skjedd et frivillig rasjonaliseringstiltak ved salget av gnr. 147, bnr. 1, Dravlauslid, som tilleggsareal til

konsesjonssøkernes eiendom gnr. 149, bnr. 4, Dravlaus Ytre.
Departementet kan etter dette ikke se at det er grunnlag for å
underkjenne fylkeslandbruksstyrets vedtak og gripe inn med forkjøp.

Det følger av jordlovens § 6 at forkjøp er et subsidiært virkemiddel i forhold til rasjonaliseringstiltak i samsvar med jordlovens formålsbestemmelse som skjer på frivillig grunnlag. Det legges i denne saken bl. a. vekt på at det vesentlige av den solgte eiendommen består av skogsareal som ikke ville gi stor rasjonaliseringseffekt for klagerens bruk. Skogen kan drives på en samfunnsmessig forsvarlig måte som tilleggsareal til konsesjonssøkernes eiendom. Klagerne hevder at de har brukt ca. 3 ganger mere naturgjødsel enn tilrådelig. En ville bare i liten grad kunne bøte på dette selv om klagerne fikk overta den solgte eiendommen med 10-15 dekar noe vanskelig tilgjengelig overflatedyrka mark. Vilkåret for at forkjøpsrett kan nyttes, er at det må anses rimelig klart at dette gir en bedre landbruksmessig ordning sett i forhold til de hensyn jordloven og konsesjonsloven skal ivareta, enn den ordning som oppnås ved den avtale som er gjort på frivillig grunnlag. Med bakgrunn i enstemmige innstillinger fra landbruksnemnd og formannskap og etter enstemmig vedtak i fylkeslandbruksstyret, anses det ikke rimelig klart at forkjøpsrett gir landbruksmessige fordeler av slik vekt at det er grunn til å gripe inn med forkjøp. Departementet finner for øvrig å måtte ta avstand fra klagerens antagelse om at Landbruksnemndas tilråding har skjedd med bakgrunn i at en av konsesjonssøkerne er ansatt i kommunen.

Departementet har således kommet til at forkjøpsrett ikke skal nyttes i dette tilfellet. Klagen fra Lina og Kåre Myren tas ikke til følge.


Departementet stadfester med dette fylkeslandbruksstyrets vedtak av 25. februar/24. mars 1987 om ikke å nytte forkjøpsrett ved salget av gnr. 147, bnr. 1, Dravlauslid i Volda fra Bjørg og Kåre Breivik til Marit og Steinar Drabløs.

Etter dette er fylkeslandbruksstyrets konsesjonsmeddelelse av 25. februar 1987 til Marit og Steinar Drabløs endelig.

Sakens dokumenter er sendt tilbake til fylkeslandbruksstyret.

Likelydende brev er sendt Marit og Steinar Drabløs, Bjørg og Kåre Breivik og Lina og Kåre Myren.

Etter fullmakt



Karl Normann



Torill Helbye

Saksbeh. N. Gjesvold

Kopi til: Ordføreren i Volda, 6100 Volda

Landbruksnemnda i Volda, 6100 Volda

Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal, 6400 Molde m/dok.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Jørgen Vestgarden

Arkivsak nr.: 2018/85

Arkivkode: K40

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
22/18	Forvaltningsutvalet	06.03.2018
	Formannskapet	13.03.2018

REDUKSJON AV MINSTEAREAL FOR JAKT PÅ HJORT I KOMMUNA

Administrasjonen si tilråding:

På vegne av forvaltningsutvalet gjer Volda kommunestyre vedtak om forskrift om jakt etter hjort og minsteareal i Volda kommune.

§ 1. Det er tillate å jakte etter hjort i Volda kommune.

§ 2. Minsteareal for godkjenning av vald, fellingsløyve og grunnlag fordeling av fellingskvote er 400 da for heile kommunen.

§ 3. Forskrifta trer i kraft straks. Denne forskrifta opphevar frå same tidspunkt fastsett minsteareal for Volda kommune i forskrift 1. april 2002 nr 334 om høve til jakt etter elg, hjort og rådyr.

Fastsett av Volda kommune med heimel i lova av 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt (viltloven) § 16 og forskrift 22. mars 2002 nr 314 om forvaltning av hjortevilt §§ 5 og 6.

Vedleggsliste:

1. Høyringsforlag om endring av minsteareal frå Ørsta kommune, 10.01.18
2. Bjørkedal utmarkslag, 24.01.18
3. Kilsfjord storvald, 25.01.18
4. Nøre Bjørkedal storvald, 26.01.18
5. Åmelfot/Mårstøyl vald, 27.01.18
6. Austefjord storvald, 28.01.18
7. Bjørkedal skogeigarlag, 28.01.18
8. Dalsbygd storvald, 29.01.18
9. Ottar Bjørkedal, 29.01.18

Saksopplysningar/fakta:

Viltansvarleg i Volda tok initiativ til endring av minstearealet i eit høyringsnotat som vart sendt ut 10.01.18. Spørsmålet som vart stilt på høyring:

-Minsteareal vart satt ned frå 700/500 (500 da gjeld Berkneshalvøya t.m Egset/Liaskar) da til 400 da per fellingsløyve. Kan bli gyldig frå 2018.

Dette spørsmålet vart sendt ut på felles høyring 10.januar 2018. Minstearealet har kommunestyret mynde til å vedta i forskrift.

Det har kome inn åtte høyringssvar:

- Bjørkedal utmarkslag: Støttar forslag om nedsett minsteareal.
- Kilsfjord storvald: Støttar forslag om nedsett minsteareal.
- Nøre Bjørkedal storvald: Støttar forslag om nedsett minsteareal.
- Vald 10 Åmelfot/Mårstøyl: Støttar forslag om nedsett minsteareal.
- Austefjord storvald: Ingen innvending mot ei nedsett minsteareal.
- Bjørkedal skogeigarlag: Ikkje tatt stilling til spørsmål om nedsett minsteareal.
- Dalsbygd hjortevald: Støttar forslag om nedsett minsteareal.
- Ottar Bjørkedal: Støttar forslag om nedsett minsteareal.

Vald 7 Liaskar/Egset leverte fråsegn etter fristen, dei ønska ikkje endringar i minstearealet. Det er fleire storvald og vald utan bestandplan som ikkje har levert fråsegn i samband med høyringa.

Etter forskrift om «forvaltning av hjortevilt» skal minstearealet vere fastsett innan 15.mars, altså før årets tildeling av fellingsløyver. Det gjer at ein ev. reduksjon av minstearealet vil få innverknad for jakta 2018.

Det er kommunestyret som har mynde til fastsetje forskrift, så forvaltningsutvalet gir ei tilråding til kommunestyret i denne saka. Fastsetjing av forskrift må skje etter retningslinjene i forvaltningslova § 37-40.

Vurdering og konklusjon:

Frå 2008 er gjennomsnittleg hjortepåkøyrslar 16 dyr i Volda. Talet på påkøyrslar har økt etter at Kvivsvegen opna september i 2012. I 2016 og 2017 vart det påkøyrte høvesvis 26 og 36 hjortar. 26 av dei 36 hjortane som vart påkjørt i 2017 døde av påkøyrsele eller vart avliva seinare. Det er ikkje gjort ei fullverdig kalkyle for kostnader med hjortepåkjørsler, men eitt muleg gjennomsnittleg kostnadsoverslag som er blitt brukt er 50 000,- kroner (Hegland og Hamre 2014). Det vil seie at i 2017 kosta hjortepåkjørsler i Volda 1,3 millionar kroner. Dette er svært høgt og ein er nøydt til å ta grep. Det fyrste ein kan gjere er å endre minstearealet slik at ein tildele fleire løyver og dermed redusere hjortestamma.

I 2017 vart det satt fellingsrekord med 508 skotne hjortar, dette var 21 dyr meir enn den førre rekorden frå 2008. Det var mange vald som skaut heile kvota. På hjortemøte 30. januar 2018 orienterte valdleiarane om status på deira jaktvald. Tilbakemeldingane var observasjon av mykje hjort, meir dyr å sjå vinterstid enn normalt, skader på frukttrær, ungsog og innmark, samt frustrerte bønder. Fleire av valdsleirane sa også at dei kunne skote mykje meir dyr om kvota hadde vore større.

Seks av høyringssvara er positive til nedsetting av minsteareal. Fleire peikar på skader på innmark og ungsogen. Bjørkedal skogeigarlag har ikkje teke eintydig standpunkt i høve minsteareal, men ynskjer ein forvaltning der hjorten ikkje gjer stor skade på ungsogen slik det er i dag. Austefjorden storvald har ingen innvending mot ei nedsettinga av minsteareal,

men meina det er lurt av kommunen å gjere grep slik at ein for større handlingsrom ved tildeling av løyver.

Av 9 vald med bestandplan er det 7 som i dag har fått dispensasjon frå arealkravet. Samla har dei i snitt 504 da/hjorteløyve. For vald utan bestandsplan er det 7 av 12 vald som har dispensasjon frå minstearealet. Samla har dei i snitt 614 da/hjorteløyve. Altså er det 14 av 21 vald som har dispensasjon frå minstearealet. Det er store lokale forskjellar på hjortestamma i kommunen. Nokon vald klarar seg med 700/800 da/løyve, mens andre har så tett hjortestamme at areal ned mot 200 da/løyve kan forsvarast. Ein reduksjon i minstearealet gjer at kommunen kan gi dispensasjon til dei valda som har behov for det og dermed tildele ned til 200 da ved å nytte 50 % regelen i § 7 i forskrift om «forvaltning av hjortevilt». Dette gir kommunen eit mykje større handlingsrom slik at ein tildele fleire løyver der det er behov, men det er dermed heller ikkje sagt at ein skal eller må tildele fleire løyver til alle valda.

Eit minsteareal på 400 da er det same som i Ørsta og gir moglegheiter for samarbeid ved å danne bestandsplanområder på tvers av kommunegrensene.

Konklusjonen er at forvaltningsutvalet vert tilrådd å be Volda kommunestyre om å fastsetje forskrift om nytt minsteareal på 400 da, gjeldande for heile kommune.

Med helsing

Liv Bente Viddal
Seksjonsleiar

Peder Magnus Magnussen
fagansvarleg skogbruk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Landbrukskontoret i Ørsta og Volda v/Peder Magnussen

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Valdleiarar, lag, organisasjoar, m.fl.

Saksnr	Løpenr.	Arkiv	Saksansvarleg	Dato
2018/74	393/2018	K40	PEDMAG	10.01.2018

HØYRING OM REDUKSJON AV MINSTEAREALET FOR HJORT I VOLDA KOMMUNE

Etter fellingsrekord for hjort i 2017 med 509 felte dyr, rapportering om mange trafikkdrepane dyr og beiteskader ser viltforvalter i Volda behovet for å kunne tildele fleire løyver. Løyvene vart tildelt etter minsteareal som i dag er 500 da/700 da, 500 da gjeld Berkneshalvøya t.m. Egset/Liaskar. For å kunne tildele fleire løyver må ein endre minstearealet. Det vert høyrte om dette spørsmålet:

Minstearealet sett ned frå 500 da/700 da til 400 da pr. fellingsløyve. Kan bli gyldig frå 2018.

Høyringsfrist 29. januar 2018.

Etter lokal høyring er det kommunestyret som ev. fastset ny forskrift om minstearealet. Minstearealet skal vere fastsett innan 15.mars, og nytt minsteareal vert derfor gjeldande frå 2018. Kommunen kan fråvike minstearealet med inntil 50 % dvs. med minsteareal på 400 da kan kommunen tildele fellingsløyver ned til 200 da pr. løyve.

Vald, lag, organisasjonar, m.fl. som ynskjer å gi skriftleg uttale i spørsmåla om reduksjon av minstearealet for hjort i Volda kommune, positiv eller negativ, har høve til det. Send uttale til Landbrukskontoret Volda/Ørsta, Dalevegen 6, 6153 Ørsta eller postmottak@orsta.kommune.no; og merk uttalen med saksnr. 2018/74.

Med helsing

Liv Bente Viddal
seksjonsleiar

Peder Magnus Magnussen
fagansvarleg skogbruk

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Bjørkedal Utmarkslag

v/ Per Kåre Helset

Nørdalsvegen 84

6120 FOLKESTAD

Landbrukskontoret Ørsta Volda

v/ Viltforvaltar Peder Magnussen

6153 Ørsta

Bjørkedal 24. jan. 2018

Saksnr. 2018/74

Uttale vedk. framlegg om reduksjon av minstearealet for hjort i Volda kommune frå vald nr. 1519V0003.

Styret i valdet har drøfta framlegget om reduksjon av minstearealet for hjort til 400 da pr. fellingsløyve. Det er mange moment som talar for at ein slik redusjon er formålsteneleg og forsvarleg.

I valdet vårt har vi registrert ein vesentleg i auke hjortebestanden siste to åra. Både resultatane frå vårteljingane og observasjonar frå jakta (j.f.r. «sett hjort skjema») og no utover vinteren, tilseier at her er større bestand enn nokon gong før.

I samband med arbeidet med ny 5-års- bestandsplan for valdet, har vi tidlegare peika på at det ikkje er ynskjeleg at stammen vert vesentleg større, med tanke på auka beitepress på innmark og fare for større skade på ungsog.

Etter ei samla vurdering, vil utmarkslaget tilrå at kommunestyret fastset ny forskrift som inneber eit minsteareal 400 da pr. fellingsløyve.

Helsing

Bjørkedal Utmarkslag

Per Kåre Helset, leiar

Fra: Oddbjørn Følsvik[oddbjorn.folsvik@gmail.com] Sendt: 25.01.2018 20:36:00 Til: Peder Magnussen Kopi: leif.rov@bkk.no; Tor Erik Bjørneseth; Harald Søvik Tittel: Re: Endring av minstereal for hjort saksnr. 2018/74. høyring om redusert areal for tildeling av hjorteløyve Volda kommune.

Kilsfjord Storvald er positive til eit redusert areal pr hjorteløyve etter rekordavskyting i 2017 i tillegg til ei jamn og god utvikling i hjortebestanden siste åra.

Med tanke på at arealendringa kan medføre ei mulighet for ei stor auke i antall løyver, så tek vi et forbehold om at vi gjennom vår komande forvaltningsplan kan kome til å avvike frå minstearealet med en plan med færre fellingsløyve. Dette kjem vi tilbake til.

For Kilsfjord Storvald
Oddbjørn Følsvik
M:95793707
[E:oddbjorn.folsvik@gmail.com](mailto:oddbjorn.folsvik@gmail.com)

2018-01-10 17:39 GMT+01:00 Peder Magnussen <peder.magnussen@orsta.kommune.no>:

Hei,

Her kjem høyring om reduksjon av minstearealet for hjort i Volda.

Kan opplyse om at det vart satt fellingsrekord i 2017 med 509 felte hjort i Volda.

Helsing

Peder Magnussen

[Skogbruksansvarleg](#)

[Kultur og landbruk](#)

Direkte 70049615

Mobil 45282680

E-post peder.magnussen@orsta.kommune.no

Web www.orsta.kommune.no



ØRSTA KOMMUNE

--

med venleg helsing
Oddbjørn Følsvik

Fra: Jan Roger Bjørkedal 1[jrb@mimer.no]
Sendt: 26.01.2018 09:16:00
Til: Ørsta postmottak
Kopi: Jan Roger Bjørkedal
Tittel: Svar på høyring om reduksjon av minstearealet for hjort Volda kommune

Nøre Bjørkedal Valdnr. 1519V0012
V/ Jan Roger Bjørkedal
Olavsgt 19
6153 Ørsta

Landbrukskontoret Ørsta Volda
Dalevegen 6
6153 Ørsta.

26.01.2018

Saksnr
2818/74

Høringsuttalelse om reduksjon av minstearealet for hjort i Volda kommune

Jaktstyret i Nøre Bjørkedal Valdnr. 1519V0012 ser positivt på og sette ned minstearealet til 400 da pr. fellingsløyve.

Dette på grunn av stor og økande hjortestamme som medfører beiteskader på innmark Og ungsog.

Vi ser at mengde hjort som er i område vinterstid er økande, også etter 100 % avskyting 2 år på rad. For og kunne forvalte ei veksande hjortestamme ser vi positivt på tiltaket.

Med helsing

Jan Roger Bjørkedal
Jaktstyret/ Leiar

Sendt fra min iPad

Fra: edvin-ma[edvin-ma@tussa.com]
Sendt: 27.01.2018 11:26:08
Til: Peder Magnussen
Tittel: Saksnr. 2018/74 Nedsetting av minsteareal

Saksnr 2018/74 Nedsetting av minsteareal.

Vald nummer 1519V0010 stiller seg svært positiv til å sette ned minstearealet for hjotejakta i Volda kommune.

Forslaget om å sette den til 400 da pr. fellingsløyve er me også positive til.

Trur det er viktig at me no første året, øker kvota betraktelig, for å prøve å snu økninga.

Det er også viktig å stimulere jaktlaga/ felta til å drive aktiv jakt, for å oppnå best mulig resultat.

Mvh. Edvin Mårstøl

Valdleiar
Åmelfot ytre/Mårstøl

Austefjord Storvald

Tormod Slåttelid

Sak nr:2018/74

Landbrukskontoret Volda Kommune

Peder Magnusen

Endring av minsteareal for tildeling av hjorteløyver.

Austefjord Storvald Har ingen innvendinger mot ei nedsetting av minstearealet for tildeling av jaktløyver på hjort. Vi ser det er lagt opp til ei stor prosentvis nedsetting, om det er aktuelt med ei liknande økning i avskyting pr. i dag er vi usikker på. Men det vil heilt klart gi kommuna/viltmynde eit mykkje større handlingsrom i tildeling av løyver i framtida, det kan vise seg lurt sett i lys av siste års fellingsresultat og antall påkjørte dyr.

Austefjord Storvald

Tormod Slåttelid

Bjørkedal skogeigarlag

Bjørkedal

6120 Folkestad

28.01.18

Landbrukskontoret Volda Ørsta

Saksnr. 2018/74

Høyring om reduksjon av minstearealet for hjort i Volda kommune

Bjørkedal skogeigarlag har i denne saka ikkje teke noko eintydig standpunkt i høve til krav om areal pr. dyr. Vi vil likevel be om at det i forvaltninga av hjortestammen vert fylgt med på at stammen ikkje vert så stor at han gjer mykje skade. Slik det er i dag ser vi betydelege beiteskadar på ungskog av furu i område der hjorten overvintrar. Dette må takast med i vurderinga når kvoter vert tildelte og hjortestammen skal regulerast.

Helsing

for Bjørkedal skogeigarlag

Erlend Helset

Dalsbygd Hjortevald
Dalsbygd
6120 Folkestad

Landbrukskontoret Volda / Ørsta
Dalevegen 6
6153 Ørsta

Sendast slik: postmottak@orsta.kommune.no peder.magnussen@orsta.kommune.no

Att: Peder Magnus Magnussen

Vedk. uttale om reduksjon av minstearealet for hjort i Volda kommune.

Viser til brev datert 10.01.2018 med saksnummer 2018/74 og kjem med slik uttale i saka.


Dalsbygd hjortevald har gjennom fleire år hatt auke i antall hjortedyr, dette sjølv om avskytinga har vore god. Viser for øvrig til hjortetellingane som har vore.

Den auka som har vore i antall hjortedyr viser igjen på beiteskader. Beiteskadane er vesentlege og svært negativt for dei som driv aktivt gardsbruka.

Dalsbygd hjortevald oppmodar Volda kommune til å sette ned minstearealet i samsvar med forslaget til 400 da pr. fellingsløyve.

Mvh

Dalsbygd hjortevald



Per Arne Dahle

Leiar

Fra: Ottar Bjørkedal[ottarbjorkedal@gmail.com] Sendt: 29.01.2018 22:44:05 Til: Ørsta postmottak Tittel: Høyring om reduksjon av minsteareal for hjort i Volda kommune – saksnr. 2018/74
Til Landbrukskontoret Volda/Ørsta

Viser til Landbrukskontoret Volda/Ørsta sitt framlegg om å redusere minstearealet for tildeling av fellingsløyve for hjort til 400 da per løyve, og vil med dette støtte det forslaget.

Bakgrunnen for dette er dei store hjorteskadene vi ser på på grasavlingane og i skogen. Vi kan ikkje talfeste omfanget, men ser mykje barkskrelling på ungfuru og på gran, og i dei mest utsette områda er meir eller mindre alle trea skadde. På grasareala ser vi også mykje beiting av hjort meir eller mindre heile året, og på eigen gard har vi areal der hjorten dei siste 10-15 åra har rasert andreslåttent totalt. Så for økonomien i jordbruket og for framtidsskogen vil dette vere eit godt tiltak.

Med helsing

Ottar A. Bjørkedal
grunneigar gn/bn 91/3 i volda



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Edvin Løfoll

Arkivsak nr.: 2017/2461

Arkivkode: Q14

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
23/18	Forvaltningsutvalet	06.03.2018

MIDLERTIDIG OG PERMANENT REDUKSJON AV TILLETEN TOTALVEKT PÅ HÅSKJOLDVEGEN - YTRESTØYLEN

Administrasjonen si tilråding:

Håskjoldvegen og Ytrestøylen får innført redusert totalvekt i perioden mars – juni til maksimalt 30tonn tilleten totalvekt. Dette gjeld frå kryss mot vegen Furene, til RV 653, Eiksundvegen. Den same strekninga får endra vegklasse permanent til BK8, med tillaten totalvekt 32tonn. Dette vert meldt inn til nasjonale veglister.

Vedleggsliste:

Kart som syner den aktuelle vegstrekninga.

Saksopplysningar/fakta:

Volda kommune har registrert mykje tung transport på vegstrekninga Håskjoldvegen – Ytrestøylen. Det er ikkje lenge sidan vegen vart stelt til att med ny asfalt, berre nokre få år. Asfalten er no i ferd med å krakelere og fleire stader har vegen allereie teke til å smuldre opp. Det er liten tvil om at vegen ikkje tåler den bruken som er på den i dag.

Vegen er i dag definert som BKT8, med tilleten totalvekt på 50 tonn. Kommunalteknisk har vurdert om vegen bør endrast permanent til BK8, med tillaten totalvekt 32 tonn. Dette vert truleg innført.

For å redusere skadene no i teleløysinga, ser kommunalteknisk det som eit godt alternativ å innføre mellombels reduksjon i tillaten totalvekt til 30 tonn for enkeltvogn og vogntog. Dette vil sjølv sagt ikkje hjelpe noko i høve skadar som allereie har kome, men vil truleg dempe mengda av skader no i teleløysinga framover våren.

Det tek normalt litt tid før vegar som får endra bruksklasse vert registrerte i dei nasjonale veglistene. Dette er difor endå eit argument for å innføre mellombels reduksjon i tilleten totalvekt. Kommunalteknisk vil melde inn ny bruksklasse med det fyrste.

Kommunalteknisk har undersøkt med naudetatar og VØR vedkomande deira behov i høve totalvekt. Det er ingenting som tyder på at dette vert utfordrande for dei. Ein kan ikkje sjå at dette medfører større ulemper for anna verksemd som naturleg nyttar vegane. Det må i så fall vere tømmer transport eller liknande. Då har kommunen høve til å gje dispensasjon på vinterstid og med tele i bakken.

Kommunen har og fått inn fleire meldingar frå innbyggjarar/naboar til vegen som er svært uroa for mykje tung transport og syner til øydelegging av fast dekke.

Helse og miljøkonsekvensar:

Lite konsekvensar, men noko positivt for innbyggjarane i området i form av mindre støy og tung transport.

Økonomiske konsekvensar:

Små konsekvensar.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Lite eller ingen konsekvensar

Vurdering og konklusjon:

Håskjoldvegen og Ytrestøylen får innført redusert totalvekt i perioden mars – juni til maksimalt 30tonn tilleten totalvekt. Dette gjeld frå kryss mot vegen Furene, til RV 653, Eiksundvegen. Den same strekninga får endra vegklasse permanent til BK8, med tillaten totalvekt 32tonn. Dette vert meldt inn til nasjonale veglister.


Rune Totland
teknisk sjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

Volda kommune



 = DEN AKTUELLE VEGSTREKNINGA

21.02.2018
Edvin Høfoll



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2017/971

Arkivkode: ...

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
24/18	Forvaltningsutvalet	06.03.2018

GBR 164/1 OG 2 - FLYTTING OG FORLENGING AV EKSISTERANDE MOLO - DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN - MARINE HARVEST

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet viser til søknad, gjennomført høyring og vurdering i saka, og finn med heimel i plan og bygningslova §19-2 å kunne gje dispensasjon frå gjeldande arealbruk i kommuneplan, og plan og bygningslova §1-8, for omsøkte tiltak slik det går fram av søknad av 12.12.2017 med tilhøyrande vedlegg, og på fylgjande vilkår:

- Tiltakshavar pliktar å gje melding til Bergen museum/M.R. Fylkeskommune dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Forvaltningsutvalet viser elles i høve saka til at gjennomføring av tiltaket er søknadspliktig tiltak/ krev særskilt løyve, sett i høve til:

- Plan og bygningslova, jf. Kap. 20.
- Havne- og farvannsloven §27

Viss tiltaket inneber mudring er krav om særskilt løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6 frå Fylkesmannen.

Vedleggsliste:

Søknad om dispensasjon med vedlegg
ROS-skjema.
Innspeil ved høyring

Uprenta saksvedlegg:

Gjeldande kommuneplan for området.
Rasvurdering.

Saksopplysningar/fakta:

Marine Harvest as har i samråd med grunneigar Anders Telset, eigar av G/Bnr 164 1 og 2, søkt dispensasjon frå kommuneplan og plan og bygningslova §1-8 for utbygging av hamn. Tiltaket ligg ved Telset på Lauvstad og området er i gjeldande plan, kystzoneplan, vist som LNF- område sone A, med forbod mot tiltak som ikkje går inn under landbruksnæringa. Arealet ligg og innanfor strandsona og tiltaket kjem inn under reglane i pbl §1-8. I søknaden heiter det:

Grunneier Anders Te Iset søker herved" dispensasjon etter plan- og bygningslovens §19-1, §1-8 og §12-14 til å flytte og oppgradere molo.

I tillegg søkes det om å sprengre ut masse i området for å stabilisere hy molo og øke lagringsplassen, se skisserte områder, tegning 26.001.

Det søkes omdisponering av LNF område A. § 1-8 Forbud mot tiltak mv langs sjø og vassdrag. Moloen ligger i strandsonen, men er ikke til hinder for alminnelig ferdsel. Det er tatt hensyn til estetisk utforming og plassering ved utarbeidelse av planene.

Det er behov for mere masse og lagringsplass. Det er ønske om å sprengre ut to områder. Områdene vil ikke hindre alminnelig ferdsel.

Andre ledd i loven gir forbud mot tiltak innenfor 100 meter frå strandlinje, men dette gjelder ikke fasadeendring,

Videre beskrives at forbudet ikke gjelder der kommunen i kommuneplanens arealdel har tillatt opplag som skal tjene til bla a akvakultur. Vi mener oppgradering og flytting av eksisterende molo er- en "fasadeendring", samt utviding av lagringsplass er en mindre ending av landskapet og at tiltakets tjenlighet bør veie tungt.

Olexmålinger:

For å kartlegge bunnen og dybdene på en skikkelig måte, leide vi inn Åkerblå. Dette for å sikre oss at området var egnet for å kunne bygge en ny molo lenger ute. I tillegg ønsket vi å kunne beregne hvor mye masse vi trengte til ny molo. Dataene viser et svakt skrående terreng, der det er liten risiko for videre utrasing. (se-vedlegg.5-og 6).

ROS-analyse:

Området er avmerket i kart fra NVE sin kartjeneste som aktsomhetsområde. Det er markert som utløpssone for snøskred og aktsomhet for snø og steinsprang. Se vedlegg 9. Sjekkliste ROS

Vi er derfor pålagt og vurdere om arealformålet har tilstrekkelig trygghet mot fare eller vesentlig ulempe som følge av natur- eller miljøforhold, jf. plan- og bygningsloven §§ 28-1 og 19-2 tredje ledd. Vi har-derfor leid inn Multiconsult AS for kartlegging av området og blir utført etter retningslinjer gitti TEK 17.

Se vedlegg 10: «10202038-RIGberg-NOT-001- Skredfarekartlegging Lauvstad -Naustvika-Sandvika" for rapport og vedlegg 11: ROS analyse.

Tiltaket er begrenset til masseutsprenging og flytting av molo. Aktiviteten er liten da området stort sett disponeres av Marine Harvest for lokalitet Sandvika og grunneier. Det ligger en lagerhall pluss et bygg for radiokommunikasjon og garderobe/om kledning. Tiltaket fører ikke til økt aktivitet i området."

Grunneigar vil tilfredstille dei krava Marine Harvest, har til landbasen her, for å kunne tilrettelegge for vidare utvikling og drift og ser ikkje at det skulle være nødvendig å legge til kostnadane med reguleringsplan, og at grunnlag for utbygging kan avklarast på ein tilfredsstillande måte gjennom dispensasjonssøknad.

Marine Harvest har understøtta søknaden og har gitt sine behov for tiltak i området, og behov for utviding med fylgjande uttale som vedlegg til søknad:

"Marine Harvest Norway AS, avdeling Sandvika er lokalisert like utenfor Telset på Lauvstad. Her har anlegget drevet siden tidlig 90 tallet. Anlegget er blant de største i Marine Harvest systemet med 5.460 tonn i MTB og har i dag 7 faste stillinger i tillegg til utstrakt bruk av helgevikar og tilkallingshjelpere. Lokaliteten er en av de bedre i Marine Harvest systemet med svært gode oppdrettsforhold og liten eller ingen påvirkning på naturen. Lokalitetens MOM-B og MOM-C prøver (påvirkningsrapporter) har alle beste tilstand. Disse forholdene sammen med et godt produksjonsteam gjør at lokaliteten er en av lokalitetene som Marine Harvest Norway ønsker å oppskalere fremover.

Anlegget består i dag av en landbase (Telset), 9 flyteringer og en oppdrettsflåte. Utstyret er blant det mest moderne, med unntak av anleggets båt. Denne står for utskiftning, men dagens havneforhold (Telset) er til hinder for dette. Innløpet er trangt og grunt. I perioder med ekstremt lav-vann kan vi ikke anløpe/forlate havnen. Nye båter er både større og stikker dypere.

I samråd med Anders Telset jobbes det for en mulighet til å utvide havnen slik at vi kan anløpe denne på en forsvarlig måte med egne og innleide servicebåter. En utviding vil sikre videre drift og vekst for Marine Harvest sin oppdrettsvirksomhet her. Marine Harvest vil bidra etter beste evne der hvor det måtte være behov.

Omfang av tiltaket

Hovedtiltaket er flytting av eksisterende molo ca 15 m utover og den forlenges med ca 10 m. På forespørsel til Kystverket skulle dette være uproblematisk .

I snitt B-B/E-E skal det sprengast ut et område på ca 10 x25 m for å gi masse til moloen og for å gi plass for et lagerbygg for innandørs lagring av utstyr. Dette vil bli søkt om seinare. I snitt C-C/D-D skal også massen brukast til moloen men her skal arealet bli nytta til grovare utstyr som skal lagrast midlertidig.

Tilkomst til anlegget vil ikkje verte berørt av tiltaket.

Samla vil dette gi ei opprydding av området og framstå med den profesjonalitet som næringen krever i dag og fordelene er vesentlig større enn ulempene."

Nabovarsel

Det vil ikkje bli sendt ut nabovarsel då Anders Telset sjølv er nabo på alle kantar.

Trafikkforhold

Avkjørsel frå FV 652, Velsvikvegen, vil ikkje bli berørt, heller ikkje andre trafikale forhold.

Underteikna vil stå som ansvarlig søkar.

P G Tilset, org nr 985396221, vil være PRO og UTF."

Vedlagt søknaden fylgjer ulike situasjonskart og snitt. Eg viser til vedlegg.

Det omsøkte tiltak ligg i område som i kommuneplan er utlagt som LNF-område.

Det er eit etablert naust/hamneområde som har utvikla seg over tid.

I kommunen sitt arkiv finn ein ingen planmessige eller søknadsmessige avklaringar knytt til dei etablerte tiltaka i området.

Den planlagde utvidinga er naudsynt for å sikre vidare drift i området, tilpassa endra behov for infrastruktur og størleik på fartøy/aktivitet, og krav til tryggleik knytt til bruken av området.

Utvidinga er, ut over etablerte tilhøve , av relativt liten i omfang og synest i liten grad å røre ved andre interesser i området.

Då det også hastar å få dette gjennomført, har ein tilrådd at saka kan handsamast som dispensasjon frå plan/plankrav, og plan- og bygningslova sin §1-8 ,-forbud mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag, jf plan og bygningslova kap. 19.

Søknaden om dispensasjon er ut frå dette sendt på høyring. Jf lkommunen sitt oversendingsbrev datert 22.12.2017.

Ved merknadsfrist 10.02.2018, har komunen motteke fylgjande innspel/merknader:

Statens Vegvesen, brev av 15.01.2018

«Tiltaket endrar ikkje vegsituasjonen i området. Statens vegvesen har ut frå sitt ansvarsområde ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon som det vert søkt om.»

Kommentar:

Merknaden gir ikkje grunn til endringar.

Kystverket Midt-Norge, brev av 29.01.2018

«Lova sin §1-8 peikar i første leddet på at det skal takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre almenne interesser. Dette er ingen materiell forbodsregel, men syner oss kva for omsyn som særleg skal vektleggjast, når ein vurderar einskilde tiltak i strandsoneplanar og ved dispensasjon frå byggeforbodet i paragrafen elles og ved dispensasjon frå planar.

Elles ønskjer vi å peike på at tiltaket er søknadspliktig i samsvar med havne- og farvannsloven og krev særleg løyve etter §27 i nemnde lov, samt eige løyve etter plan- og bygningslova. Vi ser det som viktig å peike på vurderingar ikring naturmangfold, miljø og forureining, som ein naturleg del av samla løyve til gjennomføring.

Kystverket har no vurdert søknaden opp mot føremålet i havne- og farvannsloven og har utifrå dette ikkje avgjerande merknadar til at det vert gitt dispensasjon.»

Kommentar:

Det er ikkje registreringar i området som tilseier vesentlege konsekvensar sett i høve til naturmangfold, miljø eller ureining. Kansekvensane av tiltaket vil kun ha lokal påverknad. Vilråda knytt til søknadsplikt knytt til reglane i havne- og farvannsloven §27, samt eige løyve til tiltak etter plan- og bygningslova vert påpeika i tilrådinga i saka.

Merknaden gir ut over dette ikkje grunn til endringar.

NVE- e-post datert 6.02.2018:

«NVE konstaterer at det er gjort vurderingar av fare for skred og ustabile grunnforhold. Multiconsult AS har konkludert at sannsyn for skred i det aktuelle området er vurdert mindre enn 1/5000. NVE har ikkje ytterligare merknader til saka.»

Kommentar:

Merknaden gir ikkje grunn til endringar.

Mattilsynet, Seksjon fisk og dyr Sunnmøre, brev av 04.01.2018:

«Etter det vi kan sjå har Mattilsynet ingen merknadar til dispensasjonen.»

Kommentar:

Merknaden gir ikkje grunn til endringar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, brev av 7.02.2018:

«Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde fylgjande merknader:

Det er eit nokså omfattande tiltak som er omsøkt, og det er også omfattande tiltak som allereie er gjort på staden. Etter vår oppfatning utløyser søknaden krav til utarbeiding av reguleringsplan.

Når det gjeld det sørlegaste masseuttaket, bør det setjast att ein brei nok skalk mot sjøen både av estetiske grunnar og for at ein skal kunne passere her. Vi legg elles til grunn at ein sørgjer for at moloen får ei estetisk god utforming. Tiltaket inneber mudring, og det krever særskilt løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6 frå fylkesmannen.

Konklusjon

Vi viser til merknadene ovanfor, og ber om at det takast omsyn til desse i det vidare arbeidet.»

Kommentar:

Kommunen viser til det utfyllande kart og teikningsdokumentasjon som er lagt til grunn for søknad om dispensasjon og finn at dette gir eit godt grunnlag for å vurdere konsekvensane av tiltaket gjennom dispensasjonssøknad, der omsynet til andre interesser vert vurdert og teke i vare.

At det er eit etablert anlegg, og at drifta vert vidare ført med same formål utan vesentleg utvida bruk gir også grunnlag for at dette kan handsamast som dispensasjon slik søkt om. Eg viser også til at omsynet til ras og tryggleik er ivareteke gjennom eiga fagleg utgreiing som ligg ved søknaden.

Det har heller ikkje gjennom innspela i høyringsfasen kome til vesentlege nye moment som tilseier endra haldning til dette.

Vi legg elles til grunn at at moloen slik vist i søknad og tilhøyrande illustrasjon får ei estetisk god utforming.

Tiltaket inneber muddring, og det krever særskilt løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6 frå fylkesmannen. Jf. Tilrådinga i saka.

Møre og Romsdal fylkeskommune, e-post den 2.02.2018:

«Møre og Romsdal fylkeskommune har ut i frå sine ansvarsområder følgjande merknad. Området har jf. kommunen blitt utvikla over tid uten avklaring i forhold til plan- og bygningslova. At denne saka vert formelt behandla er positivt. Ein kan elles stille spørsmål om ikkje tiltaket er så omfattande at det bør bli behandla gjennom ein formell planprosess, jf. plan- og bygningslova § 12-3 detaljregulering.

Søknaden er sendt til Bergen sjøfartsmuseum for avklaring. Uttalen frå marinarknolog vil bli ettersendt så snart denne føreligg.»

Kommentar:

Eg viser til kommentar ovanfor knytt til merknad frå Fylkesmannen og innspel frå Bergen sjøfartsmuseum.

Merknaden gir ut over det ikkje grunn til endringar.

Bergens Sjøfartsmuseum, epost den 2. februar 2018:

«Museet kjenner ikkje til marine kulturminne ved gbnr 164/1 & 2 i Sandvika på Lauvstad i Volda kommune som kan bli direkte råka av tiltaka. Me har heller ikkje indikasjonar på at område har vært nytta som hamn eller ankringsstad i eldre tider.

Museet har ingen andre merknader til dei planlagde tiltaka.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast.

Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.»

Kommentar:

Merknaden er teke omsyn til i tilråding til vedtak i saka.

Kommuneplanen sin samfunnsdel:

Tiltaket er så langt ein kan sjå ikkje i konflikt med målsettingar i kommuneplanen sin samfunnsdel. Tilrettelegging for næringsverksemd og næringstiltak på bygdene i kommunen er vektlagt som viktig, både i høve til næringsverksemd og busetnad.

Helse og miljøkonsekvensar:

Er avklara gjennom høyring og vilkår knytt til vidare søknadshandsaming.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen kjende økonomiske konsekvensar for kommunen.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Viktig tiltak for tryggleik og beredskap knytt til viktig næringsverksemd i kommunen. Jf. Gjennomført ROS-vurdering.

Vurdering og konklusjon:

Den planlagde utvidinga er naudsynt for å sikre vidare drift i området, tilpassa endra behov for infrastruktur og størleik på fartøy/aktivitet, og krav til tryggleik knytt til bruken av området.

Utvidinga er, ut over etablerte tilhøve, av relativt liten i omfang og synest i liten grad å røre ved andre interesser i området.

Eg viser her til gjennomført høyring og dei innspel i høve dette som ligg føre.

Det er her ikkje kome fram vesentlege nye moment som gir grunn til endra haldning til dette.

Då det også hastar å få dette gjennomført, held ein fast på at saka kan handsamast som dispensasjon frå plan/plankrav, og plan- og bygningslova sin §1-8, -forbud mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag, jf plan og bygningslova kap. 19.

Eg viser elles til tilrådinga i saka og dei vilkår som der er sett.

Jørgen Vestgarden

Utviklingssjef

Per Heltne

Fagansvarleg plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Anders Telset

Marine Harvest as

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE

Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

NVE

Kystverket

Fiskeridirektoratet

Mattilsynet

Bergen Sjøfartsmuseum

Landbrukskontoret Ørsta/ Volda

Volda kommune Teknisk sektor

Klageinstans:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Søknad om flytting og oppgradering av molo på landbruksområde tilhørende Anders Telset, GBNR. - 164/1 og 164/2

Grunneier Anders Telset søker herved dispensasjon etter plan- og bygningslovens §19-1, §1-8 og §12-14 til å flytte og oppgradere molo. I tillegg søkes det om å sprengre ut masse i området for å stabilisere ny molo og øke lagringsplassen, se skisserte områder, tegning 26.001.

§19-1 Fylkesplanlegging

Det søkes om disponering av LNF område A.

§ 1-8 Forbud mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag

Moloen ligger i strandsonen, men er ikke til hinder for alminnelig ferdsel. Det er tatt hensyn til estetisk utforming og plassering ved utarbeidelse av planene.

Det er behov for mere masse og lagringsplass. Det er ønske om å sprengre ut to områder. Områdene vil ikke hindre alminnelig ferdsel.

Andre ledd i loven gir forbud mot tiltak innefor 100 meter fra strandlinje, men dette gjelder ikke fasadeendring. Videre beskrives at forbudet ikke gjelder der kommunen i kommuneplanens arealdel har tillatt opplag som skal tjene til bla. akvakultur. Vi mener oppgradering og flytting av eksisterende molo er en fasadeendring, samt utviding av lagringsplass er en mindre ending av landskapet og at tiltakets tjenlighet bør veie tungt.

§ 12-14 Endring og oppheving av reguleringsplan.

Da det allerede ligger en molo på plassen er dette ei mindre endring.

Områdene som er planlagt utsprengt, ligger i et bratt område der ferdsel ikke er vanlig. Det er for det meste berg og fjell og vi vurderer dette til å ikke være et viktig natur- og friluftsområde.

Olexmålinger:

For å kartlegge bunne og dybdene på en skikkelig måte, leide vi inn Åkerblå. Dette for å sikre oss at området var egnet for å kunne bygge en ny molo lenger ute. I tillegg ønsket vi å kunne beregne hvor mye masse vi trengte til ny molo. Dataene viser et svakt skrående terreng, der det er liten risiko for videre utrasing. (se vedlegg 5 og 6).

ROS-analyse:

Området er avmerket i kart fra NVE sin karttjeneste som aktsomhetesområde. Det er markert som utløpssone for snøskred og aktsomhet for snø og steinsprang. Se vedlegg 9: Sjekkliste ROS

Vi er derfor pålagt og vurdere om arealformålet har tilstrekkelig trygghet mot fare eller vesentlig ulempe som følge av natur- eller miljøforhold, jf. plan- og bygningsloven §§ 28-1 og 19-2 tredje ledd.

Vi har derfor leid inn Multiconsult AS for kartlegging av området og blir utført etter retningslinjer gitt i TEK 17. Se vedlegg 10: «10202038-RIGberg-NOT-001 – Skredfarekartlegging Lauvstad – Naustvika – Sandvika» for rapport og vedlegg 11: ROS analyse.

Tiltaket er begrenset til masseutsprenging og flytting av molo. Aktiviteten i er liten, da området stort sett disponeres av Marine Harvest lokalitet Sandvika og grunneier. Det ligger en lagerhall pluss et bygg for radiokommunikasjon og garderobe/omklodning. Tiltaket fører ikke til økt aktivitet i område.

Begrunnelse:

Grunneier leier ut området til Marine Harvest Norway AS, lokalitet Sandvika. Det er ønske om å flytte moloen lenger ut da plassen er for liten og bassenget er for grunt. Marine Harvest har to arbeids båter, pluss en mindre båt. Den ene båten har ikke plass og må ligge ved sjølokaliteten og er dermed værutsatt. Ved ekstrem lavvann kan en ikke anløpe/forlate havnen. I tillegg er lagringsplass for oppdrettsutstyr begrenset, slik at utstyr blir liggende i veien for ferdsel i området. Det er også ønskelig og kunne laste/losse utstyr på en forsvarlig måte og redusere risikoen for ulykker og skader. Den eksisterende moloen fungerer i dag kun som et vern mot vær og vind og er ikke egnet for å legge til fartøy eller kunne laste/losse utstyr.

Marine Harvest har stor fokus på HMS. Rydding og oppgradering av molo og området rundt vil redusere risikoen for ulykker/skader, lette manøvrering av båter, øke antall muligheten til flere båtplasser og gjøre området bedre egnet til formålet.

Det er planlagt å sprengte vekk to områder. Den nordlige delen er synlig i fra hovedveien og utsprengingen her vil bli begrenset. Dette for å minske høyden på skjæringen til et minimum. Vi ønsker likevel å sprengte ut noe av dette, da det er behov for økt lagringsplass og masse til utfylling for ny molo. Se tegning situasjonsplan og 26.004 (ark.1)

Den sydlige delen er lite synlig fra veien. Her ønsker vi å sprengte ut en større del, likevel er terrenget her ikke så bratt, slik at skjæringen ikke vil bli så høy, beregnet til 7,2 meter. Massen blir brukt til utfylling i sjø og området planert til lagring av utstyr. Se tegning 26.004 (ark. 2)

Dato/underskrift:

12/12 - 17

Per Tore Rekkedal

Per Tore Rekkedal
Marine Harvest, prosjektleder

Dato/underskrift:

12/12 - 17


Anders Telset


Anders Telset
Grunneier

Vedlegg 1: 26.001 Situasjonsplan
Vedlegg 2: 26.003 Plan og snitt, molo Naustvika
Vedlegg 3: 26.004 Plan og snitt, illustrasjon sprengning – Naustvika ark. 1 av 2
Vedlegg 4: 26.004 Plan og snitt, illustrasjon sprengning – Naustvika ark. 2 av 2
Vedlegg 5: 26.005 3D skisse av bunn og fyllingsgrad ny molo
Vedlegg 6: Bunnkartlegging Naustvika – Sandvika landbase
Vedlegg 7: Olex målinger
Vedlegg 8: Olex målinger med beregnet vannvolum
Vedlegg 9: Sjekkliste ROS
Vedlegg 10: 10202038-RIGberg-NOT-001 – Skredfarekartlegging Lauvstad – Naustvika – Sandvika
Vedlegg 11: ROS analyse

Vedlegg G1-1: 5181 Erklæring om ansvarsrett Marine Harvest
Vedlegg G1-2: 5181 Erklæring om ansvarsrett PG Tilseth
Vedlegg G2-1: 5185 Gjennomføringsplan







Snitt sett mot nord




Utskrift fra Norkart AS kartklient


Dato: 05.10.2017

Målestokk: 1:500

Koordinatsystem: UTM 32N



Plan Naustvika








Bilde fra googlemap dagens situasjon



Illustrasjon av hvordan det blir ved utsprenging av masse

Rev./date —	
Scale/Paper size/Drawing nr./ark. 1:500/A3/26.004/ 1 av 2	
Drawing name: Plan og snitt, illustrasjon sprenging – Naustvika	Date: 17.10.2017 Autor: Per Tore Rekkedal
Project name and adress: 26. Naustvika oppgradering av båthavn	Logo:









3D skisse, indikerer masseuttak

Rev./date -	
Scale/Paper size/Drawing nr./ark. 1: 750/A3/26.004/ 2 av 2	
Drawing name: 26.002 Plan og snitt, sprenging og planering – Naustvika	Date: 06.10.2017
Project name and adress: 26. Naustvika oppgradering av båthavn	Autor: Per Tore Rekkedal
Logo: 	

Volume inntenget molo 3509 m³
 Vi beregner ca. 40% av massen kan komme fra den gamle moloen. Det vil si at massebehovet blir ca. 2105 m³



Rev./date —	
Scale/Paper size/Drawing nr./ark. 1: 750/A3/26.005/ 1 av 1	
Drawing name: 26.005 3D skisse av bunn og fyllingsgrad ny molo	Date: 01.11.2017
	Autor: Per Tore Rekkedal
Project name and adress: 26. Naustvika oppgradering av båthavn	Logo: 





Inn Ut Flytt

Dybdekoter 1 2 5 10 20 50 100 Tall

Kartvalg ChartWorld Bakgrunn Kartnavn CD-oversikt ChartWorld-versjoner

Plotterlag <<< >>> Flåte Strøm B-und Grabb Strøk OH Fri Strandsone Separasjonslag C-undersøkelser Periode << >> Alle år Høyre museknapp endrer navn



Valgt areal
112 meter

Autonav Senter
Endre Ferdig

Siste posisjon er fra 31/10-2017 09:22:21

Objekter		Ekspert	Volum
Flåte			Strøk
OH	Fri		undersøkelser
Rød			Sort
Rute			Areal
Skift retning			Fjern alt
Volumberegning			
Vått areal	275 m2		
Vannvolum	833 m3		
Middeldybde	3.03 meter		
Terrengvolum	Ikke kalkulert		
Dybdeområde	0 til 9999 meter		
Tidspunkt	31/10-2017 11:09:17		
Øvre dybde	0		
Nedre dybde	9999		
Beregn!		Avbryt	

Dybdekoter 1 2 5 10 20 50 100 Tall

Kartvalg ChartWorld Bakgrunn Kartnavn CD-oversikt ChartWorld-versjoner

Plotterlag <<< >>> Flåte Strøm B-und Grabb Strøk OH Fri Strandsone Separasjonslag C-undersøkelser Periode << >> Alle år Høyre museknapp endrer navn

BAKGRUNN

I henhold til LOV 2008-06-27 nr 71 (Plan- og bygningsloven) § 4-3 skal det utarbeides risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse) for i arealplanleggingen.

KORT SITUASJONSBEKRIVELSE

Planforslaget omfatter inngrep for områder på Naustvika i Volda kommune

SAMMENDRAG - DE VIKTIGSTE UØNSKETE HENDELSENE

Gjennomgangen av risikofaktorene viser at område ligger innenfor aktsomhetsområde for snø og steinsprang. I tillegg ligger område i utkanten av potensielt jord- og flomskred (aktsomhet).

De viktigste uønskete hendelsene for planen vil være snøras som vil kunne berøre allerede etablerte bygninger i område.

BESKRIVELSE AV METODE

Analysen er gjennomført i hht sjekklister fra, <https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Samfunnstryggleik-og-beredskap/Arealplanlegging/Sjekklister/>.

Mulige uønskede hendelser er ut fra en vurdering sortert i hendelser som kan påvirke planområdets funksjon som trafikkområde, boligområde, friområde, og hendelser som direkte kan påvirke omgivelsene/miljøet (henholdsvis konsekvenser for og konsekvenser av planen).

Vurdering av **sannsynlighet** for uønsket hendelse er delt i:

Meget sannsynlig (4)	kan skje regelmessig; hendelsen inntreffer mer enn en gang hvert år
Sannsynlig (3)	kan skje av og til; hendelsen inntreffer mellom en gang hvert år og en gang hvert 10. år
Mindre sannsynlig (2)	kan skje; hendelsen inntreffer mellom en gang hvert 10. år og hvert 50. år
Lite sannsynlig (1)	hendelsen er ikke kjent fra tilsvarende situasjoner/forhold; inntreffer mindre enn en gang hvert 50. år

ROS-analyse for Nautvika

Kriteriene for å vurdere **konsekvenser** for uønskete hendelser er delt i:

	Personskade	Miljøskade	Skade på eiendom, forsyning m.m.
Ubetydelig/ufarlig (1)	Ingen personskader miljøskader, kun mindre forsinkelser;	Ingen miljøskader, kun mindre forsinkelser	Systembrudd er uvesentlig/midlertidig. Ikke behov for reservesystemer
Mindre alvorlig/en viss fare (2)	Ingen eller få/små personskader	Ingen eller få/små miljøskader	Systembrudd kan føre til skade dersom reservesystem/ alternativer ikke fins. Omkostninger opp til NOK 3 millioner.
Alvorlig/farlig (3)	Inntil 4 døde og /eller få men alvorlig (behandlingskrevende) personskader	Større skader på miljøet med opptil 10 års restaurering	System settes ut av drift over lengre tid (flere døgn). Omkostninger opp til NOK 30 millioner.
Meget alvorlig/meget farlig (4)	Under 25 døde og/eller inntil 10 farlige skader, mange alvorlige og lettere skader.	Alvorlige skader på miljøet med opptil 25 års restaurering.	Systemer settes ut av drift over lengre tid; andre avhengige systemer rammes midlertidig. Omkostninger opp til NOK 500 millioner.
Katastrofalt (5)	Over 25 døde og/eller mer enn 10 farlige skader og et stort antall andre skader.	Meget alvorlige og omfattende skader på miljøet med over 25 års restaurering.	Hoved- og avhengige systemer settes permanent ut av drift. Omkostninger over NOK 500 millioner.

Karakteristikk av risiko som funksjon av sannsynlighet og konsekvens er gitt etter tabell 1.

Tabell 1 Matrise for risikovurdering

Konsekvens:	1. Ubetydelig	2. Mindre alvorlig	3. Alvorlig	4. Meget alvorlig/ meget farlig	5. Katastrofalt
Sannsynlighet:					
4. Meget sannsynlig					
3. Sannsynlig					
2. Mindre sannsynlig					
1. Lite sannsynlig					

- Hendelser i røde felt: Tiltak nødvendig
- Hendelser i gule felt: Tiltak vurderes ut fra kostnad i fht nytte
- Hendelser i grønne felt :” Billige” tiltak gjennomføres

UØNSKETE HENDELSER, KONSEKVENSER OG TILTAK

Tenkelige hendelser, risikovurdering og mulige tiltak er sammenfattet i følgende tabell. Alle punktene i sjekklisten er vurdert, se Sjekkliste ROS.

De punktene som er vurdert kikket nærmere på er:

1. [1a] Naturgitte forhold a, «er område utsett for snø-, flaum-, jord- og / eller steinskred
2. [1e] Naturgitte forhold e, «Naturgitte forhold e, «Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?

Tabell 2 Matrise for risikovurdering med hendelsesnummer

Konsekvens: Sannsynlighet:	1. Ubetydelig	2. Mindre alvorlig	3. Alvorlig	4. Meget alvorlig/ meget farlig	5. Katastrofalt
4. Meget sannsynlig					
3. Sannsynlig					
2. Mindre sannsynlig					
1. Lite sannsynlig		1a, 1e			

- Hendelser i røde felt: Tiltak nødvendig
- Hendelser i gule felt: Tiltak vurderes ut fra kostnad i fht nytte
- Hendelser i grønne felt: "Billige" tiltak gjennomføres

OPPSUMMERING MED SPESIFISERING/TILTAK

Gjennomgangen av risikofaktorene viser at det er ingen eller lite behov for tiltak. Det er ikke observert ras eller steinsprang i område (historiske data). Analysen utført av Multiconsult viser at sannsynligheten for snøskred, steinsprang og jord- og flomskred er mindre enn 1/5000. Tiltakene som er tenkt gjennomført forandrer ikke alvorlighetsfaktoren (konsekvens) ved en eventuell hendelse.

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 15.12.2016

Plan- og bygningslova § 28-1 fastset krav om sikker byggegrunn, og § 4-3 fastset krav om risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplanlegginga.

Føremålet er å gje grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur, materielle verdiar mv. Risiko og sårbarheit kan ligge i arealet slik det er frå naturen si side (flaum- og skredfare, radonstråling mv.). Risiko og sårbarheit kan òg oppstå som ei følgje av arealbruken – i og utanfor det aktuelle planområdet.

Planstyresmakta pliktar å sjå til at risiko- og sårbarheitsanalyse vert gjennomført.

Klimaendringane er forventa å påverke framtidig risiko og sårbarheit, og ROS-analysen må difor vurdere konsekvensar av klimaendringane. Fylkesmannen har lagt ved nokre sjekkpunktar på siste side i dette dokumentet som kan vere til hjelp når klimatilpassing skal vurderast.

Bruk av sjekklista

Denne sjekklista er utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Sjekklista kan tene som utgangspunkt for, og oppsummering av, risiko og sårbarheit i arealplansaker. *Sjekklista er ikkje i seg sjølv ein ROS-analyse.* For å kvittere ut spørsmåla i sjekklista, må det gjerast sjølvstendige vurderingar. Dersom ein er usikker på om det føreligg risiko, skal det hentast inn fagkyndig vurdering. Alle står fritt til å tilpasse sjekklista til eige behov.

Som utgangspunkt meiner Fylkesmannen i Møre og Romsdal at sjekklista gjev størst nytte i mindre arealplansaker (detaljregulering, reguleringsendring, mindre områderegulering). I slike saker der risiko eller sårbarheit *ikkje* vert avdekt, kan utfylt sjekkliste og kommentarar gå inn i saka som dokumentasjon av risiko og sårbarheit. Dersom risiko eller sårbarheit *vert* avdekt, må dette visast i sjekklista, saman med utfyllande vurdering av avdekte forhold. Sjekklista kan under same føresetnad brukast i byggesaker og dispensasjonssaker, jf. krava i pbl. § 28-1.

Sjekklista er mindre eigna til å dokumentere samansett risiko og sårbarheit i større arealplanar (områderegulering, kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar).

Fylkesmannen har samla dokument og lenkjer til bruk i arealplanlegginga her:

<http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Samfunnstryggleik-og-beredskap/Arealplanlegging/>

GisLink gjev tilgang til kart- og faginformatjon til bruk i arealplanlegginga:

<http://www.gislink.no>

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Namn på tiltak/plan: Søknad om flytting og oppgradering av molo på landbruksområde tilhørende Anders Telset, GBNR. - 164/1 og 164/2

	Er det knytt risiko til følgjande element? <i>Dersom JA - kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg. Grunngje NEI etter behov.</i>	Ja	Nei	Kommentar	
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?	x		Ligger innefor potensielt skredfare område «snø og steinskred» farevurdering 1, ref. www.gislink.no/ROS_MR/
	B	Er området utsett for større fjellskred?		x	
	c	Er det fare for flodbølger som følge av fjellskred i vatn/sjø?		x	
	d	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?		x	
	e	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følge moglege av klimaendringar?	x		Ligger innefor potensielt skredfare område «andre løsmasseskred», ref. www.gislink.no/ROS_MR/
	f	Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekker, overfløyning i kjellar osv?		x	
	g	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?		x	
	H	Er området sårbart for ekstremvêr/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følge av endra klima?		x	
	I	Treng det takast særskilte omsyn til radon?		x	
	j	Anna (Spesifiser)?			

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar	
Omgjevnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?		x	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjør spesiell fare (stup etc.)?		x	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyning i lågareliggande område?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar	
Vassforsyning	a	Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?		x	
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatn, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?		x	
	c	Anna (spesifiser)?			
Kraftforsyning	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar	

	a	Er området påverka av magnetfelt over 0,4μT frå høgspenlinjer?		x	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?		x	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningsstryggleiken i området?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Samferdsel	a	Er det kjente ulukkespunkt på transportnett i området?		x	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?		x	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		x	
	d	Kan området bli isolert som følge av blokkert infrastruktur, eks som følge av naturhendelser?		x	
	e	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Miljø/ Landbruk	a	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake forureining i form av lyd, lukt eller støv?		x	
	b	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake fare for akutt eller permanent forureining i området?		x	
	c	Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?		x	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?		x	
	c	Industriverksemd eller aktivitetar som t.d. avfallsdeponering, bålbreining, skipsverft, gartneri etc.?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Brann/-ulukkesberedskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		x	
	b	Har området dårlege tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?		x	
	c	Anna (spesifiser)?			

Sårbare objekt	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar	
	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet, - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/avløp?		x		
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?		x		
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?		x		
	d	Anna (spesifiser)?				

Verksemdsrisiko	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar	
	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?		x		
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?		x		
	c	Er det storulukkesbedrifter i nærleiken som kan representere ein fare?		x		
	d	Anna (spesifiser)?				

Ulovleg verksemd	Er det knytt risiko til følgjande element?		Ja	Nei	Kommentar	
	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?		x		
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?		x		
	c	Anna (spesifiser)?				

Sjekklista er gjennomgått den 10/11 – 2017 av sign: _____

Sjekkliste klimatilpassing

1. Flaumfare

a) Større vassdrag (vassdrag over 100 km²):

- Er det teke høgde for klimaframskrivingar i flaumsonekartlegginga?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre på resultatet av kartlegginga?
- Kan auka havnivå føre til auka flaumfare for planområdet (fare for kombinasjon av stormflo og flaum)?
- Har det vore tilfelle av isgang (som kan forverre flaumproblema)?

b) Bekkar og mindre elvar med bratt fall:

- Har det vore flaum ved tidlegare hendingar med intens nedbør?
- Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre forholda?
- Er det planlagd utbygging 20 meter eller nærare ein vassdrag/bekk?
- Er bekkar lagt i røyr, og er det i tilfelle kapasitet til å ta unna auka nedbørsmengder?
- Har det vore endringar i arealbruken omkring elvar og bekkar som gjer at dei må finne andre løp ved flaum?
- Vil utbygginga kunne ligge i vegen for, eller stenge for, at elvar og bekkar kan endre løp?

2. Skred/erosjon

a) Er det lausmasser langs elv og/ eller sjø som kan vere utsett for erosjon?

3. Avløp

a) Har det vore problem med kapasiteten i avløpssystema ved tidlegare hendingar med intens nedbør?

b) Har det vore problem tilbakeslag?

c) Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør endre forholda?

d) Kan auka havnivå gi problem for avløpsanlegg (tilbakeslag)?

4. Havnivå/stormflo

a) Er berekninga av havnivåstiging og stormflo gjort i samsvar med prinsippa i rettleiaren «Havnivåstiging og stormflo» (DSB, september 2016)?

5. Infrastruktur (utanom vatn og avløp)

a) Kan auka fare for utfall av kritisk infrastruktur endre risiko- og sårbarheitsforhold for det aktuelle området?

6. Slagregn

a) Kan området vere sårbart for auka fare for slagregn?



1 km

76
1 km



NFFFA

A

6

Fjellstad

Ranstad

Fjellstad

Volda kommune

Dykkar ref:
Vår ref: 2018/3567
Dato: 04.01.2018
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel



HØYRING - DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN / DELPLAN - FLYTTING OG FORLENGING AV EKSISTERENDE MOLO PÅ TELSET

Etter det vi kan sjå har Mattilsynet ingen merknadar til dispensasjonen.

Med helsing

Anne Stine Foldal Aam

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*



Statens vegvesen



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Per Heltne

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/telefon:
Per Norvald Walderhaug /
90288380


Vår referanse:
18/2405-2

Dykkar referanse:
2017/971

Vår dato:
15.01.2018

Fv. 652 – Dispensasjon frå kommunedelplan – Flytting og forlenging av eksisterande molo – Gnr. 164 bnr. 1 og 2 – Volda kommune –Uttale

Vi viser til skriv datert 22.12.2017 med dokument vedrørende dispensasjon frå kommuneplan for flytting av eksisterande molo ved eigedomen 164/1 i Volda kommune.



Tiltaket endrar ikkje vegsituasjonen i området. Statens vegvesen har ut frå sitt ansvarsområde ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon som det vert søkt om.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Per Norvald Walderhaug

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegane, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegane på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.


Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE

Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE



Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr.	2017/97
Løpenr.	
9 FEB 2018	
Arkivdel:	Planid
Klassering P:	
Klassering S:	

Volda kommune

Flytting og forlenging av molo på gnr164 bnr1 og bnr2 - Marine Harvest AS og Anders Telset Dispensasjon fra kommuneplan og pbl § 1-8

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Bakgrunn

Marine Harvest har i samråd med grunneigar søkt dispensasjon frå kommuneplanen og pbl § 1-8 for utbygging av hamn. Området ligg etter kystsoneplanen i LNF-område sone A, der det er forbod mot tiltak som ikkje går inn under landbruksnæring. Tiltaket inneber flytting og oppgradering av molo, og det er søkt om å sprengje ut masse i nærområdet for å stabilisere ny molo og auke lagringsplassen.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader

Det er eit nokså omfattande tiltak som er omsøkt, og det er også omfattande tiltak som allereie er gjort på staden. Etter vår oppfatting utløyser søknaden krav til utarbeiding av reguleringsplan.

Når det gjeld det sørlegaste masseuttaket, bør det setjast att ein brei nok skalk mot sjøen både av estetiske grunnar og for at ein skal kunne passere her. Vi legg elles til grunn at ein sørgar for at moloen får ei estetisk god utforming.

Tiltaket inneber mudring, og det krever særskilt løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6 frå fylkesmannen.

Konklusjon

Vi viser til merknadene ovanfor, og ber om at det takast omsyn til desse i det vidare arbeidet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Kystverket Midt-Norge	Postboks 1502	6025	Ålesund
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE

Fra: Sande Ole-Jakob[ojs@nve.no]

Sendt: 06.02.2018 12:33:21

Til: Postmottak Volda

Tittel: Uttale frå NVE - Søknad om dispensasjon frå kommuneplan / delplan for utbygging av hamn på GBnr 164/1/2 - Marine Harvest sitt anlegg - Lauvstad - Volda kommune

Viser til brev datert 22.12.2017.

NVE konstaterer at det er gjort vurderingar av fare for skred og ustabile grunnforhold.

Multiconsult AS har konkludert at sannsyn for skred i det aktuelle området er vurdert mindre enn 1/5000.

NVE har ikkje ytterligere merknader til saka.

Med helsing

Ole-Jakob Sande

Senioringeniør

Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga

Seksjon: Region vest

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 22 95 95 45/90 88 78 30

E-post: ojs@nve.no

Web: www.nve.no



Fra: Anders Smith-Øvland[Anders.Smith-Ovland@mrfylke.no]

Sendt: 02.02.2018 15:08:26

Til: Postmottak Volda

Tittel: Volda kommune - flytting og forlenging av eksisterende molo gbnr 164/1 og 2 - Sandvika på Lauvstad - marinarkeologisk uttale

Fra: Thomas Bjørkeland [mailto:Thomas.Bjorkeland@sjofartsmuseum.no]

Sendt: fredag 2. februar 2018 14:54

Til: Dokpost <Dokpost@mrfylke.no>

Kopi: Anders Smith-Øvland <Anders.Smith-Ovland@mrfylke.no>

Emne: RE: Volda kommune - flytting og forlenging av eksisterende molo gbnr 164/1 og 2 - Sandvika på Lauvstad - dispensasjon frå kommuneplan.

RE: Volda kommune - flytting og forlenging av eksisterende molo gbnr 164/1 og 2 - Sandvika på Lauvstad - dispensasjon frå kommuneplan. Forholdet til maritime kulturminne.

Me viser til e-post motteke 02.02.2018.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til marine kulturminne ved gbnr 164/1 & 2 i Sandvika på Lauvstad i Volda kommune som kan bli direkte råka av tiltaka. Me har heller ikkje indikasjonar på at område har vært nytta som hamn eller ankringsstad i eldre tider.

Museet har ingen andre merknader til dei planlagde tiltaka.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Venleg helsing

for STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Thomas Bjørkeland

Marinarkeolog

55549611

E-postadresse: marinarkeologi@bsj.uib.no

From: Anders Smith-Øvland [<mailto:anders.smith-ovland@mrfylke.no>]

Sent: Friday, February 02, 2018 12:46 PM

To: Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum <marinarkeologi@sjofartsmuseum.no>

Subject: Volda kommune - flytting og forlenging av eksisterende molo gbnr 164/1 og 2 - Sandvika på Lauvstad - dispensasjon frå kommuneplan

Oversending av plansak for marinarkeologisk uttale

- Sjå vedlagte plandokument
- Uttale sendes dok.post@mrfylke.no
- Vi vil ettersende uttalen til kommunen så snart denne føreligg.

Mvh

Anders Smith-Øvland
overarkitekt
Plan og analyse
Møre og Romsdal fylkeskommune

Tlf: 71 28 02 41 / 959 99 801
anders.smith-ovland@mrfylke.no
mrfylke.no

Fra: anders.smith-ovland@mrfylke.no[anders.smith-ovland@mrfylke.no]

Sendt: 02.02.2018 13:06:28

Til: Postmottak Volda

Kopi: firmapost-midt@vegvesen.no; fmmrpostmottak@fylkesmannen.no

Tittel: Volda kommune - flytting og forlenging av eksisterende molo gbnr 164/1 og 2 - Sandvika på Lauvstad - fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut i frå sine ansvarsområder følgjande merknad.

Området har jf. kommunen blitt utvikla over tid uten avklaring i forhold til plan- og bygningslova. At denne saka vert formelt behandla er positivt. Ein kan elles stille spørsmål om ikkje tiltaket er så omfattande at det bør bli behandla gjennom ein formell planprosess, jf. plan- og bygningslova § 12-3 detaljregulering. Søknaden er sendt til Bergen sjøfartsmuseum for avklaring. Uttalen frå marinarkeolog vil bli ettersendt så snart denne føreligg.

Mvh

Anders Smith-Øvland
overarkitekt
Plan og analyse
Møre og Romsdal fylkeskommune

Tlf: 71 28 02 41 / 959 99 801
anders.smith-ovland@mrfylke.no
mrfylke.no



KYSTVERKET

Midt-Norge

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2018/25-2

Arkiv nr.:

Sakshandsamar:
Børre Tennfjord

Dato:
29.01.2018

Fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan og plan- og bygningslova vedkomande endring av molo m.m. på Lauvstad i Volda kommune - Møre og Romsdal fylke.

Kystverket har motteke søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, samt plan- og bygningslova sin §1-8 for tiltak på gnr.164, bnr.1 og 2 i Sandvika på Lauvstad, Volda kommune til fråsegn. Høyringsbrevet er datert 22.12.2017 og med ein frist for uttale til 10.februar 2018.

Søknaden

Søknaden om dispensasjon er tufta på ynsket om flytting av ein eksisterande molo, samt masseuttak i eit tilgrensande landareal frå gnr.164, bnr.1 og 2 i Sandvika på Lauvstad. Marine Harvest AS søker saman med grunneigar Anders Telset å utvikle området til ein betre anleggsbase for den eksisterande lokaliteten gjennom å flytte moloen lengre ut, samt å tilrettelegge større del av landarealet til lager/utstyrs plass.

Kommunen opplyser at det er naudsynt med dispensasjon frå eksisterande kommuneplan sin arealdel i tillegg til plan- og bygningslova sin §1-8 *Forbud mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag*.

Handsaming og vurdering

Kystverket er kysten sin statlege etat for transport og samferdsle. Som ansvarleg for sikring og framkome i hamner, leier og kystfarvatn, er Kystverket ein sentral aktør i forvaltninga og utviklinga av kystsonen. Kystverket arbeider difor målbevisst for å kunne etablere gode navigasjonstilhøve, fremje ein berekraftig utvikling av kystsona og bidra til ein konkurranse-dyktig sjøtransport.

Kystverket sine forvaltingsinteresser er først og fremst kopla til sjøarealet i planar og dei sjønære areala som kan seiast å ha ein verknad på ferdselstilhøve. Våre kommentarar til planarbeid er generelt knytt til denne type forhold.

Sidan det er søkt om dispensasjon frå plan- og bygningslova sin §1-8, skal Kystverket som statleg høyringsorgan kunne gje uttale til tiltak som kan påverke forvaltningsområdet vi har eit ansvar i.

Region Kystverket Midt-Norge

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Alle offentlige organer har rett og plikt til å delta i planleggingen når den berører deres saksfelt eller deres egne planer og vedtak og skal gi planleggingsmyndighetene informasjon som kan ha betydning for planleggingen.

Lova sin §1-8 peikar i første leddet på at det skal takast særlege omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser. Dette er ingen materiell forbodsregel, men syner oss kva for omsyn som særleg skal vektleggjast, når ein vurderar einskilde tiltak i strandsoneplanar og ved dispensasjon frå byggeforbodet i paragrafen elles og ved dispensasjon frå planar.

Elles ønskjer vi å peike på at tiltaket er søknadspliktig i samsvar med havne- og farvannsloven og krev særleg løyve etter §27 i nemnde lov, samt eige løyve etter plan- og bygningslova. Vi ser det som viktig å peike på vurderingar ikring naturmangfold, miljø og forureining, som ein naturleg del av samla løyve til gjennomføring.

Kystverket har no vurdert søknaden opp mot føremålet i havne- og farvannsloven og har utifrå dette ikkje avgjerande merknadar til at det vert gitt dispensasjon.

Med helsing

Harald Tronstad
regiondirektør

Børre Tennfjord
sjefingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakarar:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fiskeridirektoratet Region Midt

Statens vegvesen Region midt

Norges vassdrags- og energidirektorat -

Region Midt-Norge

Møre og Romsdal fylkeskommune

Postboks 2520

6404 MOLDE

Postboks 185 Sentrum

5804 BERGEN

Fylkeshuset

6404 MOLDE

Postboks 5091, Majorstuen

0301 OSLO

Fylkeshuset

6404 MOLDE

Vedlegg:

Volda kommune

Stormyra 2

6100 Volda

Vedr.: Flytting og forlenging av molo på gnr 164/1-2 – Marine Harvest AS og Anders Telset.

Dipensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8.

Viser til brev oversendt frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 07.02.2018.

(ref. 2018/85/KABJ/421.3)

I brevet stiller Fylkesmannen spørsmål om nærmare opplysningar vedr forurensing og estetikk.

Olav Aambøe, som representant for Anders Telset, har i telefonsamtaler med seniorrådgiver Kari Bjørnøy (landbr.avd.) og senioringeniør Kari Melby (miljøvernavd.) fått avklart spørsmålet om «utdjuping av hamna».

Arbeidet skal gjerast frå land med gravemaskin og den utgravne massa (morenemasse) skal ikkje dumpast i sjøen - den skal brukast til kjernemasse i moloen. Dette vil derfor ikkje være tiltak som krev særskilt løyve etter forureiningsforeskrifta §22-6.

Når det gjeld det sørligaste masseuttaket er inngrepet langt nok oppe til at det blir ei «svabergsone» mot sjøen. (Det er vel dette som er kalla skalk).

Det er ellers i både eigar og drivar av hamna sine interesser å få til ei estetisk god utforming, ikkje berre på moloen men på heile anlegget. Tiltaket er initiert for å få betre plass til å organisere utstyr som ikkje er i bruk og for å få enklare logistikk til og frå merdene.

Dette er også en del av firmaets ansikt utad og det er i eigen og næringa si interesse at estetikken er ivareteken.

Er det ynskje om fleire opplysningar kan spørsmål rettast til Olav Aambøe.

Med vennlig helsing

Per Tore Rekkedal 19/2-18

Marine Harvest Norway AS, Per Tore Rekkedal

Fra: Rekkedal, Per Tore[Per.Tore.Rekkedal@marineharvest.com]

Sendt: 19.02.2018 08:54:56

Til: Postmottak Volda

Tittel: Kommentarer til Fylkesmannen brev - 07.02.2018

Hei

Viser til brev fra Fylkesmannen 07.02.2018 (ref. 2018/85/KABJ/421.3) «Volda kommune - Flytting og forlenging av molo på gnr. 164 bnr. 1 & 2 – Marine Harvest AS og Anders Telset. Dispensasjon fra kommuneplan og pbl § 1-8». Sender et avklarende brev/skriv der vi kommenterer merknadene fra Fylkesmannen.

Med vennlig hilsen / Best regards

Per Tore Rekkedal

Technical Coordinator, region midt

MARINE HARVEST NORWAY AS

MOBILE: +47 986 49 005

DIRECT: +47 21 56 24 22

MAIL: per.tore.rekkedal@marineharvest.com

OFFICE: Strandgata 59
6150 Ørsta

This e-mail sent from the company specified above and any attachment are confidential and may be privileged or otherwise protected from disclosure. It is solely intended for the person(s) named above. If you are not the intended recipient, any reading, use, disclosure, copying or distribution of all or parts of this e-mail or associated attachments is strictly prohibited. If you are not an intended recipient, please notify the sender immediately by replying to this message or by telephone and delete this e-mail and any attachments permanently from your system. It is not guaranteed that emails or attachments are secure or error or virus free.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Ingvild Kalvatn	Arkivsak nr.:	2017/1910
		Arkivkode:	30/335

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
25/18	Forvaltningsutvalet	06.03.2018

MELLOMBELS LAGRING AV BUSTADBRAKKER PÅ ROTSET

Administrasjonen si tilråding:

Forvaltningsutvalet ser ikkje at det kjem fram nye moment i klaga som gjer grunn til endra haldning i saka og held soleis fast på vedtak 237/17, datert 13.11.2017.

Vedleggsliste:

Orientering og varsel om pålegg, datert 31.08.2017
Søknad om tiltak med vedlegg, datert 05.10.2017
Merknad frå naboar, datert 15.10.2017 og 22.09.2017
Kommentar til merknad frå eigedomssektoren, datert 31.10.2017
Løyve til tiltak, datert 13.11.2017
Merknad frå naboar/ klage til Fylkesmannen, datert 30.11.2017

Uprenta saksvedlegg:

Gjeldande reguleringsplan, Øvre Rotset Næringsområde.

Samandrag av saka:

Eigedomsavdelinga i kommunen vil mellomlagre bustadbrakker på kommunens eigedom på Rotset. Området er regulert til næring. Eigedomsavdelinga søkte ikkje om tiltaket/plasseringa før det vart gjennomført. Det er søkt i ettertid og gitt løyve til tiltaket. Løyve til tiltak er påklaga av naboar.

Saksopplysningar/fakta:

Eigedomsavdelinga flytta modulbrakker frå tomte til gamle gymnas til ei ledig tomt på eigedomen Gbr 30/335 på Rotset. Dette søkte dei ikkje til bygningsmynde(sektor for utvikling) i kommunen om. Sektor for utvikling vart gjort merksam på dette gjennom naboar og sendte ut «orientering og varsel om pålegg» datert 31.08.2017 til eigedomsavdelinga. Dei søkte om tiltaket i ettertid. Det var kome inn nabomerknadar i byggesaka. Desse vart kommentert i saksutgreiinga i løyve til tiltak. Løyve til tiltak, datert 13.11.2017 vart påklaga av naboane.

Det var også kome inn merknadar frå naboar tidlegare i prosessen. Desse merknadane vart registrert hjå kommunalteknisk sektor og eigedomsavdelinga. Desse merknadane gjekk i hovudsak ut på spørsmål til saksgangen og kommentarar til framgangsmåten Eigedomsavdelinga brukte. Desse ligg også ved som vedlegg til saka.

Merknadane går i hovudsak ut på;

- *Minne om innhaldet i skjønnet som var gjennomført i samband med at Volda kommunen i si tid kjøpte ut grunnareal.*
- *Tiltaket er lovstridig og vi minner om krav og tidsfrist slik det framgår i brev. Ber igjen om at modulane vert fjerna frå området og at grunnen vert attført til si opprinnelege tilstand.*
- *Det er ingen grunn til at desse modulane skal stå noko lenger der dei no står. Dette er ikkje noko eigna plass for rusk og rask – ikkje for oss som naboar eller for den del i augene som nyttar turvegen.*
- Måten tiltaket vart utført på, manglande informasjon/nabovarsel, manglande tilbakemeldingar frå kommunal teknisk sektor, osv

Ein del av innhaldet i merknadane går på saksgangen til eigedomsavdelinga. Det er beklageleg at saka fekk ein slik start.

I høve tiltak som vert utført utan løyve er det opning for at tiltakshavar skal få høve til å søkje om tiltaket i ettertid. Kommunen skal behandle saka som om ikkje tiltaket alt er utført. Sektor for utvikling behandlar dispensasjonar og byggjesaker. Eigedomsavdelinga er i dette høvet tiltakshavar. Sektor for utvikling som bygningsmynde skal, som i alle saker om ulovlege tiltak, vurdere vidare reaksjonar av manglande søknad. Eit døme kan vere ilegging av overtredingsgebyr.



I område merka forretning/kontor/industri (F/K/I) kan det byggjast forretning-, kontor- og industribygg. VS tyder areal som er avsett til vegetasjonsskjerm.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen vesentlege konsekvensar.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen økonomisk konsekvens.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen konsekvens.

Vurdering og konklusjon:

Merknadar frå naboane vart behandla og såleis vurdert i løyve til tiltak, datert 13.11.2017. Det er greitt å understreke at dette er mellombels lagring av brakker og at det ikkje er lagt opp nokon bruk av dei. Med bakgrunn i dette kan vi ikkje sjå at det i klage til Fylkesmannen, datert 30.11.2017 er kome fram nye opplysningar som har innverknad på vår vurdering og grunn til endra haldning i saka. Vi rår til at opphavleg vedtak vert ståande.

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Utskrift av endeleg vedtak:

Per Olav Myklebust
Kai Tore Myklebust
Pergot Myklebust
Liv Myklebust
Bente og Ove Rune Søvik

Klageinstans:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Volda Kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Volda 15.10.2017

Kai Tore Myklebust 30/345,
Bente og Ove Rune Søvik 30/230,
Pergot Myklebust 30/228
Liv Myklebust 30/229 og
Per Olav Myklebust 30/327

Sak 2017/1588

Gjeld mellombels plassering av modulbrakker langs Rotsetstranda.

Viser til nabovarsel som gjeld vidare lagring av brakkemodulane.

Vi er dessverre ikkje så kjend med kommunal saksgang. Vi antok datoen [1.11.2017](#) som er den tidsfristen kommuna har gitt seg sjølv – også var tidsfristen for at brakkene skulle vere fjerna og området bli attført sin opprinnelige tilstand.

Viser ellers til vårt brev sendt kommuna datert 22.9.2017 (legg ved dette på nytt i denne henvendinga). Dette brevet må sjåast på som protest til det nabovarselet som er sendt ut.

Kan legge til at vår oppfatting er uendra. Vi ber igjen komma om å rydde opp.

Utover det vi skreiv i vårt brev datert 22.9.2017 vil vi legge til at kommuna i denne prosessen her tek seg til rette utan nokon form for varsling. Etter vår oppfatting er dette dårleg og arrogant saksbehandling. Om vi kan få vere litt openhjertig; Vi sit med ei kjensle av at teknisk- og eigendomsavdelinga har tette band. Det kan kanskje isolert sett seiast å være fornuftig, men ikkje når høgrehanda gjerne hjelper venstrehanda for å kome ut av desse lovstridige forholda. Dette minner om tilstandar vi ikkje ynskjer.

Trass dette har vi stor tiltru til at utviklingsavdelinga no behandlar søknaden om vidare lagring. Vi håper at avdelinga ikkje ynskjer tilstandar slik nevnt ovanfor.

- Det er ingen grunn til at desse modulane skal stå noko særleg lenger der dei no står. Dette er ikkje nokon eigna plass for rusk og rask - ikkje for oss som naboar eller for den del i augene til dei som nyttar turvegen.

- At kommuna har tankar om at brakkene i framtida skal flyttast lenger inn på området og seinare nyttast som bustadar til vanskelegstilte, vil ikkje kunne være grunnlag for utsetjing av tidsfristen. Dette er å foregripe ein prosess før det er omsøkt. Igjen vil dette framstå som eit overtramp. Det skal ikkje vere slik at trua på at ein eventuell byggjesøknad skal gå så glatt gjennom og at dette gir argument om utsetjing av frist for lagring.

Søknad og ein ryddig prosess fyrst, må ein av oss alle kunne forvente. Finn ny plassering innan [1.11.2017](#)!

Vi ber om at;

- Kommuna fastheld sin eigen tidsfrist [1.11.2017](#), samt at brakkene då er fjerna og at området er opprydda.

På denne måten kan kommuneadministrasjonen framstå som eit godt føredøme til etterfølging for alle som er busatt i Volda og ikkje minst vil då mykje av integriteten i sakshandsaminga til kommuna også kunne behaldast.

Helsing

Kai Tore Myklebust (30/345), Bente og Ove Rune Søvik (30/230),
Pergot Myklebust (30/228), Liv Berit Myklebust (30/229)
og Per Olav Myklebust (30/327)










Utskrift fra Norkart AS kartklient

Dato: 30.11.2017

Målestokk: 1:5000

Koordinatsystem: UTM 32N






Utskrift fra Norkart AS kartklient

Dato: 30.11.2017

Målestokk: 1:500

Koordinatsystem: UTM 32N



Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Eigarane av bustadane på Granheim

Volda 22.9.2017

Sak 2017/1588

Gjeld mellombels plassering av modulbrakkar langs Rotsetstranda.

Viser til dykkar brev datert 13.9.2017 som gjeld innbyding til informasjonsmøte.

Ja, du har rett! Vi har sterke kjensler kring dette. Det er for oss og svært underleg at kommuneadministrasjonen ikkje har eit ynskje om å gå føre som eit godt eksempel og straks rydde opp når det er gjort ein feil, og for alle stå fram som eksempel til etterfølging...

Vi, naboane til desse ruskehaugane, føler ikkje berre at dei er tredd nedover oss, men at vi og av kommuna vert møtt med arroganse. Utan nokon form for varsel er brakkene snikplassert.

Seinare - etter tre skriftlege henvendingar tek kommuna omsider bryet med å gi oss eit tilbakesvar

Iflg. opplysning er du, som teknisk sjef, medlem av den arbeidsgruppa som i si tid var satt ned for å finne teneleg plassering av desse brakkene. Ein kan vel anta at du i utgangspunktet var kjend med at plasseringa/tiltaket var/er lovstridig..

I brev vi har motteke frå din etat datert 31.8.2017 er det for oss gjort kjend at tiltaket er lovstridig. Det framgår og av brevet at kommuna har gjeve seg sjølv pålegg om å rydde opp innan 1.11.2017.

Og no i ditt brev datert 13.9.2017 kjem det fram at kommuna kjem til å søke om lagring av desse brakkene der dei no er plassert.

Er det kommuna sjølve som eventuelt skal behandle denne søknaden?

Ein søknad om forlenging utover tidsfrist vil for oss framstå som svært underleg. Varslar at ein eventuell søknad vil bli møtt med protest.

Vi forheld oss til tidsfrist satt til 1.11.2017. Vi kan ikkje sjå at eit innformasjonsmøte, som de ynskjer, endrar vårt standpunkt når det gjeld dagens plassering eller vårt syn om at brakkene skal lagrast vidare utover oppgitt tidsfrist.

Ber igjen om at brakkene vert fjerna og at grunnen blir attført sin opprinnelige tilstand.

Helsing

Per Olav Myklebust
30/327

30/345 Kai Tore Myklebust

30/228 Pergot Myklebust

30/229 Liv Myklebust

30/230 Bente og Ove Rune Søvik



Per Olav Myklebust <per.olav.myklebust@gmail.com>

Gjeld midlertidig plassering av modulbrakker langs Rotsetstranda

2 e-poster

Per Olav Myklebust <per.olav.myklebust@gmail.com>

13. september 2017 kl. 22:19

Til: kjell.magne.rindal@volda.kommune.no

Hei

Viser til vår telefonsamtale fredag 8.9.2017.

Det som kom fram i denne samtala var at Volda kommune denne veka vkjem til å starte handsaming- og utforming av byggesøknad der formålet er å få modulbrakkene godkjent til bustadformål. Slik eg forstår deg er tanken at dei skal flyttast noko lenger inn på same tomtearealet.

På mitt spørsmål der eg ba om å få oppgitt kven som har bestemt at brakkene skal plasserast der dei står i dag, nevnte du at det tidligare hadde vorte satt ned ei gruppe som besto av bla. teknisk sjef, eigendomssjef og noken frå teknisk sektor.

Ynskjer å få opplyst fylgjande;

- 1). Kjem kommuna til å starte prosessen med ein byggesøknad?
- 2). Har arbeidsgruppa eit navn?
 - Kan eg få tilsendt møteprotokollane?
 - Kva mandat har gruppa?
 - Eventuelt, kven har gitt dette mandatet?
 - Iflg. opplysning frå deg er medlammne i denne gruppa deg som eigendomssjef, teknisk sjef (Totland), og nokon frå teknisk sektor. Kven er desse nokon frå teknisk sektor? Ber om å få oppgitt navna til dei medlemmane som allereie ikkje er kjent?

Imøteser Dykkar snarlege tilbakemelding.

Helsing

Per Olav Myklebust
T. 90586510

Per Olav Myklebust <per.olav.myklebust@gmail.com>

22. september 2017 kl. 11:26

Til: postmottak@volda.kommune.no

Blindkopi: Per.myklebust@bos.no

Hei

Viser til min mail sendt til eigendomssjef Kjell Magne Rindal datert 8.9.2017 (sjå lenger ned).

Kan ikkje sjå å ha motteke tilbakesvar på denne henvendinga - sender denne difor på ny via postmottak.

Avventar dykkar snarlege tilbakemelding.

Helsing

Per Olav Myklebust 30/327
for eigarane på Granheim

30/345 Kai Tore Myklebust
30/228 Pergot Myklebust
30/229 Liv Myklebust
30/230 Bente og Ove Rune Søvik

----- Forwarded message -----

From: **Per Olav Myklebust** <per.olav.myklebust@gmail.com>
Date: 2017-09-13 22:19 GMT+02:00
Subject: Gjeld midlertidig plassering av modulbrakker langs Rotsetstranda
To: kjell.magne.rindal@volda.kommune.no

Hei

Viser til vår telefonsamtale fredag 8.9.2017.

Det som kom fram i denne samtala var at Volda kommune denne veka vkjem til å starte handsaming- og utforming av byggesøknad der formålet er å få modulbrakkene godkjent til bustadformål. Slik eg forstår deg er tanken at dei skal flyttast noko lenger inn på same tomtearealet.

På mitt spørsmål der eg ba om å få oppgitt kven som har bestemt at brakkene skal plasserast der dei står i dag, nevnte du at det tidligare hadde vorte satt ned ei gruppe som besto av bla. teknisk sjef, eigendomssjef og noken frå teknisk sektor.

Ynskjer å få opplyst fylgjande;

- 1). Kjem kommuna til å starte prosessen med ein byggesøknad?
- 2). Har arbeidsgruppa eit navn?
 - Kan eg få tilsendt møteprotokollane?
 - Kva mandat har gruppa?
 - Eventuelt, kven har gitt dette mandatet?
 - Iflg. opplysning frå deg er medlammne i denne gruppa deg som eigendomssjef, teknisk sjef (Totland), og nokon frå teknisk sektor. Kven er desse nokon frå teknisk sektor? Ber om å få oppgitt navna til dei medlemmane som allereie ikkje er kjent?

Imøteser Dykkar snarlege tilbakemelding.

Helsing

Per Olav Myklebust
T. 90586510

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Eigarane av bustadane på Granheim

Volda 25/8-2017

Sak 2017/1119

Gjeld midlertidig plassering av modulbrakker langs Rotsetstranda.

Viser til dykkar svarbrev datert 24/8-2017.

Vi kan ikkje sjå at eit informasjonsmøte, som de ynskjer, vil endre vårt syn på dagens plassering av modulane, eller at ei eventuell anna plassering/bruk i same område vil endre vårt standpunkt. Ei heller at det er opning for tiltak som dette i gjeldande reguleringsplan. Vi står fast på vårt syn slik vi la det fram av vårt forrige brev datert 14/8 2017

Tiltaket er lovstridig og vi minner om krav og tidsfrist slik det framgår i vårt brev. Ber igjen om at modulane vert fjerna frå området og at grunnen vert attført til si opprinnelege tilstand.

Vi har ikkje under noko omstende til hensikt å bruke mykje meir tid på brevskrivning som ikkje fører fram til ei snarleg løysing, slik vi har satt fram krav om.

Kan legge til at vi utover det som framgår av vårt brev vil og få juridisk vurdert våre moglegheiter, der vi sjølve tek initiativ/ får iverksatt tiltak/ løysing slik vi ynskjer for kommuna si rekning.

Helsing

30/327 Per Olav Myklebust

30/345 Kai Tore Myklebust
30/228 Pergot Myklebust
30/229 Liv Myklebust
30/230 Bente og Ove Rune Søvik

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Eigarar av bustadane på Granheim

Volda 14.8.2017

Gjeld midlertidig plassering av modulbrakker langs Rotsetstranda v/Granheim på øvre Rotset.

Etter opplysning frå adm. i Volda kommune kjem det fram at det er moglegheit til å gjennomføre tiltak som dette utan nærare varsel eller søknad men at tiltaket då må være tidsbegrensa inntil 2 månader. På tross av dette meiner likevel vi som naboar at det ville være naturleg å motta ei form for varsling og ikkje overlata dette til føraren av gravemaskina til å svare når vi lurte på kva som var i gjere. Måten å gjere dette på finn vi ikkje berre overraskande, men og litt feigt. Den totalt fráværande dialogen frå Volda kommune framstår for oss som svært underleg. Å sakshandsame på denne måten skapar ikkje eit stabilt fundament for godt naboskap.

Sjølv etter purring har sakshandsamar Tor Vegard Søvik unnlete å gi tilbakesvar på vår henvending sendt til postmottak datert 8/6, purring datert 21/6 og ny purring datert 26/6-2017. Men eit svar kunne vi vel kanskje lese i avisa Møre den 21.6 der Søvik uttalar at; *gravearbeidet som har gått føre seg er utført for å lagre to brakkemodular mellombels på tomta. Vidare; dei skal på ingen måte takast i bruk medan dei står plassert der.*

Etter vår oppfatning betyr det at her er gjennomført mange store grep for å ikkje snakke om kostnader slik at desse to modulane kunne lagrast i ei relativt kort periode. Vi, andre naboar samt mange sambygdingar undrar seg og stiller spørsmålteikn ved bruken og disponering av våre felles midlar. Modulane kunne enkelt i denne korte perioda vore plassert på ein grunn som kommuna disponerer og som er ferdig planert, f.eks på tomta lenger framme i Rotsetstranda som i dag vert nytta til lager av pukkstein..

- Då fristen for midlertidige tiltak er overskriden (2 mnd.), er tiltaket no å ansjå som lovstridig.

Vidare i avisinnlegget les vi at administrasjonen har planar om å finne ei plassering av modulane på den samme tomte.

I følge reguleringsplan er dette ei buffersone, tomte lenger inne er i planen oppgitt å være industriareal.

Ein må vel med dette kunne anta at området ikkje kan nyttast til bustadføremål utan ei endring i reguleringsplanen, sjølv om dette eventuelt er tenkt midlertidig.

Vil med dette minne om innhaldet i det skjønnet som vart gjennomført i samband med at Volda kommune i si tid kjøpte ut grunnareal på øvre Rotset. Areal som i dag mellom er nytta til idrettsføremål, veg frå rundkøyringa til Rotsethorntunellen, nemnde industriareal og buffersone osv...

Prisane for areal som skal nyttast til blant anna som her, industri/idrettsformål osv., er som kjent langt lågare enn om samme areal kunne nyttast til bustadføremål.

Advokat Bjørn Kristian Hove, som i skjønnet representerte dei fleste grunneigarane, fekk tilført eit punkt i avtala som sa at «dersom kommuna i ettertid nyttar delar- eller heile areal som ikkje vert utløyst med føremål bustadar til nettopp dette, vil det medføre til at grunneigarane kan forlange ny verdivurdering av heile arealet og at dagens tomteverdiar kan gjerast gjeldande og leggst til grunn for ei erstatning.»

Kan og legge til at for nokre år sidan, medan underteikna var medlem i Rotset grendautval, mottok vi ei liknande sak der kommuna hadde ynskje om å plassere ei modulbrakke ved området mellom sagbruket og der Mørehallen no står.

Den gongen fekk vi i Rotset grendautval bistand frå adv. Hove om å skrive eit kortfatta brev. Dette innheldt mellom anna eit mogleg erstatningskrav.

Samme dag som Volda kommune mottok brevet, gjennomførte vi representantane i Rotset grendautval eit møte om den aktuelle saka og om brevet. Kommuna var representert med dåværande ordførar Kalland og rådmann Krumsvik. Dagen etter møtet valgte administrasjonen. i kommuna å ikkje gå vidare med sine planar, og saka vart med det avslutta.

- Då tiltaket no er å ansjå som lovstridig, krev vi med dette at modulane straks, eller seinast innan 14 – fjorten – dagar, vert flytta frå området og at grunnen vert tilbakeført til sin opprinnelege tilstand.

Om Volda kommune, mot formodning, motsetter seg dette kravet, varslar vi med dette at vi som naboar vil forespørre advokat Bjørn Kristian Hove om bistand. Eventuelle saksomkostningar og erstatningskrav vil då truleg måtte bli dekt av kommuna.

Svar på vår henvending les vi gjerne om i avisa Møre, men vi har og eit ynskje, uansett kva som er neste utspel, at Volda kommune gir oss eit svar, anten på mail eller i brevform.

Helsing



30/327 Per Olav Myklebust

30/345 Kai Tore Myklebust
30/228 Pergot Myklebust
30/229 Liv Myklebust
30/230 Bente og Ove Rune Søvik



VOLDA KOMMUNE

Teknisk sektor

Utskrift til:

Per Olav Myklebust	Granheim 4	6100	VOLDA
Kai Tore Myklebust	Granheim 2	6100	Volda
Pergot Tove Myklebust	Granheim 3	6100	Volda
Liv Berit Myklebust	Granheim 5	6100	VOLDA
Bente Høydal Søvik	Granheim 1	6100	Volda
Ove Rune Søvik	Granheim 1	6100	Volda

Interne kopimottakarar:

Eigedomsavdelinga	Siri Birkeland Solheim
Eigedomsavdelinga	Kjell Magne Rindal

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/1588	11600/2017	30/335	KTA/ RUNTOT	13.09.2017

INNBYDING TIL INFORMASJONSMØTE, LAGRING AV BRAKKER PÅ ROTSET.

Volda kommune ser at der er sterke kjensler knytt til lagring av brakker på kommunal grunn ved Granheimsvegen på Rotset. Teknisk sjef ynskjer difor eit informasjonsmøte med bebuarane i Granheimsvegen.

Teknisk sjef innkallar dykk difor til informasjonsmøte på Rådhuset i møterom 113 klokka 09:00 måndag 25.09.2017.

Teknisk sektor kjem til å søkje om lagring av desse to brakkene der dei no er plassert inntil ny midlertidig plassering er bestemt.

Med helsing

Rune Totland
teknisk sjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda	postmottak@volda.kommune.no Telefon: 99465002	Telefaks: 70058701	www.volda.kommune.no Org. nr: 939 760 946	Bankgiro: 3991.07.81727
--	---	-----------------------	---	----------------------------

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Volda 30.11.2017

Kai Tore Myklebust 30/345,
Bente og Ove Rune Søvik 30/230,
Pergot Myklebust 30/228
Liv Myklebust 30/229 og
Per Olav Myklebust 30/327

Sak 2017/1588

Gjeld mellombels plassering av modulbrakker langs Rotsetstranda.

Viser til sakshandsaming med store manglar og feil som syner tilstandar vi ikkje forventar eller ynskjer av eit kommunalt organ.

Volda kommune burde stå fram som eit eksempel til etterfølging for oss alle som bur i kommuna. Det virkar ikkje å ha betydning om tiltaket bryt med byggelinja eller for den del at tiltaket delvis er plassert i ei buffersone.

Slik vi ser dette er det no fritt fram for oss alle å gjere tiltak på eigen grunn og det utan å søkje først. Ein berre avventar eit eventuelt pålegg med krav om søknad for tiltaket, ein søknad vi alle kan forvente å få innvilga utan tidsbegrensing berre ein oppgir denne til å være midlertidig.

Vi forventar at Fylkesmannen gjer om vedtaket og sett fram krav om at Volda kommune med kortast mogleg tidsfrist eller snarast råd fjernar modulbrakkene og flyttar desse til meir eigna lagringsplass og grunnen vert tilbakeført sin opprinnlege tilstand.

Vedlegg;

- 1.) Klage datert 14/8-2017
- 2.) Klage datert 25/8- 2017
- 3.) Mail datert 13/9 og 22/9-2017
- 4.) Situasjonsskart
- 5.) Bilder
- 6.) Klage datert 22/9-2017
- 7.) Klage datert 15/10-2017

Helsing

Per Olav Myklebust 30/327
for eigarane på Granheim

30/345 Kai Tore Myklebust
30/228 Pergot Myklebust
30/229 Liv Myklebust
30/230 Bente og Ove Rune Søvik



VOLDA KOMMUNE

Utvikling

VOLDA KOMMUNE

Stormyra 2

6100 VOLDA

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Vedtaksnr.</i>	<i>Avd/sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/1910	13680/2017	30/335	237/17	UTV/INGVKAL	13.11.2017

LØYVE TIL TILTAK UTAN ANSVARSRETT

etter plan- og bygningslova § 20-4

Tiltak	Midlertidig/transportabel bygning		
Byggestad	Rotset, 6100 VOLDA	Gnr/Bnr	30/335
Tiltakshavar	VOLDA KOMMUNE		
Adresse	Stormyra 2 6100 VOLDA		

DELEGERT VEDTAK

- A. Med heimel i § 19-3 i plan- og bygningslova (PBL) vert det gjeve mellombels dispensasjon frå § 5 a i reguleringsføresegnene slik at tiltaket kan oppførast med plassering som vist på situasjonsplanen. Grunngeving for dette er at det er eit mellombels tiltak som ikkje har nokon vesentleg betydning i forhold til sikt eller drift av veggen.
- B. Med heimel i § 21-4 i PBL av 27. juni 2008 nr. 71, med tilhøyrande forskrifter, vedtekter og delegasjonar, vert søknaden om løyve til mellombels lagring av bygningsmodular, godkjend.
- C. Følgjande dokument ligg til grunn for godkjenninga:
1. Situasjonsplan, vedlagt søknad
 2. Foto av bustadmodul, vedlagt søknad.
- D. Det vert sett følgjande vilkår i saka:
1. Gebyr for sakshandsaming må betalast ved forfall.
- E. Søknad om ferdigattest eller eventuelt mellombels bruksløyve må leverast inn og verte godkjent av kommunen, jf. § 21-10 i PBL.

SAKSUTGREIING

Om søknaden og tiltaket

Frå tiltakshavar VOLDA KOMMUNE ligg det føre søknad, datert og innregistrert 05.10.2017, om løyve til Midlertidig/transportabel bygning. Søknaden omfattar mellombels lagring av bygningsmodular/brakkar. Det er søkt lagring i påvente av søknad om endeleg plassering. Kommunal teknisk sektor har alt plassert brakkene utan å søkje.

Gjeldande plangrunnlag

Eigedomen er i gjeldande reguleringsplan Næringsområde Øvre Rotset godkjent 13.11.2014.

Dispensasjon

Tiltaket bryt med byggeline i plan. Vi finn grunn til å gi mellombels dispensasjon til tiltaket da dette er ein mellombels plassering som ikkje har nokon vesentleg betyding i forhold til sikt eller drift av vegen.

Det er også søkt om dispensasjon frå arealføremålet i plan. Ein del av område er regulert til vegetasjonsskjerm. I reguleringsføresegnene § 10 står det:

«I område for vegetasjonsskjerm/vegetasjonsbelte er det ikkje tillat å drive med verksemd eller føre opp bygg eller anlegg som etter kommunen sitt skjøn er til hinder for områda. Områda skal tilplantast med stadeigen vegetasjon. Det kan oppførast mindre installasjonar for leik og opphald.»

Sidan dette er mellombels lagring og ein ikkje endrar vegetasjonen i nokon vesentleg grad vurderer vi at tiltaket ikkje bryt med § 10 i føresegnene.

Resten av området er regulert til forretning/kontor/industri. Vi kan ikkje sjå at mellombels lagring er i strid med dette arealføremålet heller.

Nabovarsling (pbl § 21-3)

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg føre merknad frå nabo;

Kai Tore Myklebust, eigar av gnr 30, bnr 345

Per Olav Myklebust, eigar av gnr 30, bnr 327

Pergot Myklebust, eigar av gnr 30, bnr 228

Liv Myklebust, eigar av gnr 30, bnr 229

Bente og Ove Rune Søvik, eigar av gnr 30, bnr 230

Merknadane er datert 22.09.2017 og 15.10.2017. Merknaden går i hovudsak ut på følgjande:

Frå merknad datert 22.09.2017

-Vi, naboane til desse ruskehaugane, føler ikkje berre at dei er tredd nedover oss, men at vi av kommuna vert møtt med arroganse. Utan noko form for varsel er brakkene snikplassert.

Tiltaket er lovstridig.

Ber om at brakkene vert fjerna og at grunnen blir attført sin opprinnelige tilstand.

Frå merknad datert 15.10.2017

Vi er dessverre ikkje så kjend med kommunal saksgang. Vi antok dato [1.11.2017](#) som er den tidsfristen kommuna har gitt seg sjølv – også var tidsfristen for at brakkene skulle vere fjerna og området bli attført sin opprinnelige tilstand.

Viser ellers til vårt brev sendt kommuna datert 22.9.2017 (legg ved dette på nytt i denne henvendinga). Dette brevet må sjåast på som protest til det nabovarselet som er sendt ut.

Kan legge til at vår oppfatting er uendra. Vi ber igjen komma om å rydde opp.

Utover det vi skreiv i vårt brev datert 22.9.2017 vil vi legge til at kommuna i denne prosessen her tek seg til rette utan nokon form for varsling. Etter vår oppfatting er dette dårleg og arrogant saksbehandling. Om vi kan få vere litt openhjertig; Vi sit med ei kjensle av at teknisk- og eigendomsavdelinga har tette band. Det kan kanskje isolert sett seiast å være fornuftig, men ikkje når høgrehanda gjerne hjelper venstrehanden for å kome ut av desse lovstridige forholda. Dette minner om tilstandar vi ikkje ynskjer.

Trass dette har vi stor tiltru til at utviklingsavdelinga no behandlar søknaden om vidare lagring. Vi håper at avdelinga ikkje ynskjer tilstandar slik nevnt ovanfor.

- Det er ingen grunn til at desse modulane skal stå noko særleg lenger der dei no står. Dette er ikkje nokon eigna plass for rusk og rask - ikkje for oss som naboar eller for den del i augene til dei som nyttar turvegen.

- At kommuna har tankar om at brakkene i framtida skal flyttast lenger inn på området og seinare nyttast som bustadar til vanskelegstilte, vil ikkje kunne være grunnlag for utsetjing av tidsfristen. Dette er å foregripe ein prosess før det er omsøkt. Igjen vil dette framstå som eit overtramp. Det skal ikkje vere slik at trua på at ein eventuell byggjesøknad skal gå så glatt gjennom og at dette gir argument om utsetjing av frist for lagring.

Søknad og ein ryddig prosess fyrst, må ein av oss alle kunne forvente. Finn ny plassering innan [1.11.2017!](#)

Vi ber om at;

- Kommuna fastheld sin eigen tidsfrist [1.11.2017](#), samt at brakkene då er fjerna og at området er opprydda. På denne måten kan kommuneadministrasjonen framstå som eit godt føredøme til etterfølging for alle som er busatt i Volda og ikkje minst vil då mykje av integriteten i sakshandsaminga til kommuna også kunne behaldast.

Tiltakshavar sine kommentarar til merknader:

- Viser til brev datert 15.10.2017. Ansvarleg søkjar har ikkje kommentert desse merknadane tidlegare, då dette brevet kom inn etter at fristen for merknadar var ute. Nabovarselet vart sendt ut 18.09.17, og søknad om løyve til tiltak vart sendt 05.10.17. Det førelåg ikkje nokon merknadar på nabovarselet på dette tidspunktet.

I oversendt brev dater 15.10.2017 visast det også til tidlegare oversendt brev datert 22.09.2017. Ansvarleg søkjar forstår det slik at det i stor grad er sakshandsamingsprosessen det klagast på, og at merknadane går på følgjande punkter:

- *Avsendarane meiner at modulane er snikplassert utan varsel og at kommunen har tatt seg til rette*
- *Avsendarane meiner at modulane framstår som «rusk og rask»*
- *Avsendarane meiner at kommunen har gjeve seg sjølv pålegg om å rydde opp innan 01.11.2017 og at ein eventuell seinare søknad om å flytte modulane lengre inn på tomte for å nytte dei til bustad ikkje bør vere eit argument for utsetjing av frist for lagring*

Begge breva konkluderer med at avsendarane ikkje ynskjer at kommunen får forlenging utover tidsfrist, men at modulane vert fjerna og at grunnen blir attført til sin opphavslege tilstand.

Ansvarleg søkjar beklagar at sakshandsaminga tidlegare ikkje har vore slik den burde, og at naboane opplever at kommunen har tatt seg til rette. Eit midlertidig tiltak kan utførast utan søknad, om det har ei varigheit på opptil 2 månadar, men teknisk sektor burde ha søkt om løyve til tiltak med ein gong det vart klart at lagringstida ville gå over 2 månadar.

Når det gjeld fristen som er satt til 01.11.2017, er dette fristen for å rette opp i det ulovlege tiltaket. I orientering og varsel om pålegg, gis det to alternativ til utbetring for at tiltaket ikkje skal vere ulovleg lengre. Det eine er å fjerne tiltaket, og det andre er å søke om løyve til tiltaket i ettertid. Teknisk sektor har her valt å søke om løyve til tiltak i ettertid. Det påpeikast at det ikkje vert søkt om forlenging av tidsfristen som er satt til 1.nov, men at det vert søkt om eit midlertidig tiltak, og det er ikkje tenkt at modulane skal stå lagra her i lengre tid. Grunnen til at kommunen vel å søke i ettertid, i staden for å fjerne tiltaket, er at prosessen med å finne plassering for etablering og bruk har tatt lengre tid enn forventa. Det er ikkje hensiktsmessig å flytte modulane til ny midlertidig plassering før plassering for etablering er bestemt.

Ansvarleg søker kan ikkje gjere noko med tidlegare sakshandsaming, anna enn å beklage at tiltaket ikkje vart søkt om i rett tid. Teknisk sektor tek no utgangspunkt i oversendt varsel om pålegg, og handsamar saken i tråd med pålegget. Som ansvarleg søker kan eg ikkje sjå at lagringa av modulane påverkar naboar utover det kosmetiske, og vurderer dette til å ikkje vere til særleg ulempe då lagringa er midlertidig.

Kommunen sine kommentarar til merknader:

- Plan og bygningslova opnar for at tiltakshavarar som har utført søknadspliktige tiltak utan å søkje, skal få mulegheit til å søkje i ettertid. Søknaden skal då handsast på lik linje som med andre søknadar.

Sektor for utvikling, som bygningsmynde, har pålagt kommunal teknisk sektor å rette det ulovlege forholdet ved å enten søkje eller tilbakeføring (med frist 1. nov-2017), jamfør orientering og varsel om pålegg, datert 31.08.2017.

Då området ikkje er nytta til noko anna, finn vi som bygningsmynde å gi løyve til mellombels lagring av brakkene der inntil vidare saksgang er avgjort.

Tiltakets areal / bygningsopplysningar som vert ført i matrikkelen

Utbygd areal (BYA):	57,6 m ² .
Bruksareal (BRA):	49,5 m ² .

Utforming av tiltaket / visuelle kvalitetar (pbl §§ (28-7,) 29-1 til 29-3)

Tiltaket er vurdert til å ha ei tilfredsstillande estetisk utforming.

Plassering av tiltak (pbl § 29-4)

Bygningens høgde og plassering er vurdert som tilfredsstillande.

Tilkomst og parkering (veglova §§ 40-43 og pbl §§ 27-4 og 28-7)

Tiltaket medfører ingen ny eller endra tilkomst.

Vassforsyning og avløp (pbl §§ 27-1 og 27-2)

Tiltaket medfører ingen ny eller endra situasjon når det gjeld VA.

Ferdigattest (pbl § 21-10)

Alle søknadspliktige tiltak skal avsluttast med ferdigattest som kommunen skal skrive ut når det ligg føre naudsynt sluttdokumentasjon/erklæring frå tiltakshavar. Erklæringa må fyllast ut og sendast inn til kommunen før tiltaket kan takast i bruk. Ver venleg å nytte vedlagte skjema.

Sakshandsamingsgebyr		
Mellombels dispensasjon	Kr	5 200,-
Mellombels lagring	kr	4 200,-
Uloyves plassering/manglende søknad	kr	4 700,-
<hr/>		
Sum sakshandsamingsgebyr	kr	14 100,-
<hr/>		

Faktura for sakshandsamingsgebyr vert ettersendt separat.

Dokumentliste

Søknad om løyve til tiltak m/ vedlegg, datert og motteke 05.10.2017.

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Ingvild Kalvatn
Ingeniør

kopi til:

- Kai Tore Myklebust, eigar av gnr 30, bnr 345
- Per Olav Myklebust, eigar av gnr 30, bnr 327
- Pergot Myklebust, eigar av gnr 30, bnr 228
- Liv Myklebust, eigar av gnr 30, bnr 229
- Bente og Ove Rune Søvik, eigar av gnr 30, bnr 230

Vedlegg:

- Generelle opplysningar om bortfall av løyve og om klagerett
- Skjema for utfylling og retur ved ferdigstilling av tiltaket

Generelle opplysningar

Bortfall av løyve, jf. plan- og bygningslova § 23-1	
Er tiltaket ikkje sett i gong seinast 3 år etter at rammeløyve / igangsetjingsløyve / løyve til tiltak er gjeve, fell løyve bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år. Føregåande avgjerd gjeld tilsvarande for dispensasjonar. Fristane kan ikkje forlengast.	
Vert eit tiltak innstilt i lengre tid enn 3 månader, kan kommunen krevje at stillas og innhegning som støyter mot veg / gate som er open for offentlig trafikk skal fjernast, og at gate og fortau vert rydda og sett i stand.	
Vert eit tiltak ståande utan framdrift i lengre tid enn 1 år, skal stillas fjernast og anlegget / tiltaket setjast i slik stand at det verkar minst mogleg til sjenanse for omgjevnadane. Varer dette lenger enn 2 år, kan kommunen krevje at tiltaket skal fjernast og at tomta / anlegget vert rydda. Ved reparasjon / ombygging, avgjer kommunen i kva for utstrekning byggverket skal førast tilbake til sin opphavlege stand.	
Løyve til tiltak etter § 20-1 første ledd bokstav m fell bort dersom det ikkje er rekvirert oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan tre år etter at løyve vart gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering.	

Opplysningar om rett til å klage over forvaltningsvedtak	
Klagerett	De har rett til å klage over eit forvaltningsvedtak.
Kven kan De klage til	Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, men sendast til det kommunale organet som har gjort vedtaket. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som følgje av klagen, vil den bli oversendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd
Fristen til å klage	Klagefristen er 3 veker frå den dagen melding om vedtaket kom fram til Dykk. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklårt for oss om De har klaga i rett tid, ber vi Dykk opplyse når De mottok denne meldinga. Dersom klaga blir send for seint, er det høve til å sjå bort frå ho. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen er ute. Om De har særleg grunn til det, kan De likevel søkje om å få forlenga klage-fristen. Årsaka til behovet for forlenga klagefrist bør då oppgjevast.
Rett til å krevje grunngeving	Dersom De ikkje alt har fått grunngeving for vedtaket, kan De setje fram krav om å få det. Eit slikt krav må setjast fram før klagefristen er ute. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist blir rekna frå det tidspunktet De får grunngevinga.
Innhaldet i klaga	I klagen skal De skrive kva for eit vedtak De klagar på, og nemne den eller dei endringane som De ønskjer. De bør også grunngi kvifor De klagar, og ta med eventuelle andre opplysningar som kan telje med når ein skal vurdere klagen. Klagen må underskrivast
Utsetjing av vedtak	Sjølv om De har klagerett, kan tiltaket dette vedtaket gjeld vanlegvis setjast i verk straks. De kan søkje om oppsetjande verknad. Kommunen vil då vurdere om igangsetjing av tiltaket bør utsetjast.
Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing	Med visse avgrensingar har De rett til å sjå saksdokumenta. De må i så fall vende Dykk til det kommunale organet som har sendt denne meldinga. De kan også få nærare rettleiing om klageretten, om korleis De skal gå fram når De klagar, og om reglane for saksbehandlinga elles.
Kostnader ved ev. klagesak	De kan søkje om å få dekt utgiftene til advokathjelp de treng, etter reglane om fritt rettsråd. Det gjeld likevel normalt visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannskontoret eller vedkommande advokat kan gi nærmare rettleiing. Det er også høve til å krevje dekning for større kostnader i samband med klagesaka, t.d. til advokathjelp. Vert vedtaket endra til fordel for ein part, kan ein også søkje om å få dekkta vesentlege kostnader i samband med saka.
Klage til Sivilombodsmannen	Det er også mogeleg å be Stortingets ombodsmann for forvaltningssaker / Sivilombodsmannen om å sjå på sakshandsaming / eventuelt avgjerd hos fylkesmannen.

Erklæring om ferdigstilling av tiltak utan ansvarsrett, jfr. plan- og bygningslova § 20-4

Søknad om ferdigattest

Denne erklæring må sendast inn før tiltaket kan takast i bruk

Søknadspiktlige tiltak skal avsluttes med ferdigattest, som utstedes av kommunen når det foreligger nødvendig sluttokumentasjon og erklæring om ferdigstilling fra tiltakshaver eller ansvarlig søker, jf Plan- og bygningsloven § 21-10.

Gnr.....

bnr.....

Saksnr.....

Tiltakshavar:

Telefon:

Adresse:

Postnr:

Stad:

Tiltak:

- | | | | |
|--|---------------------------------------|-----------------------------------|----------------------------------|
| <input type="checkbox"/> Driftsbygning | <input type="checkbox"/> Mur | <input type="checkbox"/> Nybygg | <input type="checkbox"/> Tilbygg |
| <input type="checkbox"/> Levegg | <input type="checkbox"/> Bruksendring | <input type="checkbox"/> Terrasse | <input type="checkbox"/> Bod |
| <input type="checkbox"/> Naust | <input type="checkbox"/> Riving | <input type="checkbox"/> Uthus | <input type="checkbox"/> Anna |

Kort skildring av kva som er utført:

(Foto kan nyttast som tilleggskumentasjon til denne søknaden)

Sluttokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og reglane gitt i eller i medhald av denne lov, jf. Plan- og bygningsloven § 24-10

- Eg stadfestar at det omsøkte tiltaket er utført i tråd med delegert vedtak nr....., og at tiltaket er i samsvar med SAK (byggesaksforskrift) og TEK (Teknisk forskrift) gitt i eller i medhald av plan- og bygningsloven.**

Tiltakshavar søker Volda kommune om utsteding av ferdigattest, jf SAK § 8-1

.....
Stad

/

Dato

Underskrift

Søknad leverast/sendast til: Volda kommune, Stormyra 2, 6100 Volda

Søknad om dispensasjon

Det søkjast om dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan i samband med søknad om midlertidig lagring av ein bustadsmodul på tomt gbr 30/335.

Gjeldande reguleringsplan for området er «Næringsområde Øvre Rotset», og denne syner at lagringsområdet for bustadsmodulen går inn på to ulike reguleringsområder i planen. Ein liten del av lagringsplassen er inne på eit område som er regulert til vegetasjonsskjerm, medan størstedelen er inne på eit område som er regulert til forretning/kontor/industri.

Det søkjast om dispensasjon frå reguleringsplanen, då lagringa av bustadsmodulen er for ei kort periode, og berre fram til søknad om endeleg plassering er ferdig handsama. Det føreligg ingen planar om utvikling av området i dag og det er dermed høgst usannsynleg at plasseringa vil føre til hindring for utviklinga.

Bustadsmodulen er ikkje etablert på nokon måte, og vil ikkje bli brukt eller tilkopla tekniske anlegg under lagringsperioden. Bustadsmodulen er lett å flytte, og vil bli flytta til ny plassering så snart denne er avklart.

Vedlegg nr.
C - 1

Nullstill



Opplysningar gjeve i nabovarsel skal sendast kommunen saman med søknaden

(Gjenpart av nabovarsel)

Pbl § 21-3

Tiltak på eigedommen:							
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eigedomen si adresse	Postnr.	Poststad	
30	335	0	0	-	6100	Volda	
Eigar/festar				Kommune			
Volda kommune				Volda			

Det varslast med dette om							
<input type="checkbox"/> Nybygg	<input type="checkbox"/> Anlegg	<input type="checkbox"/> Endring av fasade	<input type="checkbox"/> Riving				
<input type="checkbox"/> Påbygg/tilbygg	<input type="checkbox"/> Skilt/reklame	<input type="checkbox"/> Innhegning mot veg	<input type="checkbox"/> Bruksendring				
<input checked="" type="checkbox"/> Mellombels bygning, konstruksjon eller anlegg	<input type="checkbox"/> Antennesystem	<input type="checkbox"/> Oppretting/ending av matrikkeleining (eigedomsdeling) eller bortfeste	<input type="checkbox"/> Anna				
Dispensasjon etter plan- og bygningslova kapittel 19							
<input type="checkbox"/> Plan- og bygningslova med forskrifter	<input type="checkbox"/> Kommunale vedtekter	<input type="checkbox"/> Arealplanar	<input type="checkbox"/> Veglova	Vedlegg nr. B -			

Arealdisponering	
Set kryss for gjeldande plan	
<input type="checkbox"/> Arealdel av kommuneplan	<input checked="" type="checkbox"/> Reguleringsplan
<input type="checkbox"/> Utbyggingsplan	
Namn på plan	
Næringsområde Øvre Rotset	

Beskriv nærare kva nabovarslet gjeld
Nabovarslet gjeld midlertidig lagring av bustadsmodul. Bustadsmodulen skal ikkje brukast under lagringstida, og den vert heller ikkje tilkopa tekniske installasjonar. Lagringa er mellombels medan ny midlertidig plassering for bruk vert bestemt.
Vedlegg nr. Q -

Spørsmål som gjeld nabovarsel skal rettast til			
Føretak/tiltakshavar			
Volda kommune			
Kontaktperson, namn	E-post	Telefon	Mobil
Siri Birkeland Solheim	sirsol@volda.kommune.no	70058700	90807347
Søknaden finst på heimeside: (ikkje obligatorisk)			

Merknader skal sendast til	
Eventuelle merknader skal vere mottekne innan 2 veker etter at dette varslet er sendt. Ansvarleg søkjar/tiltakshavar skal saman med søknad sende innkomne merknader og gjere greie for ev. endringar.	
Namn	Postadresse
Eigedomsavdelinga	Stormyra 2
Postnr. Poststad	E-post
6100 Volda	sirsol@volda.kommune.no

Beskriving av vedlegg	Gruppe	Nr. frå - til	Ikkje relevant
Dispensasjonssøknad/vedtak	B	—	<input checked="" type="checkbox"/>
Situasjonsplan	D	1 — 1	<input type="checkbox"/>
Teikningar snitt, fasade	E	—	<input checked="" type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q	2 — 2	<input type="checkbox"/>

Underskrift		
Tilsvarande opplysningar med vedlegg er sendt i nabovarsel til naboar og gjenbuvarar som er berørte. Kvittering for nabovarsel viser mottakarar av nabovarslet.		
Stad	Dato	Underskrift ansvarleg søkjar eller tiltakshavar
Volda	5/10-17	Siri Birkeland Solheim
		Gjenta med blokkbokstavar
		SIRI BIRKELAND SOLHEIM

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 17/1588	Avc. DTU
Løpenr.	Sns/ugdel
19 SEPT 2017	
Arkivdel: Bygg	
Klassering P:	

Vedlegg	Side	1 - av
C- 2	1	2

Nullstill



Kvittering for nabovarsel skal sendast kommunen saman med søknaden

Nabovarsel kan anten sendast som rekommandert sending, overleverast personleg mot kvittering eller sendast på e-post mot kvittering. Med kvittering for at e-posten er motteken meinst e-post frå nabo/gjenbuar som stadfester at nabovarslet er motteke. Ved personleg overlevering vil signatur gjelde som stadfesting av at varslet er motteke. Det kan òg signerast på at ein gir samtykke til tiltaket.

Tiltaket gjeld							
Eigedom/byggjestad	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bustadnr.	Kommune
	30	335	0	0			Volda
Adresse					Postnr.	Poststad	
					6100	Volda	

Følgjande naboar har motteke eller fått rek. sending av vedlagte nabovarsel med tilhøyrande vedlegg:

Nabo-/gjenbuareigedom				Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom		
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Namn på eigar/festar		Dato sendt e-post
30	230			Bente Høydal Søvik		
Adresse				Adresse		
Granheim 1				Granheim 1		
				Denne del klistres på kvittering RA 0329 7312 7NO		
Postnr.	Poststad			Postnr.	Poststad	Poststaden sitt reg.nr.
6100	Volda			6100	Volda	
Personleg kvittering for		Dato		Personleg kvittering for		Dato
<input type="checkbox"/> motteke varsel				<input type="checkbox"/> samtykke til tiltaket		

Nabo-/gjenbuareigedom				Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom		
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Namn på eigar/festar		Dato sendt e-post
30	230			Ove Rune Søvik		
Adresse				Adresse		
Granheim 1				Granheim 1		
				Denne del klistres på kvittering RA 0329 7313 5NO		
Postnr.	Poststad			Postnr.	Poststad	Poststaden sitt reg.nr.
6100	Volda			6100	Volda	
Personleg kvittering for		Dato		Personleg kvittering for		Dato
<input type="checkbox"/> motteke varsel				<input type="checkbox"/> samtykke til tiltaket		

Nabo-/gjenbuareigedom				Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom		
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Namn på eigar/festar		Dato sendt e-post
30	347			Brændes Rørleggerforretning AS		
Adresse				Adresse		
Rotsetstranda 1				Hamnegata 1		
				Denne del klistres på kvittering RA 0329 7314 4NO		
Postnr.	Poststad			Postnr.	Poststad	Poststaden sitt reg.nr.
6100	Volda			6100	Volda	
Personleg kvittering for		Dato		Personleg kvittering for		Dato
<input type="checkbox"/> motteke varsel				<input type="checkbox"/> samtykke til tiltaket		

Nabo-/gjenbuareigedom				Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom		
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Namn på eigar/festar		Dato sendt e-post
30	381			Gjelsvik Eigedom AS		
Adresse				Adresse		
				Andanesvegen 15A		
				Denne del klistres på kvittering RA 0329 7315 8NO		
Postnr.	Poststad			Postnr.	Poststad	Poststaden sitt reg.nr.
6100	Volda			6100	Volda	
Personleg kvittering for		Dato		Personleg kvittering for		Dato
<input type="checkbox"/> motteke varsel				<input type="checkbox"/> samtykke til tiltaket		

Nabo-/gjenbuareigedom				Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom		
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Namn på eigar/festar		Dato sendt e-post
30	10			Jostein Helset		
Adresse				Adresse		
Rotsetstranda 9				Nørdalsvegen 88		
				Denne del klistres på kvittering RA 0329 7316 1NO		
Postnr.	Poststad			Postnr.	Poststad	Poststaden sitt reg.nr.
6100	Volda			6120	Folkestad	
Personleg kvittering for		Dato		Personleg kvittering for		Dato
<input type="checkbox"/> motteke varsel				<input type="checkbox"/> samtykke til tiltaket		

Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovannemnde adressatar.

Samla tal sendingar: _____ Sign.  18/9-17

Kvittering for nabovarsel skal sendast kommunen saman med søknaden

Nabovarsel kan anten sendast som rekommandert sending, overleverast personleg mot kvittering eller sendast på e-post mot kvittering. Med kvittering for at e-posten er motteken meinst e-post frå nabo/gjenbuar som stadfester at nabovarslet er motteke. Ved personleg overlevering vil signatur gjelde som stadfesting av at varslet er motteke. Det kan òg signerast på at ein gir samtykke til tiltaket.

Tiltaket gjeld							
Eigedom/ byggjestad	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bustadnr.	Kommune
	30	335	0	0			Volda
	Adresse				Postnr.	Poststad	
					6100	Volda	

Følgjande naboar har motteke eller fått rek. sending av vedlagte nabovarsel med tilhøyrande vedlegg:

Nabo-/gjenbuareigedom				Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Namn på eigar/festar			Dato sendt e-post
30	345			Kai Tore Myklebust			
Adresse				Adresse			
Granheim 2				Granheim 2			
Postnr.	Poststad	Postnr.	Poststad	Poststaden sitt reg.nr.			
6100	Volda	6100	Volda				
Personleg kvittering for	Dato	Sign.		Personleg kvittering for	Dato	Sign.	
<input type="checkbox"/> motteke varsel				<input type="checkbox"/> samtykke til tiltaket			

Denne del klistres på kvittering RA 0329 7317 5NO

Nabo-/gjenbuareigedom				Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Namn på eigar/festar			Dato sendt e-post
Adresse				Adresse			
Granheim 2				Granheim 2			
Postnr.	Poststad	Postnr.	Poststad	Poststaden sitt reg.nr.			
6100	Volda	6100	Volda				
Personleg kvittering for	Dato	Sign.		Personleg kvittering for	Dato	Sign.	
<input type="checkbox"/> motteke varsel				<input type="checkbox"/> samtykke til tiltaket			

Nabo-/gjenbuareigedom				Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Namn på eigar/festar			Dato sendt e-post
Adresse				Adresse			
Granheim 2				Granheim 2			
Postnr.	Poststad	Postnr.	Poststad	Poststaden sitt reg.nr.			
6100	Volda	6100	Volda				
Personleg kvittering for	Dato	Sign.		Personleg kvittering for	Dato	Sign.	
<input type="checkbox"/> motteke varsel				<input type="checkbox"/> samtykke til tiltaket			

Nabo-/gjenbuareigedom				Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Namn på eigar/festar			Dato sendt e-post
Adresse				Adresse			
Granheim 2				Granheim 2			
Postnr.	Poststad	Postnr.	Poststad	Poststaden sitt reg.nr.			
6100	Volda	6100	Volda				
Personleg kvittering for	Dato	Sign.		Personleg kvittering for	Dato	Sign.	
<input type="checkbox"/> motteke varsel				<input type="checkbox"/> samtykke til tiltaket			

Nabo-/gjenbuareigedom				Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom			
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Namn på eigar/festar			Dato sendt e-post
Adresse				Adresse			
Granheim 2				Granheim 2			
Postnr.	Poststad	Postnr.	Poststad	Poststaden sitt reg.nr.			
6100	Volda	6100	Volda				
Personleg kvittering for	Dato	Sign.		Personleg kvittering for	Dato	Sign.	
<input type="checkbox"/> motteke varsel				<input type="checkbox"/> samtykke til tiltaket			


Det er per dags dato innlevert rekommandert sending til ovannemnde adressatar.

Samla tal sendingar: _____

Sign.


[Handwritten signature] 18/19-17

Vedlegg 1 – Situasjonsplan



Vedlegg 2 – Foto







VOLDA KOMMUNE KOMMUNALTEKNISK AVDELING v/Rune Totland

Stormyra 2
6100 VOLDA

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/sakshandsamar	Dato
2017/1588	11091/2017	30/335	UTV/ INGVKAL	31.08.2017

ORIENTERING OG VARSEL OM PÅLEGG GBR 30/335

Førehandsvarsling i samsvar med forvaltningslova § 16

Byggestad:	Rotset, 6100 VOLDA	Gnr/Bnr:	30/335
Tiltak:	Midlertidig/transportabel bygning		
Tiltakshavar:	VOLDA KOMMUNE	Adresse:	Stormyra 2, 6100 VOLDA
	KOMMUNALTEKNISK		
	AVDELING		

Innleiing/orientering

Bygningsmynde har vorte gjort merksam på at det er plassert brakker på eigedom på Rotset som ikkje er søkt om. Sidan desse har stått lagra lenger enn 2 veker vurderar bygningsmynde tiltaket som søknadspliktig.

Konklusjonen er derfor at tiltaket er ulovleg inntil det anten blir fjerna eller eventuelt vert godkjent av bygningsmynde etter handsaming av søknad i ettertid.

Innsending av søknad i ettertid

Det vert med dette høve til å søke om løyve til tiltaket ettertid, ved innsending av søknad løyve til tiltak etter pbl § 20-1.

Ei godkjenning avheng likevel av om krava i plan- og bygningslova (pbl), eller bestemningar gitt i medhald av denne lov, kan etterkomast. Dette gjelder også bestemningar i byggteknisk forskrift, kommunale vedtekter og arealplanar.

Varsel om pålegg

Etter plan- og bygningslova § 32-2 varslast det om at pålegg om tilbakeføring eller anna bli vurdert dersom forholdet ikkje er retta innan **01.11.2017**.

Heimel for pålegget er pbl § 32-3.

Vi gjer vidare merksam på at manglande etterfølging av eit eventuelt pålegg kan følgjast opp med tvangsmulkt, og/eller førelegg som igjen kan få same verknad som rettskraftig dom. Om dette, mot det ein skulle vente seg, skulle bli aktuelt vil det bli varsla særskilt i eige brev.

Innsyn

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no	www.volda.kommune.no
	Telefon: 70058761	Org. nr: 939 760 946
	Telefaks:	Bankgiro: 3991.07.81727

Etter forvaltningslova § 18 gjer vi merksam på dykkar rett til å gjere dykk kjent med saka sine dokument.

Rettleiing frå oss/gebyr

Ta kontakt med oss om dykk har spørsmål vedrørande dette brevet, eller om dykk ønskjer fleire opplysningar.

Ved kontakt med kommunen i denne saka, ver venleg å oppgi saksnummer 2017/1588.

Med helsing

Jørgen Vestgarden
Utviklingsjef

Ingvild Kalvatn
ingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:

Per Olav Myklebust	Granheim 4	6100	
Kai Tore Myklebust	Granheim 2	6100	Volda
Pergot Tove Myklebust	Granheim 3	6100	Volda
Liv Berit Myklebust	Granheim 5	6100	
Bente Høydal Søvik	Granheim 1	6100	
Ove Rune Søvik	Granheim 1	6100	Volda

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-4 og SAK kap. 3

Opplysningar gitt i søknaden eller vedlegg til søknaden vil bli registrerte i matrikkelen.

Blir det søkt om dispensasjon frå plan- og bygningslova, forskrift eller arealplan?	<input checked="" type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei
Er det behov for løyve/samtykke/uttale frå anna myndigheit?	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei
Dersom ja, er ikkje vilkåra oppfylte for 3 veker saksbehandling, jf. pbl § 21-7 tredje ledd		
Nabovarsling, jf. pbl 21-3, skal vere gjennomført før søknaden blir sendt til kommunen. (Blankett 5154, 5155, 5156).		
Ligg det føre merknader frå naboar eller gjenbuuarar?	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei
Dersom nei på alle spørsmåla over, er løyve å sjå på som gitt tre veker etter at fullstendig søknad er motteken i kommunen		
Skal tiltaket prosjekterast og utførest i samsvar med TEK10, etter overgangføresegna i TEK17 § 17-2?	<input checked="" type="checkbox"/> Ja	<input type="checkbox"/> Nei

Søknaden gjeld							
Eigedom/ byggjestad	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bustadnr.	Kommune
	30	335	0	0			Volda
	Adresse				Postnr.	Poststad	
	-				6100	Volda	
Tiltaket si art	Mindre tiltak til bebygd eigedom, pbl § 20-4 og SAK kap. 3						
	<input type="checkbox"/> Tilbygg < 50 m ²	<input type="checkbox"/> Frittliggjande bygning (ikkje bustadformål) < 70 m ²	<input type="checkbox"/> Skilt/reklame (SAK10 § 3-1 d)				
	<input type="checkbox"/> Driftsbygning i landbruket med samla bruksareal (BRA) mindre enn 1000 m ² , jf. pbl § 20-4 bokstav b) og SAK10 § 3-2						
	<input checked="" type="checkbox"/> Mellombels bygning/konstruksjon/anlegg (som ikkje skal plasserast for lengre tidsrom enn 2 år)						
	<input type="checkbox"/> Bruksending frå tilleggsdel til hovuddel eller omvendt innanfor ein brukseining						
	<input type="checkbox"/> Riving av tiltak som nemnt i SAK10 § 3-1						
	<input type="checkbox"/> Oppretting/ending av matrikkeleining	<input type="checkbox"/> Grunn-eigedom	<input type="checkbox"/> Anleggs-eigedom	<input type="checkbox"/> Festegrund over 10 år	<input type="checkbox"/> Arealoverføring		
	<input type="checkbox"/> Anna:						
	Planlagt bruk/formål	Beskriv					
		Midlertidig lagring, tiltaket skal ikkje brukast og vert ikkje tilkopa tekniske anlegg					

Arealdisponering							
Planstatus mv.	Set kryss for gjeldande plan						
	<input type="checkbox"/> Arealdel av kommuneplan	<input checked="" type="checkbox"/> Reguleringsplan			<input type="checkbox"/> Utbyggingsplan		
	Namn på plan						
	Næringsområde Øvre Rotset						
Areal	BYA eksisterande	BYA nytt	Sum BYA	BRA eksisterande	BRA nytt	Sum BRA	Tomteareal
		57,6 m ²	57,6 m ²		49,5 m ²	49,5 m ²	
Grad av utnytting	Vis berekning av grad av utnytting. Rettledning finst på www.dibk.no eller kontakt kommunen						

Plassering			
Plassering av tiltaket	Kan høgspent kraftlinje vere i konflikt med tiltaket?	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei
	Dersom ja, må avklaring med aktuell rettshavar vere dokumentert		
	Kan vass- og avløpsleidningar vere i konflikt med tiltaket?	<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei
	Dersom ja, må avklaring med aktuell rettshavar vere dokumentert		
Avstand	Minste avstand til nabogrense	<input type="text"/>	m
	Minste avstand til anna bygning	<input type="text"/>	m
	Minste avstand til midten av veg	<input type="text"/>	m
Dette skal visast på situasjonsplanen			

Krav til byggjegrunn (pbl § 28-1)		
Flaum (TEK17 § 7-2)	Skal byggverket plasserast i flaumutselt område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja	Vedlegg nr.
Skred (TEK17 § 7-3)	Skal byggverket plasserast i skredutselt område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja	Vedlegg nr.
Andre natur- og miljøforhold (pbl § 28-1)	Ligg det føre vesentleg ulempe som følgje av natur- og miljøforhold? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja Dersom ja, beskriv kompensierende tiltak i vedlegg	Vedlegg nr.

Tilknytning til veg og leidningsnett		
Tilkomst veglova §§ 40-43 pbl § 27-4	Gir tiltaket ny/endra tilkomst <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Tomta har tilkomst til følgjande veg som er opparbeidd og open for alminneleg ferdsel: <input type="checkbox"/> Riksveg/fylkesveg Er avkøyringsløyve gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Kommunal veg Er avkøyringsløyve gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Privat veg Er vegrett sikra ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Overvatn	Takvatn/overvatn blir ført til: <input type="checkbox"/> Avløpssystem <input checked="" type="checkbox"/> Terreng	
<i>Felta "Vassforsyning" og "Avløp" skal berre fyllast ut for driftsbygning i landbruket, mellombels tiltak eller oppretting av matrikkeleining.</i>		
Vassforsyning pbl §§ 27-1, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta <input type="checkbox"/> Offentleg vassverk <input type="checkbox"/> Privat vassverk* * Beskriv <input type="checkbox"/> Anna privat vassforsyning, innlagt vatn* <input type="checkbox"/> Anna privat vassforsyning, ikkje innlagt vatn* Dersom vasstillførsel føreset tilknytning til anna privat leidning eller kryssar annan sin grunn, ligg det føre rett til dette ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Vedlegg nr. Q -
Avløp pbl §§ 27-2, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta <input type="checkbox"/> Offentleg avløpsanlegg <input type="checkbox"/> Privat avløpsanlegg Skal det installerast vassklosett? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Ligg det føre utsleppsløyve? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Dersom avløpsanlegg føreset tilknytning til anna privat leidning eller kryssar annan sin grunn, ligg det føre rett til dette ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Vedlegg nr. Q -

Vedlegg			
Beskriving av vedlegg	Gruppe	Nr. frå – til	Ikkje relevant
Dispensasjonssøknader/innvilga dispensasjon	B	1 – 1	<input type="checkbox"/>
Kvittering for nabovarsel/Opplysningar gitt i nabovarsel/nabomerknader/kommentarar til nabomerknader	C	1 – 2	<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan/avkøyringsplan	D	1 – 1	<input type="checkbox"/>
Teikningar plan, snitt, fasade (eksisterande)	E	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Teikningar plan, snitt, fasade (ny)	E	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Uttale/vedtak frå anna myndigheit SAK10 § 6-2 og pbl § 21-5	I	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Rekvisisjon av oppmålingsforretning	J	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q	1 – 1	<input type="checkbox"/>

Erklæring og underskrift		
Tiltakshavar		
Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltaket ift. plan- og bygningslova (pbl), byggtknisk forskrift og gitt løyve.		
Namn Volda kommune	Telefon (dagtid)	Mobiltelefon 90807347
Adresse Stormyra 2	Postnr. 6100	Poststad Volda
Dato 11.10.17	Underskrift Siri Birkeland Solheim	E-post sirsol@volda.kommune.no
Gjenta med blokkbokstavar SIRI BIRKELAND SOLHEIM		Eventuelt organisasjonsnr.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Regine Solberg Aklestad	Arkivsak nr.:	2017/2238
		Arkivkode:	C44

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
26/18	Forvaltningsutvalet	06.03.2018
	Formannskapet	13.03.2018
	Kommunestyret	22.03.2018

BYGNINGSMILJØ OG ESTETISK RETTLEIAR - VEDTAK

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret tek dokumentet «Bygningssmiljø og estetisk rettleiar Volda sentrum», datert 15.02.2018 til vitende, og ber om at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel 2018–2030.

Vedleggsliste:

Bygningssmiljø og estetisk rettleiar Volda sentrum, datert 15.02.2018 (link: <https://indd.adobe.com/view/2a2d00b2-5334-4549-9b29-baade7bac047>)
Innspel til «Bygningssmiljø og estetisk rettleiar Volda sentrum».

Uprenta saksvedlegg:

Planprogram kommuneplanen sin arealdel
«Bygningssmiljø og estetisk rettleiar», høyringsutkast datert 24.11.2017

Samandrag av saka:

I planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel står det at det skal utarbeidast føresegner og retningsliner for estetikk og bygningssmiljø i Volda kommune. Arbeidet med dokumentet "Bygningssmiljø og estetisk rettleiar" starta i juni 2017. Desember 2017 vart dokumentet sendt ut på høyring. Administrasjonen har gått gjennom innspel og oppdatert dokumentet. Administrasjonen ynskjer at dokumentet handsamast både av forvaltningsutvalet og formannskapet, før det går vidare til kommunestyret. Administrasjonen ynskjer at dokumentet skal ligge til grunn for kommuneplanen sin arealdel 2018–2030.

Saksopplysningar/fakta:

I planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel står det at det skal utarbeidast føresegner og retningslinjer for estetikk og bygningsmiljø i Volda kommune. Arbeidet med dette dokumentet starta juni 2017 og har vore leia av planleggar ved sektor for utvikling i Volda kommune. I oppstarten vart det oppretta ein arbeidsgruppe for prosjektet. Arbeidsgruppa har bestått av representantar frå Volda kommune, kulturvernseksjonen i Møre og Romsdal fylkeskommune og historikar frå Høgskulen i Volda. Parallelt med prosjektet har ein utarbeidd ein kulturminneplan for kommunen, og prosjektgruppa for kulturminneplanen har også vore involvert i dette arbeidet. Personale ved biblioteket har vore til stor hjelp med å finne informasjon knytt til dokumentet. I tillegg har ein vore i kontakt med andre lokale einskildpersonar for å samle informasjon.

Mål for arbeidet

Arbeidsgruppa har definert målsettinga med arbeidet slik:

- Bidra til å styrke Volda sitt særpreg og identitet.
- Synleggjere Volda sitt særpreg og kvalitetar innan bygningsmiljø.
- Ta stilling til kva område kommunen ynskjer å ta vare på og i kva grad.
- Utarbeide eit dokument med føresegner og estetiske retningslinjer.
- Medverke til betre informasjon og kommunikasjon om estetikk i byggesaker.
- Medverke til at sakshandsamarar og politikarar i kommunen vert tryggare og sterkare fagleg innafor temaet estetikk.

Dokumentet skal vere eit grunnlag for kommuneplanen sin arealdel og framtidige reguleringsplanar. I utforminga av dokumentet er det lagt vekt på at rettleiaren skal kunne nyttast som råd og hjelp til tiltakshavar, arkitektar og prosjekterande. Etter handsaming i kommunestyret vil dokumentet publiserast m.a. på kommunen sine heimesider. Det kan også vere aktuelt å trykke opp dokumentet, slik at det kan delast ut til politikarar, utbyggjarar, publikum og andre interesserte.

Innhald

Dokumentet inneheld fylgjande hovudkapittel:

- 1 Innhald
- 2 Innleiing
- 3 Tilskot
- 4 Historisk utvikling av tettstaden Volda
- 5 Volda-landskapet
- 6 Verdifulle bygningsmiljø
- 7 Estetisk rettleiar for restaurering og tilpassing
- 8 Bygningar av nasjonal og regional verdi
- 9 Kjelder
- 10 Nyttige nettsider

Kapittel 6 Verdifulle bygningsmiljø inneheld utvalte område med særlege kvalitetar knytt til bygningsmiljø. Kapittelet inneheld ei omtale av dei ulike områda, kjenneteikn, planstatus og retningslinjer og rutinar for utvikling.

Høyring

Dokumentet vart sendt på høyring 12.12.2017. Det kom inn sju innspel til rettleiaren. Volda kommune takkar for innkomne innspel og gode tilbakemeldingar. Innspel med kommentar frå administrasjonen er samla i vedlegg 2. Kort oppsummering:

- Jorun Marie Kvernberg: innspel knytt til Anders Vassbotnvegen 23 og Kylnevegen 2.
Kommentar frå administrasjonen: Justeringar i samsvar med innspel er teke inn i kapittel 8.3 Bygningar med høg lokal verdi.
- Røysgarden sameige: innspel knytt til Røysgarden.
Kommentar frå administrasjonen: Ingen endringar i dokumentet.
- Roar Driveklepp: innspel knytt til kapittel 6.11 Uthus
Kommentar frå administrasjonen: Kapittel 6.11 Uthus i rettleiaren vert oppdatert i samsvar med innspel.
- Roar Driveklepp: innspel knytt til kapittel 6.1 Halkjelsvika, angående forretning og andre publikumsretta funksjonar på gateplan.
Kommentar frå administrasjonen: Punktet «Det bør spesifiserast i føresegnene at det skal vere forretning eller anna publikumsretta funksjonar på gateplan i området...» er forandra til «Det bør spesifiserast i føresegnene at det skal vere forretning eller andre publikumsretta funksjonar på gateplan i Snippa og Halkjelsgata.» I tillegg har ein lagt til punktet «Nye fortettings- eller utviklingsprosjekt bør også ha publikumsretta funksjonar på gateplan.»
- Anne-Sofie Egset og Jakob Kjøde jr.: Innspel knytt til Gamlevegen 2.
Kommentar frå administrasjonen: Justeringar i samsvar med innspel er teke inn i kapittel 8.3 Bygningar med høg lokal verdi.
- Stiftinga Gamlegymnaset i Volda: generelle kommentarar.
Kommentar frå administrasjonen: Ingen endringar i dokumentet.
- Møre og Romsdal fylkeskommune: generelle kommentarar.
Kommentar frå administrasjonen: Ingen endringar i dokumentet.
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal: generelle kommentarar.
Kommentar frå administrasjonen: Ingen endringar i dokumentet.
- Andre justeringar frå administrasjonen: I kapittel 6.1 har ein teke med ei kort omtale av reguleringsplan for Moritzmarka, som ikkje var med i høyringsutkastet. Ein har i tillegg oppdatert avgrensinga av området (i kartskissa i same kapittel) i samsvar med dette.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen kjente konsekvensar.

Økonomiske konsekvensar:

Rettleiaren har ingen kjente økonomiske konsekvensar.

Etter handsaming i kommunestyret kan det vere aktuelt å trykke opp dokumentet, slik at det kan delast ut til utbyggjarar, publikum og andre interesserte.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen kjente konsekvensar.

Vurdering og konklusjon:

Kommunestyret tek dokumentet «Bygningsmiljø og estetisk rettleiar Volda sentrum», datert 15.02.2018 til vitande, og ber om at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel 2018–2030.

Rune Sjugard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Eiga liste

Klageinstans:

Fylkesmannen



BYGNINGSMILJØ OG ESTETISK RETTLEIAR

VOLDA SENTRUM



15.02.2018

FORORD

Volda sentrum har mange kvalitetar det er viktig å take vare på. Volda var, er og blir i endå større grad i framtida sentrum i ein region med over 70.000 innbyggjarar og som aukar presset på arealbruk og omstilling. Volda er sentrum for offentleg verksemd, men også eit viktig sentrum for privat service – «alle vegar fører til Volda». Omstillingspress krev fortetting og ombygging, korleis skal vi gjere dette slik at vi utviklar gode bygningsmiljø og gjere Volda endå meir attraktiv for innbyggjarar og besøkande? Å gi gode og klare svar på desse og anna estetiske spørsmål er det overordna målet med denne rettleiaren.

I rettleiaren har arbeidsgruppa formulert desse måla:

- Bidra til å styrke Volda sitt særpreg og identitet.
- Synleggjere Volda sitt særpreg og kvalitetar innan bygningsmiljø.
- Ta stilling til kva område kommunen ynskjer å ta vare på og i kva grad.
- Utarbeide eit dokument med føresegner og estetiske retningslinjer.
- Medverke til betre informasjon og kommunikasjon om estetikk i byggesaker.
- Medverke til at sakshandsamarar og politikarar i kommunen vert tryggare og sterkare fagleg innafor temaet estetikk.

Dette er viktige mål og eg meiner rettleiaren gir gode svar. På vegne av oss innbyggjarar og politikarar i kommunen er eg stolt og glad for innsatsen som arbeidsgruppa har gjort for å hjelpe oss i dette viktige arbeidet.

Jørgen Amdam
Ordførar

1 INNHALD

	Forord	s. 2
1	Innhald	s. 2
2	Innleiing	s. 2
2.1	Bakgrunn for arbeidet	s. 2
2.2	Avgrensing av arbeidet	s. 2
2.3	Kva er eit bygningsmiljø?	s. 3
2.4	Kvifor ta vare på bygningsmiljøet?	s. 4
2.5	Gjennomføring og metode	s. 4
2.6	Mål for arbeidet	s. 4
2.7	Lovverk	s. 4
3	Tilskot	s. 5
4	Historisk utvikling av tettstaden Volda	s. 6
4.1	Volda fram til 1910	s. 6
4.2	Volda i mellomkrigstida	s. 8
4.3	Volda etter 1945	s. 10
4.4	Volda i 2017 og gjeldande planar	s. 12
5	Voldalandskapet	s. 14
5.1	Karakteristiske element	s. 14
5.2	Historisk utvikling av tilknytninga til landskapet	s. 14
6	Verdifulle bygningsmiljø	s. 16
6.1	Halkjelsvika	s. 16
6.2	Hauane	s. 18
6.3	Elvadalen	s. 20
6.4	Rotsetfjøra	s. 22
6.5	Sveitserrekka	s. 24
6.6	Vevendelvegen, Storgata og Porsemyrvegen	s. 26
6.7	Brenslene, Granlida og Furebakken	s. 28
6.8	Skuleløypa	s. 30
6.9	Skifertak	s. 32
6.10	Løer	s. 34
6.11	Uthus	s. 36
7	Estetisk rettleiar for restaurering og tilpassing	s. 38
7.1	Restaurering og tilpassing	s. 38
7.2	Tilbygg på eldre hus	s. 39
7.3	Fortetting og nye bygg	s. 40
7.4	Huset sin tilstand og moglegheiter	s. 40
8	Bygningar av nasjonal og regional verdi	s. 41
8.1	Bygningar med nasjonal verdi	s. 41
8.2	Bygningar med regional verdi	s. 42
8.3	Bygningar med lokal høg verdi	s. 44
9	Kjelder	s. 49
10	Nyttige nettsider	s. 50

2 INNLEIING

2.1 Bakgrunn for arbeidet

I planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel står mellom anna fylgjande to arealstrategiar:

- Volda sitt særpreg og identitet skal styrkast ved å sikre den eldre trehusbebyggelsen og anna særprega arkitektur, ta vare på smug, fjordgløtt og grønne lungar og sikre eit ope sentrum mot fjorden.
- Legge til rette for fortetting og transformasjon i og nær sentrumskjernen, som støttar opp om utvikling av eit sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar.

I planprogrammet står det også at det skal utarbeidast føresegner og retningsliner for estetikk og bygningsmiljø i Volda kommune. Dokumentet skal leggast til grunn for kommuneplanen sin arealdel.

2.2 Avgrensing av arbeidet

For å avgrense arbeidet inneheld dette heftet ein gjennomgang av bygningsmiljø i eller knytt til tettstaden Volda. Det er lagt vekt på å undersøkje eksisterande bygningsmiljø med spesiell verdi.

2.3 Kva er eit bygningsmiljø?

Eit bygningsmiljø er ein samling av bygningar som er plassert slik at dei kan oppfattast under eitt. Det kan til dømes vere ein einskapleg bygningsmasse rundt eit gateløp, ein plass eller eit grøntområde. Bygningsmiljø kan vere alt frå ei mindre husgruppe på nokre få bygningar i eit lokalt miljø, til meir spreidd bygdebebyggelse og deler av eller heile byar eller tettstadar. I ordet bygningsmiljø er det vanleg å legge eigenskapar som "einskapleg", "harmonisk" eller "med felles trekk".



Bygningar og bygningsmiljø er fysiske element i det offentlege rom som fortel historier om ulike tidsepokar. Bygningane gjer historiene levande og lettare å forstå for oss som lever i dag, og for dei som kjem etter oss.

2.4 Kvifor ta vare på bygningsmiljøet?

Bygningsmiljøet avspeglar både det fysiske landskapet, lokale og nasjonale hendingar, lovverk og trendar. Dagens byar og bygder ber med seg spor etter historia. Desse spora karakteriserar staden og gir den særpreg og eigenart. Bygningar og bygningsmiljø er med på å gjere historier levande.

Bygningsmiljøet i Volda er ein del av kulturarven, og representerar viktige verdiar og felles ressursar for samfunnet i dag – og i framtida. Opplevingsverdien, identitetsverdien, symbolverdien og kunnskapsverdien er viktige sider av kulturarven si samfunnsmessige verdi. Kulturarven kan også nyttast til å auke stadens omdømme og konkurransekraft, til å tiltrekke besøkande og til merkevarebygging.

2.5 Gjennomføring og metode

Arbeidet med dette dokumentet starta juni 2017 og har vore leia av planleggar ved sektor for utvikling i Volda kommune. I oppstarten vart det oppretta ein arbeidsgruppe for prosjektet. Arbeidsgruppa har bestått av representantar frå Volda kommune, kulturvernseksjonen i Møre og Romsdal fylkeskommune og historikar frå Høgskulen i Volda. Parallellt med dette prosjektet har det vore arbeidd med ein kulturminneplan for kommunen, og prosjektgruppa for kulturminneplanen har også vore involvert i dette arbeidet. Det har vore to heildags-prosjektmøte med arbeidsgruppa, i tillegg til mindre arbeidsmøte og e-postutveksling. Det har også vore gjennomført synfaringar i dei ulike områda, med representantar frå prosjektgruppa.

Bakgrunnsdokument og kjeldemateriale er i hovudsak funne på biblioteket i Volda, kommunen sine arkiv, internett og i ulike kartdatabasar. Ein har også nytta Facebook og vore i kontakt med einskildpersonar for å få tak i informasjon knytt til arbeidet. Kjeldelista står bakerst i dokumentet. Figurar og bilete er produsert av Regine S. Aklestad der ikkje anna er nemnd.

Dokumentet vart lagt ut til høyring 12.12.2017 og vedteke av kommunestyret xx.xx.xxxx.

2.6 Mål for arbeidet

Arbeidsgruppa har definert målsettinga med arbeidet slik:

- Bidra til å styrke Volda sitt særpreg og identitet.
- Synleggjere Volda sitt særpreg og kvalitetar innan bygningsmiljø.
- Ta stilling til kva område kommunen ynskjer å ta vare på og i kva grad.
- Utarbeide eit dokument med føresegner og estetiske retningslinjer.
- Medverke til betre informasjon og kommunikasjon om estetikk i byggesaker.
- Medverke til at sakshandsamarar og politikarar i kommunen vert tryggare og sterkare fagleg innafor temaet estetikk.

Dokumentet skal ligge til grunn for kommuneplanen sin arealdel og framtidige reguleringsplanar. I utforminga av dokumentet er det lagt vekt på at rettleiaren skal kunne nyttast som råd og hjelp til tiltakshavar, arkitektar og prosjekterande.

2.7 Lovverk

Plan- og bygningslova (pbl) set rammar for offentleg og privat arealplanlegging, og for kva eigarar kan gjere av bygging og andre tiltak på eigedomene sine.

I fylgje plan- og bygningslova skal alle kommunar ha ein kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Arealdelen er ein overordna plan for heile kommunen. Reguleringsplanar er meir detaljerte planar for mindre område. I arealplanane vert områda regulert til arealformål med føresegner. Områda kan i tillegg regulerast med omsynssonar. Det kan til dømes vere sone med særleg omsyn til bevaring av natur- eller kulturmiljø.

Kulturminneloven er det sentrale lovverket for å ta i vare kulturmiljø og kulturminne. Det sterkaste verkemiddelet er fredning. Ein rekkje faste kulturminne er freda direkte i lova (automatisk freda kulturminne). Ein kan også frede utvala kulturminne ved enkeltvedtak (vedtaksfreda kulturminne).



3 TILSKOT

Det er mogleg å søkje om midlar til vedlikehald, utbetring og utvikling av bygningar ved både statlege, regionale og private ordningar. Ordningane varierer frå år til år, nokre vert borte og andre kjem til. Her er likevel ein liste over eit utval aktuelle ordningar:

Kulturminnefondet

Tilskotsordninga er eit lågterskeltilbod til private eigarar av verneverdige kulturminne. Også frivillige lag og organisasjonar, anten de eig kulturminna sjølv eller forvaltar dei på vegne av andre, kan søkje. kulturminnefondet.no/

Kultur- og miljølegatet og Landbrukslegatet i Norges Vel

Midlane fordelast av Norges Vel, og satsingsområde er bevaring av gamle hus og gjenstandar dersom dei inngår i næringsverksemd (turisme eller næringsliv). www.norgesvel.no/kultur-og-miljoelegatet.303192.no.html
www.norgesvel.no/landbrukslegatet.303190.no.html

Rydd et kulturminne

Midlane fordelast av Norsk kulturarv, og går til skjøtsel av kulturminne. www.kulturarv.no/aksjoner/rydd-et-kulturminne

«Ta et tak»-aksjonen

Midlane fordelast av Norsk Kulturarv og rettar seg mot våningshus og driftsbygningar. www.kulturarv.no/aksjoner/ta-et-tak-aksjonen

Enovatilskotet

Enova deler ut tilskot til etterisolering, oppgradering av bygningskroppen, montering av tettelister eller andre prosjekt knytt til reduksjon av energibehov i bygningar. www.enova.no/privat/alle-energiltak/

Tilskot til kulturminne og kulturmiljø av regional og høg lokal verdi

Møre og Romsdal fylkeskommune gir tilskot til vedlikehalds- og istandsettingsarbeid av kulturminne og kulturmiljø av regional og høg lokal verneverdi. Tilskot kan tildelast private eigarar av kulturminne og kulturmiljø. Også private stiftingar, foreiningar/organisasjonar/sameige/frivillige, museum og kommunar kan søkje. <https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Kultur/OEkonomisk-stoette/Kulturminneforvalting/Tilskot-til-kulturminne-og-kulturmiljoe>

Tilskot til forundersøkingar eller arkitektfagleg bistand for bygningar og anlegg

Møre og Romsdal fylkeskommune tilbyr tilskot til forundersøkingar eller arkitektfagleg bistand for bygningar og anlegg. Tilskotet kan nyttast til å få fram godt grunnlagsmateriale for vidare tiltak til bygningar. Bygg og anlegg som er listeført med lokal verdi i kommunale kulturminneplanar eller som inngår i regulerte verneområde kan søkje på tilskotet. <https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Kultur/OEkonomisk-stoette/Kulturminneforvalting/Tilskot-til-forundersoekingar-eller-arkitektfagleg-bistand-for-bygningar-og-anlegg>

Tilskot til freda bygningar og anlegg

Statstilskot frå Riksantikvaren til vedlikehald, istandsettingsarbeid og restaurering av freda bygningar og anlegg. Tilskot kan tildelast private eigarar av kulturminne freda etter Kulturminnelova, private stiftingar, foreiningar/organisasjonar/sameige, frivillige og liknande, og museum som eig freda bygningar. <https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Kultur/OEkonomisk-stoette/Kulturminneforvalting/Tilskot-til-freda-bygningar-og-anlegg>

Tilskot til skilting, skjøtsel og tilrettelegging av kulturminne

Møre og Romsdal fylkeskommune har ei ordning som gjeld skilting, skjøtsel og tilrettelegging av kulturminne og kulturmiljø som er av høg verneverdi. Tilskot kan tildelast private eigarar av kulturminne og kulturmiljø samt stiftingar, foreiningar/organisasjonar/sameige/frivillige, museum og kommunar. <https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Kultur/OEkonomisk-stoette/Kulturminneforvalting/Tilskot-til-skilting-skjoetsel-og-tilrettelegging-av-kulturminne>

Tilskot til forprosjekt med tema reiseliv og kulturarv

Formålet med tilskotsordninga er å stimulere til realisering av prosjekt der kombinasjonen reiseliv og kulturarv går saman som tema på ein god måte, samt å spreie kunnskap om kulturarven. <https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Kultur/OEkonomisk-stoette/Kulturminneforvalting/Tilskot-til-forprosjekt-med-reiseliv-og-kulturarv-som-tema>

Kulturminnefondet har også ei oppdatert oversikt over ulike tilskotsordningar: kulturminnefondet.no/soknad/andre-tilskuddsordninger/

4 HISTORISK UTVIKLING AV TETTSTADEN VOLDA


4.1 Volda fram til 1910

Utvikling av eit sentrum

I Halkjelsvika er det gjort reidskapsfunn tilbake til steinalderen. Halkjelsvika er nemnd i Snorre Sturlason sine kongesoger fordi Vika vart nytta i samband med slaget i Hjørungavåg i 988. Ovanfor Halkjelsvika var det svært god jordbruksjord, og det var lett å rydde og dyrke åkrar. Kyrkjestaden er fleire hundre år gamal, og ein meiner det var kultstad her også før kristninga av landet. Den eldste kyrkja i Volda sto like ved tunet på Halkjelsvik, og kyrkja fungerte som navet i Volda. Kyrkja er ein av grunnane til at Volda vaks fram som eit bygdesamfunn.

Nedre Rotset var tidleg eit trafikknutepunkt, handels- og tingstad, men frå midten av 1800-talet flytta dette senteret seg gradvis til Halkjelsvika. Truleg var hamnetilhøva betre der. I tillegg var kyrkja ein viktig møteplass, og handelen føregjekk også på søndagar.

Volda vart bygd opp rundt primærnæringane jordbruk og fiske (sjølvberging), men i andre halvdel av 1800-talet var bygdene på Vestlandet i overgang frå naturalhushald til pengehushald. Halkjelsgata vaks fram som handelssenter. I Halkjelsvik var det også nokre handverkarar, mellom anna skreddar og skomakar. I 1801 var det om lag 8 våningshus og 30 menn i Halkjelsvika, medan det i 1900 var 78 våningshus og 688 innbyggjarar her. Ein viktig



Rit av Halkjelsvik av Rasmus Mork. — Rasmus Mork skriv at i hans ungdomstid såg Halkjelsvik slik ut (f. 1837, d. 1930): — 1. Stova hans Åmund-Anders, far til Lars Mork og Leite-Sevrina. (Visstnok hadde Åmund-Anders meir enn eitt hus). 2. Røys-Rasmus sine 2 stover. 3. Morits-løa. 4. Rasmus-løa. 5. Øyrabrua. 6. Reinholdt-stova. 7. BjønnsJo-stova. 8. Teltbu. 9. Kyrkjegarden og kyrkja. 10. Guri-stova. 11. Veg frå Øyrabrua til kyrkja. 12. Morits-stova. 13. Johan Blichfeldt-stova. 14. Veggen til Ørsta. 15. Vikeneset. 16. Naust utanfor Skjåberghaugen. 17. Skjåberghaugen. 18. Naustet hans P. Berja. — Johan Blichfeldt hadde eit grisehus mellom huset sitt og Morits-stova.

Skisse av Volda sentrum rundt 1850. Illustrasjonen er henta frå boka "Halkjelsvik-gardane 1792–1992", s. 6.

grunn til den raske utviklinga var ekspansjon i handel og kommunikasjon. I denne perioden var det også framvekst av industri og etablering av industribedrifter i Volda.

Noreg sitt første trykkeri på landsbygda vart starta opp i 1808 og låg på Ekset (Aarflots prenteverk). To år etter vart avisa Møre etablert. Lokalavisa reknast i dag for å vere Noreg si eldste lokalavis.

I 1846 fekk sorenskrivaren for Søre Sunnmøre sorenskrivarembete fast tilhaldstad i Volda. Da flytta den fyrste sorenskrivaren inn i sorenskrivarbustaden i Skrivarvegen på Rotset. I 1905 sto ein ny sorenskrivarbygning ferdig og innflyttingsklar på Skjerva. Her held Søre Sunnmøre tingrett framleis til.

Industri var i stor grad lokalisert i Elvadalen (Øyraelva). Rundt forrige århundre var der mellom anna mekanisk verkstad, Voldens Aktiegarveri, Møre Støberi og elektrisitetsverk ved Øyraelva. Volda hadde også spinneri og meieri. Åslids Møbelfabrikk vart starta i 1907. Fjordfiske var viktig både som livberging, attåtning og hobby.

Ein stor del av einestadane i Volda sentrum er bygde i perioden 1880–1930. Eigedomsgrenser, vegar og bebyggelse var noko av det som styrte utbygging og utvikling. Dei første tomtene som vart nytta til bustadformål var på områder som var mindre tenelege til jordbruk. Vest for Halkjelsvika vart bustadområdet på Hauane og Vikeneset etablert. Områda Engeset/Klepp, Gamlevegen, Anders Vassbotnvegen og rundt Røysbakken var også nytta til bustadbygging.

På 1800-talet var sjøen hovudvegen mellom bygdene, særleg for tungtransport. Kaia var knutepunkt og bygdebørs. I 1853 vart Volda dampskipsstoppestad for ruta mellom Bergen og Trondheim, og også stoppestad for lokaldampskipa som gjekk i rute på Sunnmøre frå 1858. I 1891 fekk Volda eit eige dampskip "Laxen" til rutefart på fjorden. I 1908 vart det opna køyrevog mellom Fyrde (Austefjorden) og Volda sentrum. Vegbygging var ei av dei viktigaste oppgåvene i samferdselsutbygginga frå 1800-talet. Langs hamn og vegkryss vart det fortetting med bygningar.



Volda sett frå Øyra-brua, 1901. Illustrasjonen er henta frå boka "Hilsen fra Volda", s. 33.

Skulestaden Volda

På slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet vart det starta opp fleire skular i Volda. I 1861 vart Voldens høiere Almueskule etablert. Bygget var plassert ved Øyraelva. Aage Stabells private middelskule vart oppretta i 1891, og var i drift til 1910. Volda private millomskule og gymnas vart skipa i 1910, og vart det første treårige gymnaset på landsbygda i Noreg. I 1966 vart gymnaset fylkeskommunalt, og skulen er i dag Volda vidaregåande skule.


Voldens Privatseminarium vart grunnlagt i 1895. Det vart seinare til Volda lærarskule og er i dag ein del av Høgskulen i Volda.



Volda, 1895. Illustrasjonen er henta frå boka "Hilsen fra Volda", s. 11.

Primære element for perioden ca. 1800–1910:

- Hamn
- Nye vegar
- Halkjelsvik: senterstruktur med kyrkje
- Industri i Elvadalen (Øyraelva)
- Etablering av skulestaden (mellom anna landsgymnas)
- Bustadbygging på Hauane



- | | | | |
|-------------------|------------------|----------------------|-------------------|
| 1. Skjervagarden | 7. Dahl | 13. J. D. Driveklepp | 19. Bakke Ervik |
| 2. Hjelle | 8. P. M. Gjerder | 14. Røysgarden | 20. L. O. Lillebø |
| 3. Johs. Kornberg | 9. P. M. Olsen | 15. Nybø | 21. O. Lillebø |
| 4. Nerbøvik | 10. Sørheim | 16. Karlsen | 22. Tømmerbak |
| 5. Bedehuset | 11. O. G. Olsen | 17. Rygg | |
| 6. Moritsgarden | 12. J. A. Kroken | 18. Sivertsen | |

Kart over Volda sentrum 1905. Illustrasjonen er henta frå boka "Løyndom og Røyndom", s. 26.

4.2 Volda i mellomkrigstida

Volda utvikla seg tidleg til ein stad med administrative funksjonar for Søre Sunnmøre. Her var det sorenskrivar, fyr- og hamnevesen, dampskipsstoppestad, kyrkje, telegraf- og rikstelefonsentral, postkontor, lensmannskontor, bokhandel og apotek. Utviklinga av tenester for eit større omland heldt fram i mellomkrigstida.

I 1930 var det 179 våningshus og 1272 innbyggjarar i Volda, og bebyggelsen rundt Halkjelsvika auka. I mellomkrigstida vaks også institusjonane. Volda Handelsskule, seinare Volda vidaregåande skule HK, vart skipa i 1933, og var den første av sitt slag i Noreg utanom byane. I 1938 sto sjukehuset ferdig, og var ein svært viktig tilvekst for bygda. I samband med etablering av institusjonane vaks folketalet.

Fjordfiske heldt fram i mellomkrigstida, og fiskarar herfrå drog ofte til fjernare farvatn. I 1928 hadde Statens Hamnevesen utarbeidd ein plan for eit moderne hamneanlegg med molo, kaier og brygger langs stranda.

Transport og trafikk

I åra mellom dei to verdskrigane endra transport- og trafikkbiletet seg. Til Nordvestlandet kom bilane for alvor først frå 1920-åra. Landtrafikken fekk no høgaste

prioritet, men det var ikkje slutt på å bruke båt. Løysinga var å skape sterkare samankopling mellom sjø- og landtransport. Aukande biltrafikk aktualiserte bilferje over fjorden mellom Volda og Folkestad, likeeins ny innkøyringsveg frå Ørsta langs sjøen om Vikeneset. Kaia på Vikeneset vart utbygd i 1930-åra. Volda-Folkestad Bilferje L/L vart skipa i 1936. Dette ferjesambandet var svært viktig for samferdsla på Søre Sunnmøre. Utan ferjene hadde det blitt lite bilar i kyst- og fjordbygdene.


Gamle haldeplassen for busstrafikk var plassert i krysset mellom Kyrkjegata og Halkjelsgata. Dette var eit knutepunkt for biltrafikken til og frå sentrum, og til Ørsta gjekk vegen ovanfor kyrkja og over Hauane. Mot Vikebygda og Åmdal gjekk vegen framover Anders Vassbotn vegen, og vegen til Rotset og Austefjorden gjekk "inn over brua". Arbeidet med den nye vegen langs stranda mot Ekset vart starta på 1930-talet, men det var ikkje før rundt 1950 at vegen vart slutført.

Volda kyrkje

I 1858 vart det bygd ei stor trekyrkje i Halkjelsvik. Natt til 7. april 1929 brann kyrkja ned, og det vart bestemt at den nye kyrkja skulle byggast i stein. Den nye kyrkja vart vigsla i 1932.



Flyfoto av Volda, 1934. Illustrasjonen er henta frå boka "Hilsen fra Volda", s. 215.



Sverre Pedersen sin illustrasjon av Volda sentrum etter den nye byplanen, 1935. Illustrasjonen er henta frå boka "Løyndom og Røyndom", s. 192.

Reguleringsplan

Professor Sverre Pedersen utarbeidde ein reguleringsplan for Volda som vart stadfesta i 1940.

Planen viser eit bymessig sentrum med markerte aksar, almenningar og grøntstruktur. Lærarskuleelva er "byelva" og Øyraelva industriområde. Planen vart på langt nær gjennomført, men nokre grep er framleis synleg; mellom anna ved kyrkja.

Primære element for perioden ca 1910–1945:

- Hamn/kai (ferje)
- Vegbygging
- Ny kyrkje
- Sjukehus
- Skular (m.a. lærarskulen)
- Reguleringsplan av Sverre Pedersen
- Fortetting langs hovudvegane og sentrale hamneområde.



Halkjelsgata, 1927. Illustrasjonen er henta frå boka "Hilsen fra Volda", s. 196.



Volda lærarskule. Kaarstad-huset vart oppført i 1922. Illustrasjonen er henta frå blogg.hivolda.no.

4.3 Volda etter 1945

Volda held fram med å vekse også etter krigen, og sentrumsområdet breide seg ut over. Jordbruksareal som tidlegare hadde omkransa sentrum, vart nedbygde. Fleire offentlege utbyggingar skjedde i området nord for kyrkja, til dømes samfunnshuset og rådhuset. Skulestaden Volda var også i vekst. I 1963 fekk gymnaset eit nytt og moderne bygg og i 1971 starta Distriktshøgskulen opp. I 1986 vart eit nytt og moderne sjukehus teke i bruk. Tilstrøyminga av studentar har hatt ein formande faktor på bygda. Arbeidsplassar knytt til skule, forskning og sjukehus har skapt tilflytting til staden.

Rundt 1950 kom det eit nytt hamneanlegg (Holmen) og sidan 60-talet har det skjedd store endringar i høve sjøsida. Ein del masser vart utfylt i området i samband med bygging av det nye sjukehuset i perioden 1986-1988.

Privatbilismen kom til for alvor i større omfang i 1960-åra, og vegnettet vart stadig utvida. Bustadområda vart etter kvart plassert lengre frå sentrum – oppetter dei grønne sidene. På 70-talet auka folketalet, og byggefeltet Røyslid-Heltne vart utbygd. På 80-talet vart bustadfeltet i Bratteberg opparbeidd.

Stadion på Rotset vart teken i bruk i 1956. Det tidlegare industriområdet i Elvadalen vart gradvis tatt i bruk som friluftsområde. Dei viktigaste tiltaka langs elva i høve dette vart gjennomført mellom 1989 og 1997.

Viktige møteplassar i sentrum var Uppheimplassen (til dømes som samlingsplass etter 17. mai-toget), plassen foran Sørheim-huset (til dømes til tenning av julegrana) og Sivert Aarflot-plassen nedanfor kyrkjegarden (til dømes markering av 10-års jubileet for fred i 1955).

Planarbeid

I perioden etter 1945 kom den offentlege planlegginga inn for fullt. Reguleringsplanar frå 1955, 1965, og 1975 var retningsgivande for utviklinga.

Reguleringsplan for Volda sentrum av arkitekt Einar Ridderstrøm vart stadfest i 1987. Føremålet med planen var å gje rettleiing for vern av eksisterande bebyggelse og utforming av ny bebyggelse. Planområdet var avgrensa av sjøen i sør, Industrigata i aust, Storgata og Smiths gate i vest, og vestover langs Vikenesvegen til riksvegen. Delar av planen er framleis gjeldande.



Utsikt frå Klepp, 1962. Illustrasjonen er henta frå boka "Volda er Volda", s. 36.



Reguleringsplan for Volda sentrum av arkitekt Einar Ridderstrøm. Områder med oransje skravur er spesialområder som skal bevarast.

I 1989 vart planen for Vokrare Volda – Miljøutviklingsplan for Volda sentrum godkjent av kommunestyret. Planen skulle vere ”retningsgjevande for vidare utbygging og detaljplanlegging i Volda sentrum”.

Sidan 80-talet har daglegvarehandelen i aukande grad vorte lokalisert utanfor sentrumskjernen. Det er også ein tendens med større forretningar i staden for fleire mindre “lokale” butikkar. I Volda sentrum har gamle hus fått nye funksjonar, i 2006 opna til dømes kjøpesenteret Spinneriet i gamle fabrikklokalar.

Primære element for perioden etter ca 1945:

- Hamn/kai (vidare oppgradering av hamn/kai - ferje)
- Vegar (Sjøgata, Elvadalen, busshaldeplass), utfylling i sjø. Nytt vegsystem knytt til regionen.
- Nye bustadområde
- Flyplass (region)
- Skular (m.a. Høgskulen)
- Nytt sjukehus
- Elvadalen friluftsområde
- Kjøpesenter
- Planar m.m.: plan i 1955,1965 og 1975
Ridderstrømplanen 1987, Vokrare Volda 1988/89



Søre Sunnmøre sjukehus. Illustrasjonen er henta frå boka “Volda er Volda”, s. 19.



Vevendelvegen, Storgata og Porsemyrvegen 1960. Illustrasjonen er henta frå boka “Volda er Volda”, s. 31.

4.4 Volda i 2017 og gjeldande planar

1. januar 2017 var det 9102 innbyggjarar i Volda kommune, og 6520 innbyggjarar budde i tettstaden Volda. Folketalet i tettstaden er i vekst.

Hausten 2017 hadde Høgskulen i Volda 3705 registrerte studentar, og studentane er viktige ressursar i bygda. Det er høg andel av offentlege arbeidsplassar i kommunen, og både Høgskulen og Volda sjukehus er viktige arbeidsplassar.

Bebyggelsen trekk seg stadig lengre oppover fjellsidene, og området Engeset/Klepp er av dei områda som har hatt stor utbygging dei siste åra. Her er det bygd både einebustadar og fleirmannsbustadar i ulike størrelsar. I sentrumskjernen kan ein sjå fleire innslag av blokkar med leiligheiter. Det kan sjå ut som ein trend her, som elles i landet, at pensjonistar sel einebustadene sine, og kjøper ein sentrumsnær leiligheit i staden.

Sentrale funksjonar som butikkar, kjøpesenter, rådhuset, biblioteket, kyrkja, idrettsområde, høgskulen og sjukehuset ligg i og rundt sentrumskjernen, og det er korte avstandar mellom mange målpunkt. Det er fyrst og framst bustadar som trekk seg oppover fjellsidene og vert bygd lengre og lengre frå sentrumskjernen. Friluttsområda og fjella bak bebyggelsen er viktige rekreasjonsområde og vert mykje brukt. På flyfotoet under kan ein sjå at det framleis er jordbruksareal i og nær sentrumskjernen.

Kommunedelplan for Volda sentrum

Gjeldande kommunedelplan for Volda sentrum (2009–2021) har som mål å utvikle Volda til ein attraktiv tettstad i regionen, med eit levande og konkurransedyktig sentrum. Planen legg vekt på ein miljøvennleg byutvikling med korte avstandar mellom arbeidsplassar, bustadar, handels- og kulturfunksjonar. Den legg opp til ulike bustadtypar; både konsentrerte sentrumsbustadar, og frittliggande einebustadar. Det er lagt vekt på å sikre samanhengande grønstruktur frå fjord til fjell, og legge til rette for at alle innbygarane skal ha god tilgang til friluftslivsområde. Planen inneheld ny E39 frå sjukehuskrysset til Furene, og fleire nye gang-, sykkel- og turveggar.

Utviklingsplanen for Volda sentrum

I 2015 laga Gehl Architects ein utviklingsplan for Volda sentrum. Arkitektene var opptekne av å setje menneske i fokus for utviklinga av staden. Dei meiner utvikling av gode møteplassar og moglegheit for å kunne bevege seg til fots eller med sykkel i sentrumsområdet er viktig i vidare utvikling av Volda. Planen tek for seg mellom anna tema som parkering og trafikk, fortetting, belysning, grønstruktur, skilting, kunst og byromsutstyr. Gehl valde seg ut fem fokusområde, som dei ville gi ekstra merksemd; Sørheimhuset, Voldaparken, Volda hamn, Hamnegata og Elvadalen. I kommuneplanen sin samfunnsdel (2016–2028) er det sett som mål å realisere tiltak i samsvar med Utviklingsplanen for Volda sentrum. Arbeidet med å realisere tursti langs Elvadalen er mellom anna i gang.



Flyfoto av tettstaden Volda, 2017. Illustrasjonen er henta frå google.no.



Utsikt frå Rotset. Bebyggelsen i tettstaden Volda trekkjer seg stadig lengre oppover fjellsidene. Mange av innbyggjarane har god utsikt utover fjorden.

Tettstadsanalyse Volda sentrum

Tettstadsanalysen for Volda sentrum vart laga i 2007. Dokumentet tek for seg ei analyse av staden, inkludert mellom anna historisk utvikling, natur og landskap og organisering av bebyggelse. Dokumentet inneheld også visjonar for vidare utvikling. I visjonsdelen er mellom anna kulturminne og historiske element, "sentrumskjernen" (Halkjelsgata, Røysgata og Snippa), taklandskap, sjøgløtt, sjøfronten, "byromsutvikling", sentrumsbustadar, fortetting og næringsutvikling i sentrum peika på som viktige utviklings- og satsingsområde for tettstaden.

Reguleringsplanar

Reguleringsplan for Volda sentrum av arkitekt Einar Ridderstrøm vart stadfest i 1987. Delar av planen er framleis gjeldande. Andre aktuelle reguleringsplanar i dette dokumentet er mellom anna Elvadalen (1997), Nedre Klepp (1982), Rotsetfjøra (2001), Røyslid – Heltne I og II (1969/72), Røysmarka (1995) og Volda sentrum (1965). Reguleringsplanane er tilgjengelege på www.kommunekart.com



Elvadalen. Idéillustrasjon frå Utviklingsplanen for Volda sentrum, Gehl Architects.

Kulturminneplanen

Kommunedelplan for kulturminne 2017–2021 er under arbeid. Planen skal bidra til å fremme forståing av kva verdi kulturminna har for vår felles historie og identitet, og vil vere med på å vidareføre kulturarven. Planen vil gje innbyggjarane ny kunnskap og informasjon om kulturminna i dei ulike bygdelaga, og gje kommunen betre grunnlag for å ta vare på desse.

Kommuneplanen

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken mai 2016, og er førande for denne rettleiaren. Sjå meir om samfunnsdelen i kap. 2.1. Kommuneplanen sin arealdel er under arbeid. Planen skal mellom anna ta stilling til framtidig arealbruk i kommunen. Denne rettleiaren vil mellom anna fungere som eit grunnlagsdokument for arealdelen.

Framtidig utvikling


Det er vanskeleg å seie korleis utviklinga vil verte i framtida. Statens vegvesen har planar om ny tunnel mellom Rotset og Furene. Dei held også på med planar om ny ferjekai og bru over Øyraelva.

Høgskulen i Volda ynskjer å utvikle campusområdet, og er i gang med planar om eit nytt mediebygg. Ved siden av høgskulen er det også planar om eit nytt idrettsbygg, symjehall og fleire store studentbustadar.

Volda sentrum er tettbygd, men det finst samtidig større fortettings- og transformasjonsområde (mellom anna Mega-tomta, Rolls Royce-tomta, rundt busstasjonen og langs Elvadalen). Både tettstadsanalysen og utviklingsplanen for Volda sentrum er tydelege på at bevaring av historiske element og særprega bygningsmiljø er viktige ressursar i arbeidet med å utvikle staden.

5 VOLDALANDSKAPET

5.1 Karakteristiske element



Figur over og tekst under er henta frå "Tettstadsanalyse Volda sentrum", s. 25.

Vikeneset (1)

Vikeneset dannar ei naturleg avgrensing av hamneområda mot nord og utgjør sjølve innfallsporten frå nord. Sør for neset har ein ei fint avrunda bukt som strekkjer seg langs sentrum og sør til Andaneset ved foten av Rotsetfjellet.

Andaneset (2)

Utgjør avgrensing av hamneområdet mot sør.

Rotsethornet (3)

Ved tilkomst frå fjorden er det særleg Rotsethornet som markerer seg med si karakteristiske avrunda form. Rotsethornet er elles eit markert landskapselement som er synleg frå dei fleste delane av tettstaden.

Rotevatnet (4)

Rotevatnet er eit markert element og ein viktig landskapskomponent.

Øyraelva, Elvadalen (5)

Sentralt i fjorddalen går Øyraelva som ein blå streng mellom Rotevatnet og fjorden.

Fjorden (6)

Elva og kystlinja høyrer framleis til dei viktigaste landskapselementa å orientere seg etter.

Dalsidene i sør (7)

Dalsidene på sørsida er bratte og skuggefulle på grunn av Rotsethornet. Det er ingen busetnad opp langs denne fjellsida.

Dalsidene i nord (8)

Dalsidene på nordsida av tettstaden har ei helling på opp mot 20 grader. Dei bygde områda strekk seg opp til om lag 200 m.o.h. Noko av bebyggelsen ved Klepp bryt horisontlina sett frå sentrum.

Fjellrekke (9)

I nord er tettstaden avgrensa av ei fjellrekke.

5.2 Historisk utvikling av tilknytninga til landskapet

Både historiske fortellingar, menneskeskapte element og landskapsformasjonar (og samspelet mellom desse) er med på å gi staden særpreg, identitet og opplevelsesrikdom. Historia til ein stad er knytt til landskapet, og landskapsformasjonane i Volda har hatt stor innverknad på utviklinga av staden.

Volda var tidleg eit handels- og tingstad. Det at Volda låg ved fjorden og var lett tilgjengeleg med båt var ein forutsetning for denne utviklinga. Her var også gode tilhøve for jordbruk og fiske. Seinare hadde Øyraelva ei nøkkelrolle for framveksten av industribedrifter. Etter kvart som bilane vart ein viktigare transportform og andre næringar tok over, vart sjøen mindre brukt i det daglege. Befolkingsvekst førte til at sentrumsområdet stadig vart utvida. Jordbruksområde har fått nye formål, og bustadområda kryp stadig lenger oppover fjellsidene.

I dag er fjorden og fjella viktige friluft- og rekreasjonsområdar for innbyggjarane. I tillegg har fjorden og landskapet ein viktig rolle i opplevinga av å bu eller å opphalde seg på staden. Tettstaden er omkransa av grønne områdar. Fjellformasjonane omkransar bygda, sjølv om noko av bebyggelsen ved Klepp bryt horisontlina sett frå sentrum. Mange av bygningane i området vender seg mot fjorden, og bustadar med fjordutsikt vert til dømes sett på som ein kvalitet i dagens bustadannonsar. Voldsfjorden er eit svært sentralt element i landskapsbiletet, og ein har utsyn over fjorden frå dei fleste stadene i sentrum. Bustadane oppover fjellsidene ser sentrumsområdet "ovanfrå" frå bustadane sine. Dette gjer at til dømes takfasadene på husa i sentrum er synlege for mange.


Figurane under viser den historiske utviklinga illustrert ved hjelp av prinsipp og kartutsnitt.

Volda – nærleik til sjø:




Tettstaden vender seg mot fjorden, og skogkledde åsar "rammar" inn bebyggelsen. Nærleiken til sjøen var grunnlaget for store deler av aktiviteten.

Volda – kontakten til sjøen er mindre viktig:




Volda har gått frå å vere ein stad som vender seg mot sjø og fjord og aktivitetar knytt til denne, til ein tettstad der sjøen ikkje lenger er "sentral" for ferdsel og sysselsetjing. Bustadområde har etter kvart klatra opp gjennom dei grønne åsane.

Nærleik til sjø? Bustader i sentrum?



Forretningane langs Sjøgata vender "ryggen" til gata og fjorden. Fjorden var hovudferselseåren til Volda frå gammalt av og til ut i 1950-åra. I dag er det lite "fysisk" kontakt med sjøen og hovudvegen gjennom sentrum skjer også av denne kontakten.



● Bebyggelse ← Ferdelsåre

Illustrasjonen viser prinsipp for utviklinga i tettstaden: kontakten med sjøen har blitt mindre viktig, tettstaden har vokalst og bebyggelsen trekker seg oppover i terrenget. Illustrasjonar og tekst over er henta frå "Tettstadsanalyse Volda sentrum", s.20–21.

Tettstadsanalysen peiker på kontakten til fjorden som eit særtrekk og ein stor kvalitet for staden, og meiner dette må vidareutviklast, takast vare på og framhevast i framtida. Dette gjeld mellom anna ved eventuell utvikling av havneområdet og torget.

I tettstadsanalysen vart også sjøgløtt trukke fram som eit viktig element i sentrumsområdet. Sjøgløtta mellom bygningane i sentrumsgatene knyter kontakt mellom tettstaden og fjorden, og er viktige for opplevinga av tettstaden. Desse sjøgløtta er viktige å ta vare på ved nybygg eller fortetting.

Overgangssonane frå bustadområde til natur- og kulturlandskapet er visuelt sårbare for inngrep og krev stor merksemd i plansamanheng. Tettstadsanalysen peikar på at byggjegrensar må setjast slik at nye brot i horisontlina vert unngått.



Sjøgløtt mellom husa gjev tettstaden betre kontakt med fjorden, og er en kvalitet for sentrumsområdet.

6 VERDIFULLE BYGNINGSMILJØ

Det er mange ulike bygningsmiljø i Volda, og mange har sine særegne kvalitetar. Dette kapittelet inneheld ikkje ein komplett liste over dei verdifulle bygningsmiljøa, men eit utval. Det er lagt vekt på å velje ut bygningsmiljø med spesiell verdi.

6.1 Halkjelsvika

I Halkjelsvika er det funne reidskap som truleg er frå steinalderen, og kyrkjestaden her er fleire hundre år gamal. Halkjelsgata består i dag av eit tett trehusmiljø i eit gammalt handels- og sentrumsområde. Dei fleste husa i området er bygd på 1800-talet og er SEFRAK-registrert. I dette området finn ein nokre av dei eldste trehusa i Volda. Området inneheld i hovudsak forretningsbygg, bustadar og mindre uthus. Halkjelsgata har status som eit kulturmiljø med regional verdi i Regional delplan for kulturminne.



Halkjelsgata, 1927. Illustrasjonen er henta frå boka "Hilsen fra Volda", s. 197.



Kartsisse av området.



Sørheimhuset.



Røysgata.

Kjenneteikn:

- Trehus og smale gateløp med smale fortau. Tydelege gaterom.
- Bygningar i menneskeleg skala. Tett og intim bygningsmasse, mange detaljar.
- Forretningsbygg med store vindauger mot gata og bustadar i andre etasje.
- Bygningane vender seg mot gata med inngangar og utstillingsvindauge.
- Liggande kledning.
- Taka er ofte ein viktig del av bygget. Variasjon i tak; saltak, valmtak og halvvalm. Takvinklane

varierer, dei har ikkje eins former, men er av same material; skifer, og dannar eit heilskapleg landskap. Taka er godt synlege frå mange stader i Volda.

- Mindre uthus i tilknytning til bustadhusa.
- Mindre grøntområder foran og mellom husa. Små grassplener, staudebed, rosebuskar.
- I Halkjelsgata står ein gamal trafostasjon.

Planstatus

Reguleringsplan for Volda sentrum av Ridderstrøm frå 1987 er framleis gjeldande for nokre områder. Delar av området i Halkjelsvika er i denne planen markert som spesialområde: "område med bygningar og miljø som på grunn av historisk, antikvarisk eller annan kulturell eller miljømessig verdi skal vernast".

I punkt 33 i planen står det at "Formålet med regulering til spesialområde er å verne det særprega gate- og bygningsmiljøet som ein heilskap. Eksisterande gater, plasser, byggegrenser og uterom skal som hovudregel førast vidare i noverande form. Bygningar, særprega vegetasjon, utomhusanlegg, gjerder, trapper og lignande som utgjør delar av ein heilskap bør takast omsyn til ved nyanlegg eller ombygging gjennom planlegginga av utomhusarealet på førehand."

Også i reguleringsplan for Moritzmarka (planid 2000003) er deler av området markert som spesialområde.

Utfordringar og moglegheiter

Forretningsbygningane i Halkjelsvika kan vere utfordrande for næringsdrivande som gjerne har behov for meir funksjonelle og moderne lokale. Bygningane er ofte små (lite forretningsareal) og held ikkje krav til dagens standard når det gjeld til dømes universell utforming. Samtidig representerer bygningsmiljøet i Halkjelsvika noko unikt for Volda, og er ein del av Volda sin identitet. Miljøet her skil seg frå andre bygningsmiljø i sentrum og har andre kvalitetar. For å tilpasse seg utfordringar knytt til arealbehov, er det fleire døme på forretningar i området som har slått saman fyrste etasje i fleire bygningar.

For å halde aktiviteten i området oppe er det viktig at ein held fram med forretningar og publikumsretta funksjonar på gateplan (ikkje bustadar på gateplan). Det er også rom for noko fortetting i området. Nye bygningar må tilpasse seg eksisterande bygningsmiljø.



Plassen foran Sørheimhuset.

Halkjelsgata.

Retningslinjer og rutinar for utvikling

- Føresegner i Ridderstrømplanen bør vidareførast.
- Ein bør vurdere å nytte omsynssone eller bestemmelsessone i kommuneplanen sin arealdel.
- Føresegnene bør presisere at ved fortetting eller ny bebyggelse skal denne underordne seg det eldre trehusmiljøet i volum, materialbruk og og formspråk. Nye byggverk bør verke til å styrkje gaterom og plassdanningar i sentrumsområda. Hovudtrekk i bygningsvolum, bygningsbreidder og -høgder mot gata bør vidareførast. Orienteringa av nye bygningar bør følgje eit etablert mønster.
- Det bør spesifiserast i føresegnene at det skal vere forretning eller andre publikumsretta funksjonar på

- gateplan i Snippa og Halkjelsgata.
- Nye fortettings- eller utviklingsprosjekt bør også ha publikumsretta funksjonar på gateplan.
- Føresegner bør presisere at ein ynskjer å ta i vare uthus og sjøgløtt i området.
- Alle tiltak bør vere søknadspliktige; tilbygg, påbygg, verandaer og fasadeenningar.
- Den nye arealplanen bør ha generelle føresegnar om skifertak i bestemte områder, dette området inkludert. Utsifting av tak bør vere søknadspliktig.
- Planar om endra bruk av einskilde bygg, tilbygg, påbygg, ombygging eller utvendig reparasjonar og oppussing skal leggast fram for kulturavdelinga i Fylkeskommunen før kommunen handsamar planane.

6.2 Hauane

Bustadane på Hauane er blant dei eldste i Volda. Dei fleste husa i området er bygd i perioden 1880–1930, og området fortel ei historie om framveksten av Volda som skulestad og tettstad. Området inneheldt i hovudsak bustadhus, men også nokre forretningar, til dømes langs Seljabakken. Den fyrste gata i Volda med bustadhus tett-i-tett på begge sider var truleg Smithsgata (eller "Tausakjerringsgata"). Mange av dei som flytta hit hadde bakgrunn frå gardsdrift, og husdyrhald i mindre skala var vanleg. Dei fleste husa vart bygd med uthus, og høner, sauer, griser og hestar var blant bebuarane i området. I dei små hagane finn ein også gamle frukttre og bærbuskar.



"Tausakjerringsgata", ca. 1910. Foto: Steinkopf Wold. Illustrasjonen er henta frå boka "Hilsen fra Volda", s. 63.



Kartsisse av området.



Smithsgata eller "Tausakjerringsgata".

Skifertak på skifertak.

I dag framstår området som eit sjarmerande og attraktivt småhusområde, med kort avstand til mange sentrumsfunksjonar. Mange har vore flinke til å ta vare på husa sine, og området inneheld mange fysiske og synlege element som fortel Volda si historie. Området framstår ikkje som heilt autentisk, da det har vore gjort ombyggingar og moderniseringar til ulike tider. Dei fleste bygningane er i seg sjølv ikkje verneverdige, men som ein del av eit heilskapeleg bygningsmiljø har enkelthusa stor verdi.

Kjenneteikn:

- Trehus og smale gateløp.
- Terrengeilpassing og variasjon.
- Tett bygningsmasse, mange detaljar.
- Grønt mellom husa. Kompakte, intime og frodige hagar med prydbepanting, tuntre, frukttre, bærbuskar og mindre plenflekkar. Ein god del eldre beplanting. Mykje duft i blomstringstida.
- Bustadar med ein og to etasjar. Nokre hus også med kjellar.
- Liggande kledning.
- Taka er ofte ein viktig del av bygget. Saltak med skifer både på hus og uthus.
- Grindbygde uthus.

Planstatus

Ein stor del av husa og uthusa i området er SEFRAK-registrert. Området er regulert til bustadområde i Kommunedelplan for Volda sentrum. I dette området er det krav om godkjent detaljregulering for arbeid som krev byggeløyve, oppføring av meldepliktige bygg og andre varige konstruksjonar og anlegg, og frådelling til slike føremål.

Utfordringar og moglegheiter

Tett bygningsmasse og smale gateløp gjer at området har risiko for brannspredning. Renovasjon, vintervedlikehald og parkeringsmoglegheiter er utfordringar knytt til smale gateløp i området.

Eldre trehus treng jamleg oppgradering og vedlikehald, og det er i stor grad opp til huseigarar å ta vare på husa sine. Ein finn både kjellarar i dårleg

stand og andre tekniske utfordringar i området. Det er i stor grad takka vere bebuarar og eigarar i området at bygningsmiljøet fremstår med den kvaliteten det har i dag.

Gatemiljøa og bygningane i området fortel historia om korleis det var å bu i Volda rundt 1900. Området er unikt i Volda, og har kvalitetar ein ikkje finn andre stader. Dette er eit område der ein ynskjer å ta vare på mest mogleg av eksisterande bygningsmiljø.

Hauane ligg sentrumsnært og er eit attraktivt bustadområde. Ein opplever både aktivitet, utvikling og ynskjer om fortetting i området. Grunna problemstillingar som brannspredning, renovasjon, parkering og fortetting er dette eit område med behov for ein områderegulering der ein kan sjå på desse problemstillingane samla.



To uthus tett i tett.

Døme på hus med valmtak.

Typiske fargar på sveitserhus.

Retningslinjer og rutinar for utvikling


- Ein bør vurdere å nytte omsynssone eller bestemmelsessone i kommuneplanen sin arealdel. Formålet med sona bør vere å ta i vare det særprega bygningsmiljøet som ein heilskap. Ein ynskjer i dette området å ta i vare eksisterande bygningsmasse, og det skal ikkje vere tillate å rive hovudbygning eller uthus.
- Føresegner bør presisere at ved fortetting eller ny bebyggelse skal denne underordne seg det eldre trehusmiljøet i volum, materialbruk og og formspråk. Hovudtrekk i bygningsvolum, bygningsbreidder og -høgder bør vidareførast.
- Den nye arealplanen bør ha generelle føresegner om skifertak i bestemte områder, dette området inkludert. Utskifting av tak bør vere søknadspliktig
- Alle tiltak bør vere søknadspliktige; tilbygg, påbygg, verandaer og fasadeenringar.
- Planar om endra bruk av einskilde bygg, tilbygg, påbygg, ombygging eller utvendig reparasjonar og oppussing skal leggjast fram for kulturavdelinga i Fylkeskommunen før kommunen handsamar planane.
- Fylkeskommunen ynskjer å undersøke om enkelthus i området bør vernast.
- Området har behov for regulering. Det bør vere krav om områderegulering for å sjå området i ein heilskap. Da dette er eit sentrumsnært område med moglegheit og ynskje om fortetting bør områdereguleringa prioriterast i neste planstrategi.

6.3 Elvadalen

Elvadalen er namnet på området langs Øyraelva, som går frå Rotevatnet og renn ut i Voldsfjorden. Tidlegare låg det verksemder og hus tett i tett langs elva, og samfunnet rundt var tufta på utnytting av energi frå rennande vatn. Særleg frå midten av 1850-talet og fram til andre verdskrig var det stor aktivitet i området. Elva var energikjelde for drift av mellom anna kvernar, sagbruk, elektrisitetsverk og anna næringsverksemder. No er det berre spor etter nokre av elementa frå denne tida, men desse spora fortel om ei viktig periode i framveksten av tettstaden.

Elvadalen er eit grøntområde midt i sentrum. I dag går det ein tursti langs elva, og området er eit viktig rekreasjons- og friluftsområde. Volda jeger- og sportsfiskarlag er til dømes aktive langs (og i) elva.

Området nyttast som gjennomfartsåre både for skuleborn og andre. Ved nokre av inngangane er det sett opp kart og informasjonsskilt. Langs stien, til dømes ved Mylnefallet og nokre av kvernhusa, er det sett opp skilt der ein kan lese om historia til området. Turstien er med på å gjere dei historiske elementa langs Elvadalen lettare tilgjengeleg.



Mylnefallet.



Støyperiet.



Kvernhus.

Kvernhus

Dei fleste gardane i Volda hadde kvernhus langs elva. I kvernhusa var det mest aktivitet om hausten da bøndene malte kornet sitt. Havre var den vanlegaste kornsorten. Framleis kan ein sjå fleire av kvernhusa langs elva.

Mylnefallet

I 1935 vart det bygd sagbruk og elektrisitetsverk i området ved Mylnefallet. Produksjon av elektrisk straum ga ikkje berre lys i heimane, det kunne også drive store motorar som vart knytt til sagbruk. Sagbruka kunne drivast direkte frå turbinen i

kraftverket, uten å gå vegen om straumproduksjon. Elva vart også nytta som transportveg for tømmeret. Sogelaget i Volda har restaurert bygningane ved Mylnefallet.

Støyperiet

Støyperiet i Volda starta opp drifta i 1904, og var da den fyrste i sitt slag mellom Bergen og Trondheim. På støyperiet lagde dei mellom anna jernomnar, komfyrar, vaffeljern og gorojern. Etter krigen produserte dei maskindelar til båtmotorar. Verksemda held fram til 1967, og i dag er det entreprenørverksemd i bygningane.

B. O. Humberset Mekaniske Verkstad

B. O. Humberset Mek. Verkstad flytta til Volda i 1913. I smia og verkstadet produserte dei mellom anna hjul, kjerrer, sleder, vogner, gardsreiskap, verkty, bussar og lastebilar. I tillegg vart det utført smedarbeid, og nokre av lysekrunene i Volda kyrkje er til dømes laga der. Etter kvart vart reparasjon av bilar det viktigaste arbeidet, og Humberset Bil eksisterar framleis.

Utfordringar og moglegheiter

Sogelaget i Volda har lagt ned mykje tid og ressursar i området. Volda kommune er avhenging av at lag- og organisasjonar, grunneigarar, næringsliv, frivillige og eldsjeler arbeidar saman for å ta vare på viktige historiske element i bygda. Både bygningar og friluftsområdet treng jamleg vedlikehald og tilsyn. Kommunen har ansvar for turstien og grøntområdet.

Det er døme på kvernhus som ikkje lenger er synlege i området. Sjølv om grunneigarar ikkje har moglegheit til å halde dei gamle kvernhusa ved like, er det ein

kvalitet om gamle grunnmurar eller andre spor er synlege i terrenget, og ikkje vert nedgreve.

I Utviklingsplanen for Volda sentrum var det foreslått å forlengje turstien i Elvadalen ned til brua ved Bjørdal trevarefabrikk. Denne turstien er nå ferdig prosjektert og vil når den kjem på plass truleg gjere området enda meir tilgjengeleg for folk.

Grøntområdet langs Elvadalen er eit pressområde, og det er lett for at grunneigarar og andre "et" bit for bit av området. Ved å studere både reguleringsplanar og ortofoto kan ein sjå at grøntområdet langs Elvadalen stadig mister areal.

Fleire av dei gamle industribygga langs elva har mista sin opprinnelege funksjon, og det er mogleg å sjå for seg ein transformasjonsprosess i området. Ved å nytte gamle bygningar til nye føremål kan ein få til særeiga og unike kvalitetar.



B. O. Humberset Mekaniske verkstad.

Bjørdal trevarefabrikk.

Planstatus

I reguleringsplan for Øyra er området rundt Humberset bil regulert til industri. Den gamle verkstadbygninga (oransje bygg på biletet over) er SEFRAK-registrert. Det er også uthuset i forkant.

I reguleringsplan for Elvadalen er området ved gamle Bjørdal trevarefabrikk regulert til industri/service.

I kommunedelplan for Volda sentrum er området rundt støyperiet regulert til bustader og friområde. To av bygningane ved Møre støyperi er SEFRAK-registrert.

Området ved Mylnefallet og store deler av Elvadalen er regulert til friområde.

Retningslinjer og rutinar for utvikling

- Ein bør vurdere å nytte omsynssone eller bestemmelsessone i kommuneplanen sin arealdel.
- Ein ynskjer i dette området å ta i vare eksisterande bygningsmasse, og det skal ikkje vere tillate å rive eller fjerne bygningar.

6.4 Rotsetfjora

I Naustvegen i Volda, med industribygg på begge sidar og heilt nede i sjøkanten ligg tre bustadhus og fleire naust. Det er også spor etter vårar ned i sjøen. Husa ligg tett intil kvarandre, og er små og kompakte. Alle husa er SEFRAK-registrert, og dei fleste er frå 1800-talet. På 1800-talet var Naustvegen ein av hovudvegane i Volda, og bustadane her var sentralt plassert i nær tilknytning til mellom anna Garvarbuda og Skrivargarden.

Husa er opprinneleg arbeidarbustadar. Nausta fortel ei historie om da fiskartradisjonen sto sterkt i bygda. Husa vender seg mot sjøen og har sterkt tilknytting og samspel med sjøen. Bygningsmiljøet skil seg ut frå anna bygningsmiljø og ein finn ikkje liknande bygningsmiljø i Volda sentrum.



Kartsisse av området.

Naustvegen.

Gamle arbeidarbustadar imed nær tilknytning til fjorden.

Kjenneteikn:

- Små trehus tett inntil kvarandre. Kompakt og intimt område.
 - Lite sturktur. Variasjon.
 - Husa vender seg mot sjøen, men har likevel ulike retningar/vinklar.
 - Saltak, men ulike takvinklar.
 - To etasjar.
 - Hovudhus med naust eller sjøbud.
 - Husa er satt inn i terrenget (ikkje omvendt).
 - Fargerikt område. Ulike fargar på bustadhusa, raude naust, turkis sjøbud.
- Liggande kledning på hovudhus. Blanding på nausta.
 - Siv og strandplantar. "Natur" mellom husa.
 - Bølgeskvulp og saltvatn. Særeiga miljø. Lydar og luktar skil seg vesentleg ut frå lydar og luktar i anna bustadområde i Volda. Her kjem ein tett på naturen.


Planstatus

Området inngår i reguleringsplan for Rotsetfjóra I1 og Sp 1-6 (Planident 2001009), og er regulert til industri.

Bustadane nord for området (mellom Ristevegen og Naustvegen) er regulert til spesialområde; bevaring av bygningsmiljø.

Utfordringar og moglegheiter

Industriområda på begge sider av bustadhusa er potensielle transformasjons- og utviklingsområde, og dei tre bustadhusa ligg på den måten midt i eit potensielt utbyggingsområde. Særmerkte kvalitetar ved dei tre bustadhusa gjer at ein likevel ynskjer å ta vare på desse, sjølv om områda på begge sidar transformerast. I framtidige utviklingsprosjekt skal ein planlegge for at sjølina vert tilgjengeleg for alle.



Utsnitt reguleringsplan for området. Området er markert med oransje. Eksisterande spesialområde er markert med gult.



Naust i strandkanten.

Nyoppussa sjøbud.

Bølgeskulp og fjøresteinar.

Retningslinjer og rutinar for utvikling

- Ein bør vurdere å nytte omsynssone eller bestemmelsessone i kommuneplanen sin arealdel.
- Formålet med sona bør vere å ta i vare det særprega bygningsmiljøet som ein heilskap. Ein ynskjer i dette området å oppretthalde og forsterke særtrekk ved området. Eksisterande bygningsmasse skal vidareførast eller førast tilbake til opphaveleg stand, og det skal ikkje vere tillate å rive eksisterande bygningar innanfor området.
- I framtidige utviklingsprosjekt ynskjer ein å gjere sjølina tilgjengeleg for alle.
- Planar om endra bruk av einskilde bygg, tilbygg, påbygg, ombygging eller utvendig reparasjonar og oppussing skal leggjast fram for kulturavdelinga i Fylkeskommunen før kommunen handsamar planane.

6.5 Sveitserkkja

Sveitserstilen er ein trehusstil inspirert av bondebustadar i Sveits. Stilen vart populær i Noreg frå 1840-åra, og passa godt i eit land med god tilgang på trevirke. Stilen var fleksibel utan for mange arkitektoniske reglar, og huseigar og byggmeister kunne saman finne fram til formar og praktiske løysingar.

Bustadar i sveitserstil var ofte romslegare enn tidlegare, og skulle vere "sunnare" med meir lys og luft. Det vart vanleg med brattare takvinklar og større høgd inne i romma. Husa fekk større glassflater, ofte delt opp av ein kross. Husa vart også ofte bygd på høge kjellarmurar, og kjellarane kunne dermed nyttast på ein heilt anna måte enn dei tidlegare lave "krypkjellarane". Dekorativt bogar og utskjeringar er også eit kjenneteikn. Husa hadde ofte tre fargar satt saman for å framheve konstruksjonsdetaljar og vindusomramming. Sveitserhusa var gjerne malt i lys oker, kvitt eller andre lyse fargar. Detaljar og utskjeringar hadde mørke fargar, brune, grå eller

grøne. Nokre av husa fekk veranda, som var heilt nytt i norsk byggeskikk.

I Gamlevegen i Volda ligg fire hus i Sveitserstil på rekkje og rad. Husa er bygd rundt 1910, og eigarane har teke godt vare på den gamle stilen. Alle fire husa har bratte takvinklar. Verandaene er innebygde, noko som ofte var vanleg langs kysten. Husa har også høge kjellarmurar. Lik høgde og volum på bygningane, avstanden mellom dei, skifertaka, vindaug med krossinndeling, utskjeringar og takvinklar er element som gjer at desse fire husa på mange måtar "heng saman"; dei framhevar kvarandre og utgjer eit samla bygningsmiljø.

Husa ligg i eit villastrok med gangavstand frå sentrum og med utsikt ut over Voldafjorden. Tomtene er store og hagane framfor huset utgjer ein viktig del av miljøet. Området framstår som grønt, frodig og velstelt. Hagane ligg i ein jamn helling opp frå vegen, og "lyftar" opp husa. Hagane er godt synlege frå vegen og inneheld mellom anna gamle frukttre, buskar og solitære staudar.



Kartsisse av området.

Over: "Sveitserrekka" i emning, truleg 1910/11. Fotograf ukjend. Illustrasjonen er henta frå Voldaminne 2016 s. 18. Under: Sveitserrekka frå same retning i dag.

Kjenneteikn:

- Høge kjellarmurar.
- Utskjeringar i møne og dekorativt listverk.
- Eigne fargar på listverket.
- Krysspostvindaug (delt opp i kross).
- Stor takhøgd på etasjane. To etasjar.
- Symmetriske fasadar. Ark midt på foran.
- Saltak med skifer. Taket stikk langt fram over ytterveggane.

- Innebygde glasverandaer.
- Store plenar foran husa. Gamle frukttre, buskar og solitære staudar. Framstår som eit grønt, frodig og luftig område.

Planstatus

Området inngår i reguleringsplan for Nedre Klepp frå 1982 (planident: 1982004), og er regulert til frittstående bustader.

Der står det følgjande i § 4 om materialbruk og fargebruk: "For bygningar i same område kan bygningsrådet kreve lik materialbruk og taktekking. Det skal arbeidsast for harmonisk material- og fargebruk på bygningar i området."

I § 5 om grøntanlegg, vegetasjon og frisikt står det at "Forhagar og grøntanlegg skal opparbeidast på ein tiltalende måte.(...) Eksisterande vegetasjon bør bevarast så langt råd er."

Dei fire hovudbygningane med tilhøyrande uthus er SEFRAK-registrert.

Utfordringar og moglegheiter

I sentrumsnære områder er det i mange tilfelle ynskjeleg med fortetting. For dei fire husa i Gamlevegen er dei store hagane foran husa ein viktig del av bygningsmiljøet, og det er difor viktig at ikkje desse hagane vert bebygd.



Dei store, grøne hagane foran huset er ein viktig del av bygningsmiljøet.

Retningslinjer og rutinar for utvikling

- Ein bør vurdere å nytte omsynssone eller bestemmelsessone i kommuneplanen sin arealdel. Formålet med sona bør vere å ta i vare det særprega bygningsmiljøet som ein heilskap. Ein ynskjer i dette området å ta i vare eksisterande bygningsmasse, og det skal ikkje vere tillate å rive hovudbygning eller uthus.
- Det er ikkje aktuelt med fortetting i området.
- Den nye arealplanen bør ha generelle føresegner

om skifertak i bestemte områder, dette området inkludert. Utskifting av tak bør vere søknadspliktig.

- Alle tiltak bør vere søknadspliktige; tilbygg, påbygg, verandaar og fasadeendringar.
- Planar om endra bruk av einskilde bygg, tilbygg, påbygg, ombygging eller utvendig reparasjonar og oppussing skal leggjast fram for kulturavdelinga i Fylkeskommunen før kommunen handsamar planane.

6.6 Vevendelvegen, Storgata og Porsemyrvegen

Funksjonalismen er ein stilretning som oppsto i Europa rundt 1920-talet, og er prega av eit forenkla formspråk med store flatar, rette liner og geometriske formar. Husa vart gjerne bygd i mur, hadde flate tak og store vindauger. Dei hadde som regel knapp detaljering og lite eller ingen dekor, men form- og fargevariasjonane var mange. Arkitekturen var ein reaksjon på dårlege butilhøve i store, industrialiserte byar, og tankar om "lys, luft og hygiene" låg til grunn for den nye uttrykksforma. Etter krigen var det husnød i Noreg, og Den Norske Stats Husbank vart oppretta i 1946. Husbanken gav lån til oppføring av nye bustadar, men satte krav til kvalitet og standard. På denne tida fekk stram funksjonalisme gjennomslag i stor skala i Noreg.

Utbygginga i Vevendelvegen og Storgata starta så vidt før krigen, og dei eldste husa er frå 1938–39. Under krigen sto det stille på byggefronten, men kort tid etter krigen starta bygginga igjen, og dei fleste husa i området er bygd i perioden 1946–53. Husa har tydelege funksjonalistiske trekk, men murbygg og flate tak fungerte ikkje så godt på landsbygda. Funkishusa her er tilpassa lokale tilhøve og er bygd i tremateriale og med saltak. Minst 15 av huseikningane er signert av arkitekt Johs. Nes. Statens distriktsarkitekt for Romsdal, Sunnmøre og Sunndalen har teikna i underkant av ti hus i området.

Dei enkelte bygningane har ikkje så stor verdi kvar for seg, men saman skapar desse bygningane eit spesielt gatemiljø, og fortel ei historie om bustadbygging (og samfunnsbygging) i Volda etter krigen.



Kartsisse av området.



Hus på rekke og rad oppover Storgata.

Kjenneteikn:

- Strukturert bustadområde med tilnærma like bygningar på rekke langs ein hovudveg. Lik avstand mellom husa.
- Repetisjon og gjentaking.
- Bygningar plassert midt på tomtene, med hagar både foran og bak husa. Framstår som eit grønt bustadområde. Hagane består ofte av mindre plenflekkar, buskar og nokre mindre tre/frukttre.
- Funkishus med to etasjar. Kubiske og enkle geometriske formar. Nokre stadar også murt/støyppt sokkeletasje. Murelementene er kvite.
- Trehus med mange ulike fargar representert;

- her finn ein både gule, raude, blå, kvite og grønne hus. Husa har som regel ei eige farge på listene. Fargevariasjonen er eit særtrekk ved området, og gjer gata fargerik og "levande".
- Liggande panel. Enkelt listverk. Ingen fasadedekor.
- Hovudsakeleg saltak med skifer.
- Vindaugband og store glassflater utan sprosser. Vindauga kan vere plassert heilt ut i hushjørna.
- Enkle, glatte eller geometrisk inndelte dører med lite eller ingen dekor
- Boge nedst på vindski. Vindskiene er ofte synleggjort med eiga farge.

Fargepallett funksjonalismen

Funkishus var ofte fargerike; tomatraud, blekgul, skarp blå, eplegrøn, kopperfarge eller sitrongul. "Skjørt og bluse"- husa er typiske for perioden; fyrste etasje i kvitmalt mur og resten av huset i ein klar grøn, gul eller raud farge. Palletten under viser typiske fargar og er henta frå nettsida til Bygg og bevar:



4010-G10Y 2040-B S 3050-R80B S 1060-Y10R



1502-Y 8005-G50Y 5040-Y80R S 1060-Y10R
4050-Y20R S 2005-G50Y

Planstatus

Området inngår i reguleringsplan for Volda sentrum 65 frå 1965 (planident: 1965001), og er regulert til frittstående bustader.

Utdrag frå føresegnene:

§7: Våningshusa skal vere villamessig og kan byggjast inntil 2 fulle høgder. Uthus, garasjer eller fløybygningar i 1 høgde.

§16: Forhagar, mellomrom mellom frittstående blokker, gardsrom med vidare, må få ei vakker og tiltalende utforming. (...) Forhagar og grøntareal kan berre innhegnast etter samtykke frå bygningsrådet. På same vis er det med delegjerder i tomtegrensa.

§ 18.1 Bygningane skal ha sadeltak, valmtak eller der planen viser det flatt tak. Takvinkelen må ikkje vera større enn 35 grader. (...) Ein tillet ikkje nedskjæring eller glass i takflata unntake taklukar.



Vindauge i hushjørna.

Boge nedst på vindski.

Fargevariasjonen er ein kvalitet i området

Retningslinjer og rutinar for utvikling

- Ein bør vurdere å nytte omsynssone eller bestemmelsessone i kommuneplanen sin arealdel. Formålet med sona bør vere å ta i vare det særprega bygningsmiljøet som ein heilskap. Ein ynskjer i dette området å ta i vare eksisterande bygningsmasse, og det skal ikkje vere tillate å rive hovudbygning eller uthus.
- Tilbygg, påbygg og nye bygningar kan tillast, føresett at tiltaket stetter opp om målsettinga om å bevare eit heilskapeleg og harmonisk bygningsmiljø. Størrelse, høyde, proporsjonar, form og materialbruk skal underordne seg resten av bebyggelsen. Alle tiltak bør vere

søknadspliktige; tilbygg, påbygg, verandaer og fasadeendringar.

- Det bør ikkje tillast verandaar i andre etasje.
- Gaterommet må takast i vare. Gateløpet og gjentaking er ein viktig del av uttrykket, og det er uheldig om det vert "hull" i husrekkeane. Dersom ein bygning tillast reve og erstatta av eit nytt bygg, må det plasserast der det gamle sto.
- Den nye arealplanen bør ha generelle føresegner om skifertak i bestemte områder, dette området inkludert. Utskifting av tak bør vere søknadspliktig.
- Det er aktuelt å setje opp ei informasjonstavle i tilknytting til ein benk i området.

6.7 Brenslene, Granlida og Furebakken

Typehusa eller kataloghusa kom for alvor tidleg på 1960-talet. Planlegging og produksjon av bustadhus vart i større grad eit industriprodukt. Prefabrikasjon av hus var vanleg, og same hustypar vert bygd over store delar av landet. Husbanken var ein vanleg finansieringskjelde. Dei satte også krav til både eksteriør og interiør.


Brenslene, Granlida og Furebakken er tre gater i eit større bustadområde. Desse tre gatene (med hus på kvar side av gateløpa) er plukka ut då dei er av dei fyrste husa som vart bygd i området, og fordi ein her framleis kan sjå typiske trekk frå stilperioden.

Sjølv om nokre av husa her er bygd på eller forandra representerar framleis området husbankfinansiert bustadbygging på 70-talet. Dei enkelte husa i området har ikkje spesielt stor verdi i seg sjølv, men gatene har ein tydeleg eigenart, og skil seg frå bustadområde frå andre tidsepokar. Mange av husa er kataloghus frå ulike ferdighusprodusentar. Ferdighusprodusenten

Nøkkelhus har teikna om lag ti av husa i området, og fem av dei er av typen "401 AM". Ein finn også fire utgåver av ferdighuset "Joker" frå Bo Bygg. Selbu, Stranda Bruk, Systemhus Bodø, og G. Block Watne er andre ferdighusprodusentar som går igjen i området.

Brenslene, Granlida og Furebakken er tre gater med tydeleg struktur, orden og repeterande element. Husa ligg i same vinkel og avstand frå veg. Avkjørslar kjem med om lag same avstand mellom. Husa ligg i bratt terreng, og mange av husa tek opp ein etasje. Murane er låge og tomtene bratte. Mange av husa har staude- eller buskbed i skråningane framfor huset, og området opplevast grønt, frodig og variert.

Bygningane er rektangulære, har ofte stripemotiv og gjerne ein blanding av ståande og liggjande kledning. Vindauga har ulike størrelsar, men skapar til saman lange band, eller syner ein annan form for rytmisk plassering. 70-talet vert gjerne kalt "den brune perioden", og husa skulle gjerne sjå ut som om dei var tjæra. Husa i dette området vart beisa i mørke nyansar av brunt, grått eller andre mørke naturfargar.



Kartsisse av området.



Mørke naturfargar på hus.

Kjenneteikn:

- Einebustadar med ein etasje og med murt/støypet sokkeletasje.
- Saltak. Flat takvinkel (ned til 22–27 grader).
- Heile flater i vindauga, utan sprosser. Vindauga har ulik størrelsar, men skapar til saman lange band, eller syner ein annan form for rytmisk plassering.

- Låge murar, bratte tomter. Staude- og buskbed foran husa, mindre plenflekkar.
- Blanding ståande og liggjande kledning.
- Naturinspirerte fargar, ofte mørke fargetonar. Ulike brunfargar.
- Verandaer med liggjande rekkverk.

Planstatus

Området inngår i reguleringsplan for Røyslid – Heltne I og II. (planident: 1969001 og 1973002), og er regulert til einbustader.


Utdrag frå føresegnene:

§4: Bygningsrådet skal ved handsaming av byggjemeldingar ha for auga at husa får ei god utforming med høveleg materialbruk, og at dei harmoniserar med bygningar og terreng omkring.

Farge på hus skal godkjennast av bygningsrådet.

Der det naturlege terrenget etter planeringa gjer det naudsynt med støttemur mot gate eller grannetomt, kan bygningsrådet gje påbud om at planeringshøgder skal gjerast lågare eller løftast, eller at det vert nytta skråningar som gjer at høgda på støttemurane vert mindre.


§8: Bygningsrådet skal sjå til at gjerde mot gate vert mest mogleg einsarta for alle tomter langs ein vegstreking.



Kataloghus frå Gunnar Block Watne, 1976.

Gaterommet må takast i vare

Gateløpet og gjentaking er ein viktig del av uttrykket, og det er uheldig om det vert "hull" i husrekkjene. Dersom ein bygning tillatst reve og erstatta av eit nytt bygg, må det plasserast der det gamle sto.



Gateløpet med repeterande element er ein viktig del av uttrykket.



Området opplevast grønt.

Retningslinjer og rutinar for utvikling

- Ein bør vurdere å nytte omsynssone eller bestemmelsessone i kommuneplanen sin arealdel. Formålet med omsynssona bør vere å ta i vare det særprega bygningsmiljøet som ein heilskap.
- Tilbygg, påbygg og nye bygningar kan tillatst, føresett at tiltaket stetter opp om målsettinga om å bevare eit heilskapeleg og harmonisk

bygningsmiljø. Størrelse, høyde, proporsjonar, form og materialbruk skal underordne seg resten av bebyggelsen. Alle tiltak bør vere søknadspliktige; tilbygg, påbygg, verandaer og fasadeendringar.

- Gaterommet må takast i vare.
- Det er aktuelt å setje opp ei informasjonstavle i tilknytting til ein benk i området.

6.8 Skuleløypa

Volda har ein lang historie som undervisnings- og skulestad, og ein heil del bygningar i sentrumsområdet er knytt til ulike undervisningsinstitusjonar. Ein stor del av bygningane ligg langs ei line frå Engeset, langs Engesetvegen, Kårstadvegen og vidare til Vikebygdvegen. Bygningane er frå forskjellige tidsepokar, dei har hatt ulike funksjonar og forskjellig standard. Dei fleste er i bruk til undervisningsføremål i dag, andre ikkje. Nokre har stor verdi, andre har mindre verdi. Til saman fortel denne bygningsmassen og dette området historia om skulestaden Volda. På desse sidene vert nokre av skulebygga kort presentert.



Kartsisse av området. Bygningar markert med svart er knytte til ulike undervisningsinstitusjonar.

Gamle Øyra skule, Gamleseminaret

I 1893 flytta Johanne og Henrik Kaarstad til Volda for å starte *privat eit 1-årig kurs for lågare lærarprøve*. Dei fekk leigekontrakt med Volda kommune, og førebuingkurset kunne nytte lokala til Gamle Øyra skule i Gamlevegen. Dette var starten på "Voldens Privatseminarum", som Kaarstad grunnla saman med Aage Stabell i 1895 (seinare Volda lærarskule), (sjå bilete av skulen s. 45).

Gamlegymnastikken

Gamlegymnastikken vart bygd i 1921 og husa gymnastikksal for Gymnaset i Volda. I toppetasjen hadde elevane musikkrom. I dag er det frimurarlogen i Volda som eig huset. Huset er regulert til bevaring etter plan- og bygningslova. Gamlegymnastikken er også SEFRAC-registrert, og har status som kulturmiljø med regional verdi i Regional delplan for

Gamlegymnaset

Gamlegymnaset vart bygd i 1851, og vart oppført som ein sjefsgard for kapteinar i det Bergenshusiske Infanteriregiment. I 1891 starta Aage Stabell opp privat mellomskule i bygninga. I 1902 vart bygninga utvida med ein etasje. I 1910 vart Volda private Millomskule og Gymnasium oppretta, som det første treårige landsgymnaset på landsbygda i Noreg. Det store trehuset var på den tida eit viktig landemerke i bygda, i dag er bygninga mindre synleg i eit tettbygd strok. Bygninga fortel historia om utviklinga av Volda som skulestad. Gamlegymnaset er SEFRAC-registrert, og har status som kulturmiljø med regional verdi i Regional delplan for kulturminner.



Gamlegymnaset.

Kaarstadbygget.

Kaarstadbygget

Kaarstadbygget vart oppført i 1922, og er det eldste skulebygget som framleis høyrer til på Campus. Dei fyrste 40 åra dreiv lærarskulen eit eiga småbruk, og for lærarskuleelevane var arbeid på småbruket ein naturleg del av skuletida. Seinere vart det opparbeidd ein hage framfor bygget, og hagebruk var også eit element i undervisninga. Med sin karakteristiske gulffarge er Kaarstadbygget eit signalbygg og eit synleg landemerke i bygda. Bygninga er også eit kjennemerke for lærarutdanninga i Volda. Kaarstadbygget er verna i verneklasse 2 gjennom landsverneplanen til Kunnskapsdepartementet. Vernet omfattar bygninga si eksteriør og parken framfor bygninga. Formålet med vernet er å bevare ein representant for dei private lærarseminara i distrikts-Noreg, og ein bygning som var sentral i utviklinga av Volda som utdanningsstad.

Idrettsbygget

Idrettsbygget vart ferdigstilt av Statsbygg i 1963 og er teikna av arkitekt Ivar Bjordal. Den grøne bygninga fungerer som eit signalbygg, og er godt synleg frå mange stader i bygda. Bygninga inneheld både gymnastikksal og symjehall. Volda kommunen tok ikkje betalt for tomte til symjehallen, mot at ungdommar i Volda skulle kunne få svømme der gratis.



Idrettsbygget.



Hans Strøm-huset.



Berte Kanutte-huset.



Øyra skule.

Berte Kanutte-huset

Berte Kanutte-huset sto ferdig i 1998, og vart bygd av Statsbygg som eit høgskulesenter med fellesfunksjonar som sentraladministrasjon, bibliotek, auditorium og kantine. Bygninga er teikna av Nuno Arkitekter. Bygninga er kalla opp etter salmediktaren Berte Kanutte Aarflot, som budde i Ørsta på 1800-talet. Bygninga er regulert til offentleg bygning i kommunedelplan for Volda sentrum.

Øyra skule

Våren 2017 flytta barneskuleelevane i Volda sentrum inn i nye lokalar. Nye Øyra skule inneheld mellom anna barneskule, kulturskule og SFO. Bygninga er regulert til offentleg bygning i kommunedelplan for Volda sentrum.

Retningslinjer og rutinar for utvikling

- Dei ulike bygningane har i dag ulike eigarar, ulik verdi og ulik planstatus. Det vil dei også ha i framtida. Nokre av bygningane er med i lista over bygningar med nasjonal, regional eller høg lokal verdi, sjå kapittel 8.

6.9 Skifertak

“Frå Kleppåsen er utsynet over bygningsmassen i Volda sentrum slående flott. På avstand står bygda vår fram med ein heilskap, og eventuelle slitne fasadar er vekke for auga. For kva er det vi ser? Hustaka. Der dei fleste framleis er tekte med skifer. Steinheller som skiftar farge og valør i regn og sol. Steintaka er meir enn eit vakkert estetisk uttrykk; dei har gitt bygningar lang levetid og halde ved like lokale handverkstradisjonar. No forsvinn dei karakterskapande skifertaka i Volda litt etter litt. Decra-pannene av stål og akryl er i ferd med å ta over”.

Teksta er henta frå artikkelen “Skifertaka – eit særpreg for lokal byggeskikk av Kari Hasle (Voldaminne 2012, s. 72).

På slutten av 1800-talet skaut utbygginga av einbustader i Volda sentrum fart. Dei aller fleste sveitserhusa og andre tømmerhus bygd etter 1900 i Volda fekk skifertak. God skifer er svært sterk og sug mindre vatn enn teglstein. Skiferhellene var rekna som meir brannsikre enn torvtak og teglpannetak, og det er grunn til å tro at brannen i Halkjelsgata i 1890 og bybrannen i Ålesund i 1904 førte til auka fokus på brannsikring hos bygdefolket. Etterspurnaden etter skifertak vart stor rundt 1900-talet, og skiferbrota byrja i større grad å forme den til lappstein, fasettskifer og rektangelskifer med rund og firkanta form i nedkant.

Det meste av skiferen i Volda kjem frå Voss eller Alta. Den grålege skiferen er levert i ulike format og fasongar. Skiferen er kjent som eit svært haldbart materiale, men kvaliteten varierer. Her i Volda er erfaringa at Alta-skiferen er den med lengst haldbarheit.



Tak på tak.

Taket er ofte ein viktig del av fasaden.

Lite skifertak

I følgje Odd Arve Orten, som har spesialisert seg på legging av skifertak, kan eit skifertak med god kvalitet ha ei levetid på 130 år. Skifertaka er framleis vurdert som eit brannsikkert materiale, og også enklare å vedlikehalde enn til dømes eit decra-tak der mosen lett slår rot. Orten har også merka ei lita endring i tida, medan det i ein periode har vore mange som har skifta til decra-tak, er det nå ein positiv trend der fleire yngre husbyggarar helst vel skifertak.

Skifertaka i Volda er eit særpreg for bygda, og eit tydeleg fysisk element som er med på å skilje Volda frå andre tettstader. Både i tettstadsanalysen for Volda sentrum, Utviklingsplanen for Volda sentrum, Kommunedelplanen for Volda sentrum og Samfunnsdelen er det framheva at ein ynskjer å ta vare på og framheve fysiske element som særpregar Volda.

Planstatus

Reguleringsplan for Volda sentrum av arkitekt Einar Ridderstrøm frå 1987 er framleis gjeldande for nokre områder i sentrum. Områda rundt Halkjelsgata, Snippa, Røysgata og Kyrkjegata er i denne planen markert som spesialområde: "område med bygningar og miljø som på grunn av historisk, antikvarisk eller annan kulturell eller miljømessig verdi skal vernast".

I punkt 36 i planen står det at "Ved ombygging, utbetring og reparasjon av eksisterande bygning skal bygningas form, material, detaljar og fargar m.v. verte oppretthaldne og fornya eller ført attende til opprinneleg tilstand. " Vidare står det i punkt 37 at "Ved vedlikehald og utbetring bør eksisterande bygningar og bygningsdelar i størst mogleg grad takast vare på. Når det er naudsynt med utskifting kan det lagast kopiar av noverande eller eldre form."



Utsikt frå Kleppåsen mot Hauane. Takflatene i sentrum er godt synlege frå mange stader i Volda.



Eins materialval er med på å samle takflatene. Sjølv om formene ikkje er like, fremstår dei som eit heilskapeleg landskap.



Skifermønster.

Skiferstablar.



Tak på uthus står i stil med hovudhuset.

Retningslinjer og rutinar for utvikling

- I den nye arealplanen vil ein plukke ut område der ein ynskjer å ta vare på skifertaka. Omlegging av tak skal vere søknadpliktig i desse områda. Områda som er foreslått er Hauane, Halkjelsvika, Sveitserrekkja, Vevendelvegen, Storgata og Porsemyrvegen (sjå illustrasjonskart over områda i kap. 6.1, 6.2, 6.6 og 6.7).
- Opprette stimuleringsmidlar; kommunen kunne ha ein tilskotsordning der huseigarar kan søkje om stimuleringsmidlar. Må initierast politisk.

- Opprette ein "skiferbank/skifermarknad", der folk kan hente eller kjøpe brukt skifer.
- Studentoppgåve: registrere skifertak.
- (Gjen-) opprette byggeskikkpris. Dele ut årleg pris til huseigarar som tek i vare husa sine på ein god måte. Må initierast politisk.

Link til Riksantikvaren sitt informasjonsark om skifertak: https://www.byggogbevar.no/media/1027/infoark_354_skifer_2014-1.pdf

6.10 Løer

Volda vart bygd opp rundt primærnæringane jordbruk og fiske. Ovanfor Halkjelsvika var det god jordbruksjord, og det var lett å rydde og dyrke åkrar. Alt i 1385 vart Halkjelsvik nemnt som prestegard, og i fleire hundre år var dei fleiste innbyggjarane i Volda på ei eller anna måte tilknytta jordbruket. Fleire av gardsbruka i Volda sentrum vart frådelt prestegårdsjorda frå siste del av 1800-talet. Ut over på 1800-talet vaks nye næringar fram, folketalet steig og bøndene fekk moglegheit til å produsere mat til fleire enn seg sjølv. Pengesamfunnet vaks fram.

Som eit resultat av moderniseringa av landbruket frå 1850 og utover vart dei mange små uthusa på gardane erstatta av einskapsløa. Einskapsløene effektiviserte drifta og bonden fekk samla både dyr, avlingar og reiskap under eitt og same tak. Køyrebruene er rekna for å vere eit særeige svensk-norsk fenomen.

Med køyrebru til andre etasje kunne ein utnytte tyngdekrafta og sleppe høyet ned til dyra. Vidare kunne ein måke gjødsel frå fjøsen ned i kjellaren. Driftsbygningane vart mala raude, da raudfargen var den billigaste målinga.

Etter krigen vart mange gardsbruk nedlagde. I 1939 var det meir enn 210 000 gardsbruk i drift i Noreg, i 2016 var det om lag 41 000 jordbruksbedrifter. Det finnes framleis løer på landbrukseigedomar i landet, men mange er også reve, erstatta av nyare driftsbygningar eller står tomme og til nedfalls.

Stavkyrkja som sto i Volda sentrum vart riven i 1858, omtrent samtidig med moderniseringa av landbruket. Fleire av løene i Volda sentrum har difor materiale i seg frå denne kyrkja.

Dei fleste løene i Volda sentrum er bygd i tiåra etter 1850. Fleire løer har forsvunne sidan 1980-talet, men framleis finn ein fleire gardstun i sentrum med raude



Skjerva.

løer. Nokre av dei er teke godt i vare, andre ber preg av lite bruk. Løa på Røystunet er eit døme på korleis ein løe kan fyllast med nytt innhald. Der er siloen gjort om til ein innandørs klatrevegg. Klatresiloen er sentralt plassert like ved Høgskulen i Volda og nyttast aktivt av Sunnmørsk klatreklubb.

Riksantikvar Jørn Holme kallar løene katedralar i bygde-Noreg. Gardsbruka og løene i Volda sentrum er fysiske teikn på landbruket som ei avgjerande næring i samfunnet. Gardsbruka symboliserar mellom anna



Moritsgarden.

bondeliv, matproduksjon, buskap, arbeidsfelleskap og hardt arbeid. I tillegg fortel dei ein heil del om lokal byggeskikk.

Raude løer skil seg ut frå andre bygningar i eit sentrumsområde, og framstår som mjuke kontrastar til grå asfalt og store betongbygningar. Gardsbruka og løene i Volda sentrum gir bygda eit særpreg samanlikna med andre bygder.




Røysløda.

Grindbygg

Løene her i området vart reist som grindbygg. Grindbygga høyrer til ein 3-4000-årig byggetradisjon som er særmerkt for Vestlandet. Grindbygget med reiste stavar er ein svært fleksibel konstruksjon som tillet store volum med lite byggematerial, og som gir fridom for individuell tilpassing til terreng og behov. Konstruksjonen er rekna for å vere svært hardfør mot ver og vind. Grindbygde hus var ein dominerande konstruksjon i større og mindre uthus og driftsbygningar til langt inn på 1900-talet i vest-Norge, og vi finn eit særleg mangfald i fridom og utnytting av denne byggemåten i sunnmørsbygdene. Ved sidan av stavkyrkjene har grindbygga ord på seg for å vere det viktigaste norske bidraget til internasjonal byggeskikk og kulturarv.

Planstatus

Ingen av løene i Volda er i dag verna eller freda. Fleire løer er regulert vekk til trafikkføremål, bustad- og næringsområde.



Grindkonstruksjon. Figuren er henta frå "Vi formar staden var", s. 18.



Over: Røysløda. Under: Bastiangarden.

Klatresiloen.

Over: Skjerva. Under: Engeset.

Utfordringar og moglegheiter

Mange av løene i Volda står i dag tomme, og er kostbare, store bygningar å halde ved like. Det finst mange dømer på korleis ein kan tenkje nytt kring denne type bygningar. Klatresiloen er eit døme. I Josybuda på Kalvatn og Rekkedal gjestehus i Ørsta har eigarane satsa på selskapslokale i løene. I Røros har dei hatt eit "uthusprosjekt" der hittil 400 løer og uthus har vore istandsett. I England finst det mange dømer på løer som er bygd om til feriehus og utleigeleiligheter/hytter. Sjå kap 10 Nyttige nettsider for meir inspirasjon knytt til nybruk av løer.

Retningslinjer og rutinar for utvikling

- Både Røysgarden og Moritsgarden ligg innafor området i Halkjelsvika som er foreslått med omsynssone eller bestemmelsessone i ny arealplan.
- Røysgarden er i tillegg tatt med i lista over i bygningar med høg lokal verdi, sjå kap. 8.3.
- Initiere eit uthusprosjekt i Volda (for både løer og uthus).
- Sette opp informasjonsskilt på nokre av løene.

6.11 Uthus

Utviklinga av Volda som tettstad skaut fart på slutten av 1900-talet, og mykje av den gamle trehusbebyggelsen er frå perioden 1880–1930. Det er i Halkjelsvika, på Hauane og Vikeneset vi finn dei eldste bustadområda. I områda Engeset/Klepp, Gamlevegen, Anders Vassbotnvegen og rundt Røysbakken er det også ein del bustader frå denne perioda. Eit særpreg i desse bustadområda er dei mange uthusa.

Mange av dei som flytta til einebustadar rundt 1900 hadde bakgrunn frå gardsdrift og hushald med stor grad av sjølvberging. Med små uthus i bustadområda kunne familiar vidareføre tradisjonen med husdyrhald og sjølvberging i ein mindre skala. I uthusa i Volda kunne ein finne sauar, høner og grisar. Vedlageret og utedoen var også ofte plassert her. Mange nytta uthusloftet til å tørke kle eller fisk, rulle tøy eller veve. Om sommaren vart nokre av uthusa også nytta til bustadføre mål.

Uthusa i Volda er eit særpreg for bygda, og viss ein ser til nabobygder som til dømes Ørsta, Ulsteinvik eller Fosnavåg, vil ein finne langt færre uthus. Ein grunn til dette kan vere at mange bustadar i Volda vart bygd akkurat i den perioden det var vanleg med slike små uthus. Ein anna grunn kan vere at mange i Volda leigde ut rom til studentar og andre, og eit uthus med lagerfunksjon og ekstra rom kunne vere god avlasting for sjølve bustaden.

Det er vanskeleg å seie kor mange uthus som er igjen i Volda i dag, men mange har med åra verte fjerna eller bygd om. Nokon uthus står til forfall. Andre er teke godt vare på av eigarane. Uthusa har i dag funksjonar som til dømes utebud, vedlager, garasje, vinterhage eller leikehytte. Ein finn også uthus i Volda sentrum i dag som fungerer som hønsesus.



Dei gamle uthusa har i dag ulike funksjonar, som til dømes garasjer.

Uthusa i Volda finst i ulike fargar.

“Plakatbuda” er kanskje det mest kjente uthuset i sentrum.

Kjenneteikn:

- Små bygningar i tilknytting til hovudhuset.
- Saltak. Gjerne same tak som hovudhuset, t.d. skifer.
- Fleire dører vanleg.
- Ulike fargar på uthusa, men ofte same farge som hovudhuset. Har også ofte eigen farge på døra, eller på listverk.
- Ståande eller liggande kledning.
- Ofte gamle vindauge med småruta glas.

Utfordringar og moglegheiter:

Uthusa treng jamleg vedlikehald for å overleve. Det er også større sjanse for at eigarane ynskjer å halde husa ved like, viss husa har ein praktisk funksjon. Sjå kap 10 Nyttige lenker for meir inspirasjon knytt til nybruk av lør.

Planstatus

Ein treng i utgangspunktet ikkje søke om å rive bygningar under 50 m², viss ikkje noko anna er bestemt i reguleringsplanen.

Reguleringsplan for Volda sentrum av arkitekt Einar Ridderstrøm frå 1987 er framleis gjeldande for nokre områder i sentrum. Områda rundt Halkjelsgata, Snippa, Røysgata og Kyrkjegata er i denne planen markert som spesialområde: "område med bygningar og miljø som på grunn av historisk, antikvarisk eller annan kulturell eller miljømessig verdi skal vernast".

I punkt 34 i planen står det at "Uthus og mindre hus kan tillatast rivne eller flytta innan området dersom dette etter bygningsrådet sitt skjøn ikkje vil verke forringande for heilskapen i området."

Nokre av uthusa i Volda er registrert i SEFRAK-registeret.



Folk strøymer til "plakatbuda" for å sjå kva film som er sett opp på speleplanen. Biletet er henta frå boka Volda er Volda s. 252.



Uthus tett i tett.

Uthusa er med på å gje bustadområda tette og kompakte uttrykk.

Uthusa hadde som regel fleire funksjonar, og fleire dører var vanleg.

Retningslinjer og rutinar for utvikling

- I den nye arealplanen skal føresegner i Ridderstrømplanen vidareførast.
- Føresegnene for Hauane bør innehalde at det ikkje skal vere tillate å rive uthus i området.
- "Plakatbuda" kan sjåast på som ein sentralt plassert "representant" for uthusa i Volda, og er teke med i lista over i bygningar med høg lokal verdi, sjå kap. 8.3.
- Sette opp informasjonsskilt på nokre av uthusa, til

dømes på plakatbuda.


- Initiere eit uthusprosjekt i Volda for både lør og uthus. Stimulere eigarar til å ta i vare uthusa sine.
- Studentoppgåve; Kartlegge uthusa i Volda.
- For at eigarar skal ha interesse av å ta i vare uthusa er det også viktig at uthusa kan ha ein nyttig funksjon. Oppgradering av uthus (inkludert til dømes utskifting til meir funksjonelle vindauger og dører) bør vurderast som positivt.

7 ESTETISK RETTLEIAR FOR RESTAURERING OG TILPASSING

Bygningar og bygningsmiljø er levande historier, og vi har eit ansvar for å fortelje og bringe historiane vidare. Bygningars fasade tilhøyrar det offentlege rom. Bygningars originale stil og detaljering har ein eigenverdi, og gjer historier levande for oss. På den måten kan vi lære om dei som var her før oss.

7.1 Restaurering og tilpassing

Eldre bebyggelse er gjerne pussa opp fleire gongar, og inngrep kan ha forflata fasadeuttrykket. Figurane under syner to vanlege døme. Figuren er henta frå heftet "Byen under fjellet", Holmestrand kommune.




*Sveitserstil i 1910.
(Krysspostvindaug og rik detaljering.)*

*Oppussing 1975.
(Etterisolering, vippevindaug og tømmermannskledning)*

Kledd tømmerbygning 1830. (Empirevindaug.)

*Oppussing 1950.
(Funkisvindaug og dørar.)*


For å oppnå eit vellukka resultat ved restaurering, bør opphavleg byggjestil gjenskapast. Figuren nedanfor syner viktige detaljar som det må takast omsyn til for å ta i vare bygninga sin stil og særpreg.




7.2 Tilbygg på eldre hus

Det kan vere ein krevjande øving å bygge på eit eldre, velproporsjonert hus utan at huset sin karakter og utsjånad vert svekka. Utviding bør skjje med same formmessige uttrykk som eksisterande bygg, det vil til dømes seie same takvinkel, vindaugetype, panel og detaljar.

Ein moglegheit er å bygge på huset i høgda eller lengderetninga, men dette kan lett sprengje huset sine proporsjonar.




Påbygg i lengderetning eller i høgda kan lett sprengje huset sine proporsjonar. Figuren er henta frå heftet "Byen under fjellet", Holmestrand kommune.




Tilbygg som dette kan lett gi huset ei haltande og ikkje lettfatteleg form. Figuren er henta frå rettleiaren "Vi formar staden vår".

Ein ofte meir vellukka variant er å byggje tilbygget som ein sidebygning inntil hovudhuset, eller forbunde med eit mellombygg. Sistnemnte gjer større fridom når det gjeld stilkrav, men må vere i harmoni med resten av bygget når det gjeld form, materialbruk og farge.

Hovudprinsippet er at tilbygget ikkje endrar proporsjonane på hovudhuset i nemneverdig grad, og at opphavleg hovudform kjem klart frem. I den samanheng er det viktig at det er lett å oppfatte hjørna på det opphavelge huset. Også utforming av verandaer, murar og hageanlegg kan påverke hovudbygningen på ein god eller dårleg måte. Gode skisser er eit godt hjelpemiddel når ein skal vurdere ulike alternativ. Be gjerne kvalifiserte fagfolk om råd. Møre og Romsdal fylkeskommune tilbyr tilskot til forundersøkingar eller arkitektfagleg bistand for bygningar og anlegg, sjå kapittel 3 Tilskot.



Døme på tilbygg for å auke bustaden sitt bruksareal. Figuren er henta frå heftet "Byen under fjellet", Holmestrand kommune.



Tilbygg bør plasserast med omtanke i høve til opphavelge bygningskropp. Bygninga sitt hovudvolum bør vere tydeleg ved at hjørnekassa framleis er synleg. Figuren er henta frå rettleiaren "Vi formar staden vår".


7.3 Fortetting og nye bygg

Fortetting kan vere eit godt grep i høve sentrumsutvikling og klimavenleg bygdeutvikling. Samtidig må nye bygningar i eit bevaringsverdig bygningsmiljø støtte opp om miljøet sin eigenart. Ny arkitektur må ta opp i seg formar frå eksisterande arkitektur. Nybygg må vidareføre byggeskikken og tilpassast det eksisterande bygningsmiljøet i høgde, volum, utforming og materialbruk. Tilpassa arkitektur treng ikkje vere kopi av den gamle; arkitekturen kan vere moderne, men tilpassa.

Teikningsmateriell og utgreiingar knytt til nybygg, tilbygg eller ombygging i eit bevaringsverdig bygningsmiljø, skal halde ein standard som gjer greie for prosjektet i seg sjølv og i høve til opphavlege bygningar og miljøet ikring. Teikningar og utgreiingar skal vise at tiltaket tek tilstrekkeleg omsyn til omkringliggende bygningsmiljø når det gjeld storleik, proporsjonar, material- og fargebruk.

Gaterommet må takast i vare

Dei gamle gateløpa er ein viktig del av historien og bygningsmiljøet, og det er uheldig om det vert "hull" i husrekkjene. Nye bygg på ledige tomter skal oppretthalde og forsterke eksisterande gaterom. Dersom ein bygning tillatast reve og erstatta av eit nytt bygg, må det plasserast der det gamle sto.



7.4 Huset sin tilstand og moglegheiter

Vedlikehald er god investering

Aktivt vedlikehald gir lengre levetid, og ein unngår unødige reparasjonar og utskiftingar.

Grunnmur/sokkel: sjå etter at drenering rundt grunnmuren fungerer og at kjellar og kryprom har ventilar (lugar eller ventilar i murveggen).

Yttervegg/kledning: Veggfelt og kledning under vindaug og nedst mot muren bør sjekkast for råteskadar.

Tak og beslag: Undersøk om taket er tett. Sjå etter lekkasjar rundt takluker, piper, kilrenner, takrenner og nedløp. Undersøk om det er mogleg å etterisolere loftet. Linker til nettside og informasjonsark om vedlikehald av skifertak: <https://www.byggogbevar.no/pusse-opp/tak/artikler/vedlikehold-og-gjenbruk-av-skifertak> og https://www.byggogbevar.no/media/1027/infoark_354_skifer_2014-1.pdf

Originalen er ofte betre enn kopien

Gamle og skeive bygningsdelar og overflatar er med på å gi fasadar kvalitet. Dette preget vert borte ved fullstendig renovasjon av fasadane. Heilt nye fasadar gjer at bygningar fort kan sjå for perfekte og glatte ut, sjølv om ein har kopiert den gamle stilen. Spor etter bruk og "tidens tann" er viktige delar av huset si historie. Gamle hus bør få lov til å vere litt gamle. Ved restaurering eller vedlikehald kan det vere ein kvalitet å bevare gamle bygningsdelar, viss det er mogleg. Delar som dørar, listverk, trappar, rekkverk og vindaug kan til dømes gjerne vere i brukbar stand, og nyttast opp igjen.

Ved renovasjon eller utbetring kan det vere lurt å undersøkje korleis huset såg ut opphavelig. Sjekk kommunen sitt byggesaksarkiv, sjå på gamle bilete eller undersøk om det finst dokumentasjon av huset sin tidlegare utsjånad.

Be gjerne andre kvalifiserte fagfolk om råd. Det kan vere ein byggmeister eller arkitekt som har gode lokalkunnskap. Det er mogleg å søkje om midlar til arkitektveileiing, sjå meir om dette i kapittel 3 Tilskot.

8 BYGNINGAR MED NASJONAL, REGIONAL ELLER HØG LOKAL VERDI

I dette heftet er det lagt vekt på å framheve viktige bygningsmiljø - samlingar av bygningar som på ein eller anna måte høyrer saman, harmonerer med kvarandre eller oppfattast under eit. Det er likevel vanskeleg å sjå bort i frå enkeltbygningar i eit slikt arbeid. Nokre bygningar fungerer som signalbygg, fortel ei bestemt historie eller syner viktige særtrekk ved byggestilen. I dette kapittelet er slike enkeltbygningar eller mindre bygningsmiljø trekt fram.

Kapittel 8.1 og 8.2 inneheld ei oversikt over bygningar med nasjonal eller regional verdi, i tettstaden Volda. Desse bygningane står på Møre og Romsdal fylkeskommune si liste over kulturminne og kulturmiljø av nasjonal og regional verdi (Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi). Kommunane i Møre og Romsdal er oppmoda til å innarbeide kulturminna og kulturmiljøa på denne lista i sine kommuneplanar, og gje dei vernestatus (viss dei ikkje allereie har det). Omsynssone er også eit aktuelt virkemiddel.

Kapittel 8.3 inneheld ei liste med bygningar med lokal høg verdi. Lista er ikkje uttømmende, men synleggjer enkeltbygg som på ei eller anna måte har lokal høg verdi. Bygningar i denne lista inngår i ulike planar/reguleringsplanar. Det er i dette arbeidet ikkje lagt opp til å endre planstatusen til desse enkeltbygningane.

8.1 Bygningar med nasjonal verdi



Volda kyrkje

Kulturminne, kyrkehistorisk minne.
Korskyrkje i stein, bygd i 1932. Arkitekt Arnstein Arneberg. Kyrkjebygg frå perioden etter 1850 med særleg høg verdi, eit av 38 i Møre og Romsdal.
Vernestatus: listeført kyrkje.



Skrivargarden, Skjerva

Kulturminne. Opprinneleg funksjon: offentlig forvaltning.
Sorenskrivarkontor frå 1905. Fram til 1985 var det bustad for sorenskrivaren i store delar av huset, men i 1985 vart huset bygd om slik at det vart rettssalar i andre etasje og kontor for dei tilsette i første etasje. Slik er det også i dag.
Eit av få jugendbygg på Søre Sunnmøre med mansardtak.
Er statleg listeført og med i nasjonal landsverneplan.



Volda prestegard

Kulturmiljø. Prestegard; offentlig administrativ teneste. Prestegarden vart flytta hit i 1730-åra. Presten Hans Støm kom til Volda i 1763, og det er han som skal ha sørge for den fine hagen kring huset. Den nye hovudbygninga vart bygd i 1818. Det står også eit stabbur (frå ca. 1900) og eldhus på eignedomen. Stabburet vart vedtaksfreda i 1992 etter kulturminnelova av 1978, og området ved Volda prestegard er regulert til bevaring etter plan- og bygningslova.



Ristetunet, Nedre Rotset

Samansett kulturmiljø; gardstun og teknisk/industrielt minne. Både Garvarbua (1838) og Ristetunet med hovudbygning (1838), stabbur (ca. 1750) og borgstove (1655 eller eldre) vart vedtaksfreda i 1927. I tilknytning til Garvarbuda er det også ein landingsvor som er freda. Enkjefru Andrea Schjelderup dreiv handel, gjestgjeveri og reiarlag her fram til 1820. Kjøpmann Olai Olsen overtok garden i 1838. Han dreiv med handel og bakeri, og bygde garvarbuda. I 1876 vart huset selt til garvar Carl Nikolai Rødseth. I dag er det Stiftinga Volda Sogelag som eig Garvarbuda, medan resten av tunet er privateigd.

8.2 Bygningar med regional verdi



Halkjelsvik tettstad

Kulturmiljø; handelsplass, eldre tettstad. Tett trehusmiljø i gammalt sentrumsområde. Datering: Uviss tid. Regulert til bevaring.



Gamlegymnaset

Kulturmiljø; undervisningsanlegg, skulehistorisk minne. Datert 1851/1902. Bygt som kapteinsgard i 1851, i bruk som mellomskeule frå 1891, påbygt i 1902 og utvida til gymnas i 1907. Regulert til bevaring etter plan- og bygningslova.



Gamlegymnastikken

Kulturminne; undervisningsanlegg, skulehistorisk minne, idrettsbygg. Gamlegymnastikken husa gymnastikksal for Gymnaset i Volda. I toppetasjen hadde dei musikkrom. I dag er det frimurarlogen i Volda som eig huset. Datert 1921. Regulert til bevaring etter plan- og bygningslova.



Volda elektriske mylne

Teknisk kulturminne; mølle/kvernhus. Datering: Uviss tid. Ei av åtte bygdemøller, er i aktiv drift.



Skrivargarden, Rotset

Kulturminne; gardstun, embetsmannsgard. Sete for sorenskrivar for Søre Sunnmøre. Den "gamle" skrivargarden. Datering: 1816.



Kaarstadbygget

Kulturminne; undervisningsanlegg, skulehistorisk bygning med høg regional verdi. Datert: 1922. Arkitekt Øivin Berg Grimnes, Ålesund. Det eldste bygget på dagens campus og er med sin karakteristiske gulfarge eit kjennemerke for lærarutdanninga i Volda.

8.3 Bygningar med høg lokal verdi



Kløvertun

Kløvertun sto ferdig i 1967, og vart bygd av Volda sanitetslag som ein "heim for senil demente". Bygninga har verneklasse 2 i landsverneplan for Helse- og omsorgsdepartementet. Føremålet med vernet er å bevare bygget som eit representativt døme på mindre institusjonsbygg innanfor psykiatrien. Bygninga har helsehistorisk verdi som typisk døme på ein vanleg institusjonstype i etterkrigstida, og som døme på dei frivillige organisasjonandes verdi for sektoren. Bygninga bør regulerast med ei omsynssone i ny arealplan.



Samfunnshuset

Huset sto ferdig hausten 1955. Fleire arkitektur var involvert i arbeidet, mellom anna Harald Løkeland frå Bergen og Ivar Bjordal frå Molde. Huset kosta knapt 800.000 kr da det var ferdig, og inneheldt moderne kinoframvisar og gode lokalitetar for større teaterframvisingar i tråd med riksteateret sine krav. Innviingsfesten markerte starten på ein svært aktiv periode for kulturlivet i bygda. Huset er under oppgradering, og får mellom anna nytt skifertak.



Idrettsbygget

Idrettsbygget vart ferdigstilt av Statsbygg i 1963 og er teikna av arkitekt Ivar Bjordal. Den grønne bygninga fungerer som eit signalbygg, og er godt synleg frå mange stader i bygda. Bygninga inneheld både gymnastikksal og symjehall.



Berte Kanutte-huset

Berte Kanutte-huset sto ferdig i 1998, og vart bygd av Statsbygg som eit høgskulesenter med fellesfunksjonar som sentraladministrasjon, bibliotek, auditorium og kantine. Bygninga er teikna av Nuno Arkitekter. Bygninga er kalla opp etter salmediktaren Berte Kanutte Aarflot, som budde i Volda på 1800-talet.



Volden høyere almueskole, Gamlevegen 2

Volden høyere almueskole var opphavleg oppført der elveløpet til Øyraelva no går i 1861. Etter at huset vart teke av flaumen, vart det ført oppatt utanfor skulebakken i 1865. I 1896 kjøpte Hemrik og Johanne Kaarstad huset av Volda kommune. Kaarstad brukte huset som privatbustad og dreiv ei stund også lærarskule her. I 1947 selde familien Kaarstad huset til Kinamisjonen som eigde det til 1956. Då kjøpte Kjellaug Kaarstad Tjensvoll og Lars Tjensvoll huset tilbake. Huset er i dag bustadhus og teke godt i vare.



Rønnestadbygget/Cubusbygget

Huset vart teikna av sivilarkitekt Olav Alme som forretningsbygg til Steinsvik-Rønnestad. Huset sto ferdig i 1976. Bygninga har med formar og fargar tydelege referansar til Volda kyrkje, som står rett bak.



Gamle Sparebanken

Volda og Ørsta sparebank ynskte seg eit nytt og sentrumsnært bygg. Huset sto ferdig i 1934 og det var arkitekt Rohde i Bergen som teikna huset. Ingeniør Nes var hovudentreprenør. Huset er prega av den ny-klassisistiske stilretninga. Arkitektene har også teke omsyn til kyrkja som vart bygd eit par år tidlegare; dei to monumentale bygningane står godt til kvarandre. Banken trakk jamn trafikk av kundar heile dagen. Telegrafan heldt til i andre etasje. Telegrafan var ein viktig kvinnearbeidsplass i bygda.



"Gamlebanken" på Rotset

Voldens og Ørstens Sparebank vart oppretta 1854, som den tredje sparebanken på Sunnmøre. Den fyrste tida leigde banken ulike lokale som opprinneleg var tenkt til andre føremål. I 1886 flytta banken for fyrste gong inn i eigne lokale; da kjøpte banken eit hus på Nedre Rotset. Heller ikkje dette huset var bygd til bank, og noko ominnreiing måtte til. Det største tiltaket var å bygge attåt eit eldsikkert kvelv med tjukke betongmurar. Både huset og kvelvet står enno, sjølv om huset er noko ombygd. I 1934 flytta banken til eit heilt nytt bankhus like ved kyrkja.



Røysgarden

Halkjelsvik prestegard vart i 1792 selt på tvangsauksjon og delt i tre mindre bruk; ein av dei var Røysgarden. Tunet skil seg ut frå andre bygningsmiljø i sentrumsområdet. Her er det luft mellom bygningane, store, ruvande tre, grønne grassflatar og mjuke formar. I 1911 vart løda modernisert, og fekk brattare køyrebru og ark. Løa har i seinare tid vore nytta til ulike kulturarrangement. Røysgarden med den signalraude løa og området rundt framstår som velstelt, og er med på å gi sentrumsområdet eit særpreg.



Svensdenbuda, Strandgata 8

Svensdenbuda er den einaste sjøbuda som står igjen i Volda sentrum, og er eit av få teikn på bygda si historiske tilknytting til sjøen. Tidlegare låg det sjøbuder på rekke og rad langs fjordkanten, og små og store båtar låg tidvis til kai langs brygga. Dei fyrste sjøbudene ved Vikeneset kom opp rundt 1880. I dag er det butikk og hyblar i den gamle sjøbuda.



Plakatbuda

Uthuset står sentralt plassert i krysset mellom Halkjelsgata og Røysgata. Uthuset hørde til Krokenhuset frå 1893. I Krokenhuset har det vore drive handel av ulikt slag, og plakatbuda vart hovudsakeleg nytta til lager. Med sin sentrale plassering gjorde den eine vegg på uthuset nytte som "plakatvegg". Her kunne ein til dømes sjå speleplanen for kinoen. Uthuset har framleis funksjon som plakatbud.



Røyshuset - Røystunet

I 1932 vart Moritsgarden delt i to delar, og same året sto det ein ny løde på Røystunet. I 1933 vart hovudhuset ferdig. Hovudbygninga skil seg ut frå andre hovudhus på gardsbruk frå den tida. Huset kan sjåast på som eit forsøk på ein alternativ byggeskikk for norske gardhus. Huset ligg lavt i terrenget, og ligg lunt til mellom store trekronar og ein tett bøkehekk. Skifertaket mot høgskulen er ein synleg fasade på huset. Huset er teke godt i vare.



Evensenhuset, Røysbakken 23

Evensenhuset vart bygd til ekteparet Nils Sr og Johanna Evensen, og sto ferdig i 1912. Evensen dreiv Møre Støyper AS, som låg like i nærleiken. Støyperiet var ein viktig bedrift i lokalsamfunnet med mange arbeidsplassar. Konstruksjon og planløyning har referansar til sveitserstilen, medan oppbygning av fasade og detaljering er henta frå jugendstilen. Drakane på taket særmerker huset. Hagen er tett beplanta med frukttrær og bærbuskar. Frå huset er det god utsikt ned til sentrum.



Doktervegen 21, Roligheten

Huset er bygd av Henrikke Georgine og Gustav Gerhardsson Wiig, og sto ferdig i 1916. Sveitserhus med bratte takvinklar, skifertak, høg kjellarmur og innebygd veranda. Større glassflater, delt opp i kross, og med utskjeringar på listverk. Fargane på huset framhevar konstruksjonsdetaljane. Huset er teke godt i vare, og er godt synleg i sentrumsområdet.



Anders Vassbotnvegen 4

Bustadhus bygd av Elisa Karoline og Edvard Eliasson Bjørdal i 1922. Edvard var medeigar i Volda ullspinneri. Huset har tre etasjer og står på høge kjellarmurar. Skifertak. Hagen er grøn og frodig, og inneheld mellom andre gamle frukttrær. Det står også eit uthus i hagen. Huset er teke godt i vare.



Gamletunet, Vikebygdvegen 15

Sivert Andreas Langvatn kjøpte garden i 1923, og bygde nytt bustadhus som sto ferdig i 1932. Trehuset har mange detaljar, og skil seg ut blant andre hus i Volda. Kvart enkelt vindauga er nesten eit smykke i seg sjølv; glasbitar i ulike størrelsar er sett saman i forskjellige mønstre, nokre med buede formar. Detaljar rundt vindauga er framheva med grøn og raud måling. Huset har vore omtalt med kallenamnet "amerikahuset", men bakgrunnen til namnet er noko uklår. Huset har vore gjennom ein omfattande restaurering. Huset er godt synleg frå hovudvegen.



Espehuset, Anders Vassbotnvegen 23.

Huset vart bygd i 1932 av skomakar Elias Abelson Espe (Volda) og den andre kona hans, Martha Pauline Ellingsdotter Indresøvde (Larsnes). Standsmessig fint hus, trekonstruksjon forblenda med teglstein og med etterlikning av bindingsverk i møna. Framand hustype i Volda, og også nasjonalt var det særst få teglforblenda hus før 1940. Arkitekt var Elmer Dalen, Martha sin systerson. Han gjekk mellom andre i bygningslære i Amerika. Familien deira var (med-) eigarar både i kalkverk på Larsnes og teglsteinsverk på Åndalsnes. Dette forklarar truleg dei uvanlege vala i materiale og stil.



Kylnevegen 2

Bygd av Sivert Johannes Olsson Høydal i 1935 og er eit av dei tidlegaste funkishusa i Volda. Tydelege funksjonalistiske trekk. Tilpassa lokale tilhøve, og er bygt i tremateriale og saltak (ikkje mur og flatt tak som er typisk for funksjonalismen). Er teke godt i vare.

9 KJELDER

- Bergseth, M. og Aarset, H. (2005). Vi formar staden vår. Tilgjengeleg frå: (del 1:) http://www.helgeaarset.no/pdf/vi_formar_staden_del1.pdf (og del 2:) <https://www.ulstein.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=5&FillId=1612> (lest 15.06.2017).
- Bjørhovde, H. (2017). Riksantikvarens fy-liste: Ønsker seg færre murklosser med flatt tak. Tilgjengeleg frå: <https://www.aftenposten.no/osloby/i/PQG9J/Riksantikvarens-fy-liste-Onsker-seg-farre-murklosser-med-flatt-tak> (lest 21.08.2017).
- Bjørneset, T. M. (2016). Evensenhuset på Røysbakken. I Sollid, J.A.K. (Red.), *Voldaminne Årsskrift 2016* (s. 21–30). [Volda: Volda sogelag].
- Byantikvaren. (2017). Bylandskap. Tilgjengeleg frå: <https://byantikvaren.no/bylandsskap/> (lest 15.06.2017).
- Elvadalen. (2017). Velkommen til Elvadalen. Tilgjengeleg frå: <https://elvadalen.wikispaces.com/home> (lest 17.08.2017).
- Grøndahl, C. E. W. (2016). Finn fargene! Fargekoder til gamle hus. Tilgjengeleg frå <https://www.byggogbevar.no/pusse-opp/maling/artikler/finn-fargene> (lest 17.10.2017).
- Halkjelsvik, K. (1992). *Halkjelsvik-gardane 1792–1992*. (Tilgjengeleg på Volda folkebibliotek).
- Hasle, K. (2010). Uthusa i sentrum. *Voldaminne Årsskrift 2010* (s. 161–170). [Volda: Volda sogelag].
- Hasle, K. (2012). Skifertaka – eit særpreg for lokal byggeskikk. I Bårdseth, G. A. (Red.), *Voldaminne Årsskrift 2012* (s. 72–83). [Volda: Volda sogelag].
- Hasle, K. (2014). Volda Private Millomskule og Gymnasium. I Bårdseth, G. A. (Red.), *Voldaminne Årsskrift 2014* (s. 167–180). [Volda: Volda sogelag].
- Hasle, K. (2016). Lagnadstime for løene. I Sollid, J.A.K. (Red.), *Voldaminne Årsskrift 2016* (s. 31–41). [Volda: Volda sogelag].
- Helse- og omsorgsdepartementet (2017). Kompleks 9900152 Volda psyk. senter. Tilgjengeleg frå http://www.lvph.no/pdf_vedtak/106_Volda_psykiatriske_senter.pdf (lest 17.08.2017).
- Helse- og omsorgsdepartementet (2017). Landsverneplan for Helse- og omsorgsdepartementet. Tilgjengeleg frå [http://www.lvph.no/dokumenter/Verneklasse_2_bekreftet_utvalg_pr_2016_\(1029321\).PDF](http://www.lvph.no/dokumenter/Verneklasse_2_bekreftet_utvalg_pr_2016_(1029321).PDF) (lest 17.08.2017).
- Holmestrand kommune. (2001). Byen under fjellet. Grønne verdier og Bygningstiljø. Estetisk veiledning.
- Høgskulen i Volda. (2016). Henrik Kaarstad-huset. Tilgjengeleg frå: <http://www.hivolda.no/hivolda/om-hogskulen/campusoversikt/henrik-kaarstad-huset> (lest 08.08.2017).
- Indresøvd, E. (2014). "Rådhuskvartalet" vert forma. I Bårdseth, G. A. (Red.), *Voldaminne Årsskrift 2014* (s. 181–192). [Volda: Volda sogelag].
- Indresøvd, E. (2015). Kven var arkitekten for Samfunnshuset i Volda? I Sollid, J. A. K. (Red.), *Voldaminne Årsskrift 2015* (s. 197–203). [Volda: Volda sogelag].
- Indresøvd, E. (2016). Sveitserstilen i Volda. I Sollid, J. A. K. (Red.), *Voldaminne Årsskrift 2016* (s. 15–20). [Volda: Volda sogelag].
- Iversen, I. O. (2016). Hus og farge: Et historisk tilbakeblikk. Tilgjengeleg frå: <https://www.byggogbevar.no/pusse-opp/maling/artikler/hus-og-farge-et-historisk-tilbakeblikk> (lest 17.10.2017).
- Lokalhistoriewiki.no. (2017). Hans Strøm. Tilgjengeleg frå: https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Hans_Str%C3%B8m (lest 17.08.2017).
- Lokalhistoriewiki.no. (2017). Skulestaden Volda. Tilgjengeleg frå: https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Skulestaden_Volda (lest 15.06.2017).
- Kjelland, A., Høidal E. og Myklebust, O. (2012). Busetnadssoga for Volda. Band 4a Øyralandet - Volda sentrum. [Snøhetta forlag a.s.]. ISBN 978-82-93047-00-1.
- Kornberg, L. (2001). *Hilsen fra Volden. Ei bildebok frå gamle Volda 1862–1938*. [Aarflots Prenteverk AS, Volda]. ISBN 82-996162-0-4.
- Kornberg, L. (2004). *Volda er Volda. Biletbok slik det ein gong var 1935–1975*. [Aarflots Prenteverk AS, Volda]. ISBN 82-996162-3-9.
- Kulturminnesøk. (2017). Kulturminnesøk. Tilgjengeleg frå: <https://kulturminnesok.no/> (lest 08.08.2017).
- Mandal kommune. (2007). Veileder for bevaringsområdene. Mandal. Tilgjengeleg frå: <https://www.mandal.kommune.no/component/content/article?id=718:bygge-i-bevaringsomrade> (lest 23.10.2017).

- Møre. (2015). Volda 2015 Engeset. Tilgjengeleg frå: <http://mre.no/volda/engeset/19.2234> (Lest 08.08.2017).
- Møre og Romsdal fylkeskommune. (2017). Om skulen. Tilgjengeleg frå: <http://www.volda.vgs.no/VoldaVGS/Om-skulen> (lest 15.06.2017)
- Nerbøvik, J. (2001). Løyndom og røyndom. To fotografar i Volda 1898–1979. [Volda]. ISBN 82-994080-3-2.
- Regjeringen. (2017). Kompleks 575 Høgskulen i Volda. Tilgjengeleg frå: https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/hoeringsdok/2010/201001140/575_hoegskulen_i_volda.pdf (lest 17.08.2017).
- Roppen, J. (2016). Då lærarskulen hadde eige småbuk. Tilgjengeleg frå: <https://blogg.hivolda.no/jr/2016/03/22/da-laerarskulen-hadde-eige-smabruk/> (lest 07.08.2017).
- Røyrane E. og Apneseth, O. (2015). *Noregs låver*. [Skald forlag]. ISBN 9788279592044.
- Statistisk sentralbyrå. (2017). Landbruksundersøkinga, 2015/2016, førebelse tal. Tilgjengeleg frå: <https://www.ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri/statistikker/lu> (lest 17.08.2017).
- Søre Sunnmøre Tingrett. (2017). Historie. Tilgjengeleg frå: <http://www.domstol.no/no/Enkelt-domstol/sore-sunnmore-tingrett/om-sore-sunnmore-tingrett/historie/> (lest 08.08.2017).
- Tvinnereim, J. og Melle, O. (2003). Fjordbygder i forandring. [Snøhetta forlag a.s.]. ISBN 82-303-0069-0.
- Volda kommune. (2007). Tettstadsanalyse Volda sentrum. Tilgjengeleg frå: <https://www.volda.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=5&FillId=272> (lest 15.06.2017).

10 NYTTIGE NETTSIDER

Bygg og bevar

Nettsida Bygg og Bevar inneheld artiklar om korleis gamle hus kan haldast ved like og settast i stand. Nettsida er eit samarbeidsprosjekt mellom Klima og miljødepartementet og Byggenæringens Landsforening.

<https://www.byggogbevar.no/>

Kommunekart

Kartteneste. Her finn ein kommunedelplanar og reguleringsplanar for Volda kommune.

www.kommunekart.com/

Kulturminnesøk

Tjeneste frå Riksantikvaren. Inneheld informasjon om over 170 000 kulturminne og kulturmiljø.

kulturminnesok.no/

Møre og Romsdal fylkeskommune

Informasjon om mellom anna kulturvern og tilskotsordningar.

<https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Kultur/Kulturvern>

Riksantikvaren

Nettside med mellom anna publikasjonar og faktaark, råd om bygningsvern og informasjon om tilskotsordningar.

<https://www.riksantikvaren.no/Veiledning/Raad-om-bygningsvern>

SEFRAK-registeret

SEFRAK er eit landsdekkjande register over eldre bygningar og anna kulturminne.

<http://www.miljostatus.no/kart/?lang=no&extent=312354|7083536|332452|7096229&layers=51:100;&basemap=KART&opacity=70&saturation=100>

Volda kommune

Kommunen si heimeside. Informasjon om reguleringsplanar, kulturminneplan og politiske prosessar.

<https://www.volda.kommune.no/>

Inspirasjon tema uthus og løer:



Vegårdshei:

"Sentrumsprosjekt gav bustadvekst på landsbygda: Transformering av låve til leilegheiter"

Bilete og tekst er henta frå: www.husbanken.no/forbildeprosjekter/prosjekt/?id=215367



Lommedalen:

"Byttet ut enebolig på Røa med låve i Lommedalen. Slo til med en ombygd låve fra 1800-tallet."

Bilete og tekst er henta frå: <http://botrend.no/2016/06/03/byttet-ut-enebolig-pa-roa-med-lave-i-lommedalen/>



Røros:

"Siden 1996 har Uthusprosjektet utført ca. 400 prosjekter i verdenskulturminnet Røros, hvor uthus har blitt tilbakeført til et nivå hvor det i ettertid skal holde med vanlig vedlikehold."

Bilete og tekst er henta frå: <http://uthusprosjektet.no/>



Bath, England:

"Ombygd låve, sjarmerende landsby i nærheten av Bath, perfekt for å utforske landskapet."

Bilete og tekst er henta frå: www.homeaway.no/feriebolig/p1018400



Bantham, England:

"Ombygd låve, område med enestående naturlig skjønnhet, en mil fra surfestrand."

Bilete og tekst er henta frå: www.homeaway.no/feriebolig/p1633178



Sørum:

"Dyrene er for lengst kastet ut av låven på Asak Søndre Gård i Sørum. Nå er det konferansegjester det går i for ekteparet Stine og Hans-Ove Kirkeby. I vår åpnet de konferansegården «Smakfulle rom» med fokus på matopplevelser og personlig service."

Bilete og tekst er henta frå: www.hotellmagasinet.no/artikler/konferanse-stedet-smakfulle-rom-har-moterom-pa-laven/366706



Voss:

"Fra gård til hotell: Svein Ringheim og kona Jorunn måtte ta et valg. Slektsgården deres oppe i lia ovenfor Voss måtte det gjøres noe med. Kona ville bruke bygninga til noe annet enn gårdsdrift. Nå er det et særpreget lite hotell og en restaurant med gjester fra hele verden."

Bilete og tekst er henta frå: www.hotellmagasinet.no/artikler/fra-gard-til-hotell/368075



Hakadal:

"Kultursiloen gir rom for blomstrende og kulturelle aktiviteter." " Kulturuka på Kirkerud, 15.-20 august, ble igjen en suksess. Jazz i siloen med bandene French Quarter Four og Afternoon Jazz Orchestra med Torstein Kubban (kornett) spilte for et entusiastisk publikum."

Bilete og tekst er henta frå: www.kirkerudgard.no/



Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda
postmottak@volda.kommune.no
Telefon: +47 70 05 87 00



INNSPEL TIL «BYGNINGSMILJØ OG ESTETISK RETTLEIAR – VOLDA SENTRUM»

Høyringsperiode 12. desember 2017–12. januar 2018

Volda kommune takkar for innkomne innspel og gode tilbakemeldingar

Innspela har vore diskutert i arbeidsgruppa. Dette dokumentet inneheld ei oversikt over innkomne innspel og kommentarar/tilråding frå kommunen.

Oversikt over innkomne innspel:

Jorun Marie Kvernberg	s. 1
Røysgarden sameige	s. 2
Roar Driveklepp	s. 4
Anne-Sofie Egset og Jacob Kjøde jr.	s. 6
Stiftinga Gamlegymnaset i Volda	s. 6
Møre og Romsdal fylkeskommune	s. 7
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	s. 7
Andre justeringar	s. 8

Innspel med kommentar frå kommunen

Jorun Marie Kvernberg

Hei!

Kjekt å sjå at huset vårt er med i lista over bygningar med høg lokal verdi! Opplysningane som stod om det var ikkje heilt korrekte. Eg skriv eit forslag til ny tekst under, så kan du ringe meg (91318235) eller Øyvind (99516483, sambuar) om du lurar på noko.

--

Anders Vassbotnvegen 23, Espehuset.

«Huset vart bygd i 1932 av skomakar Elias Abelson Espe (Volda) og den andre kona hans, Martha Pauline Ellingsdotter Indresøvdde (Larsnes). Standsmessig fint hus, trekonstruksjon forblenda med teglstein og med etterlikning av bindingsverk i møna. Framand hustype i Volda, og også nasjonalt var det særst få teglforblenda hus før 1940. Arkitekt var Elmer Dalen, Martha sin systerson. Han gjekk m.a. i bygningslære i Amerika. Familien deira var (med-)eigarar både i kalkverk på Larsnes og teglsteinsverk på Åndalsnes. Dette forklarar truleg dei uvanlege vala i materiale og stil.»

PS

1) Neste hus på lista, Kylnevegen 2, har fått tittelen "Espehuset". Det er ombytt, det er vårt hus som kallast dette.

2) I familien har det vore sagt at teglsteinen er frå Nederland, utan at me kan vite dette sikkert.

3) Det stemmer det med broren, Johan Indresøvde, men nevøen Elmer var truleg viktigare i denne samanhengen.

Både Johan og Elmer var eigarar av verket på Åndalsnes i kvar sine periodar. Martha var også med nevøen sin til Amerika.

Opprinneleg tekst: «Bygd av skomaker Elias Abelss. Espe og sto ferdig i 1932. Standsmessig fint hus, bygd i teglstein og med etterlikning av bindingsverk. Framand hustype i Volda, og er truleg inspirert av arkitektur frå England, Nederland eller Nord Tyskland. Kona til Espe; Martha Pauline Ellingsdotter Indresøvde, hadde ein bror ved Nes Teglverk i Åndalsnes, og teglsteinen er truleg henta derfrå. Denne broren budde også i periodar i Amerika, og det er mogleg at teikningane i huset også kom derfrå.»

Kommentar:

Justeringar i samsvar med innspel er teke inn i kapittel 8.3 Bygningar med høg lokal verdi.

Røysgarden sameige

Først ønskjer vi å understreke at det er eit imponerende og viktig arbeid som ligg bak dette utkastet til rettleiar for bygningsmiljø og estetikk for Volda sentrum. Vi stiller oss fullt og heilt bak eit slikt initiativ for å ta vare på essensielle og unike verdiar i sentrum. I og med at vi eig eit gammalt gardstun som er lokalisert midt i smørauget av det gamle sentrum, så røyver dette dokumentet oss særleg sterkt og kan få konsekvensar for både oss og våre etterkomarar.

Gardstunet vårt er eit avgrensa areal av den gamle Røysgarden som enno ikkje er avgitt til bygningar og asfalt . Vi er samde i at tunet representerer verdiar frå ei tid som var, og at det på ein måte gir ei grøn lunge midt i det som lenge har vore Volda handelssentrum. Vi registrerer også at nemnda bak denne rettleiaren kommenterer tunet og vedlikehaldet av det i positive ordelag. Det er gledeleg at dette vert lagt merke til. Og i det vi understrekar at eit slikt vedlikehald vil halde fram så lenge det er praktisk mogleg for oss, så vil vi likevel kome med nokre kommentarar til framtidig bruk av tun-arealet:

Det er energi- og ressurskrevjande å halde eit slikt tun frå forfall når det ikkje lenger er drift eller driftsgrunnlag på sjølve garden. Vi må her også tenkje på etterkomarar og deira ansvar opp i dette.


Tidlegare, i samband med rulleringa av kommunedelplanen sin arealdel, har vi spelt inn merknader når det gjeld kva status løetomta i tunet skal ha. Det er viktig for oss at ikkje heile tunet vert bandlagt for alltid i den forma det ligg i dag. Og i denne samanhengen vil vi også spele inn det same ønsket i høve denne rettleiaren. Løetomta ønskjer vi å halde på som forretningstomt, ev. med ein blanda funksjon, t.d. forretning/bustad/kultur. Ein slik status kan også opne opp for å innlemme, ev. bruke delar av grindbygget som løa representerer, inn i nye og moderne prosjekt. Eit grindbygg er forholdsvis enkelt å flytte og/eller restaurere.

Når det gjeld resten av tunet, så skjønar vi at i alle fall store delar av det, glir godt inn i Ridderstrømplanen med sine presiseringar og avgrensingar, men vi ser helst at heller ikkje det vert bandlagt for alltid, og at dei strengaste verne-kriteria ikkje bør leggjast på dette heller.

Kommentar:

I kommunedelplan for Volda sentrum er Røysløda regulert til forretning, sjå kartutsnitt frå Ridderstrømplanen under. Denne rettleiaren legg ikkje opp til endra arealbruksføremål for området, innspel om endra arealbruk tek ein direkte i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel. Ved ein eventuell utvikling av området er det positivt om Røysløda (eller delar av den) kan nyttast og innlemmast i nye og moderne prosjekt.

Resten av tunet ligg innafor «Spesialområde» i Ridderstrømplanen. Volda kommune ønskjer at føresegner for spesialområdet skal vidareførast i ei omsynssone/bestemmelsessone i kommuneplanen sin arealdel. Gardstunet opplevast grønt og frodig, og er viktig miljøskapande element i området. Kommunen ønskjer å ta i vare dei kvalitetane dette området representerer.



Figur: Utsnitt frå Ridderstrømplanen. Spesialområda er markert med oransje.

Ingen endringar i dokumentet.

Roar Driveklepp

Arkivsak nr 2017/2238 Hovringsutkast dal. 24.11.2017
for Bygningsmiljø og estetisk reuleiar for Volda sentrum

Merknad 1) Punkt 6.11 Uthus, om å «.....ta vekk punkt 34 i planen»
2) Punkt 6.1 Halkjelsvika. «.....at det skal vere forretning og.....på gateplan»

Eg er eigar av Gnr.19 Br.nr.598 (Halkjelsgate 13 og tomte inntil Apotekbygget)
I reguleringsplanen for Volda sentrum av arkitekt Einar Ridderstrøm stadfesta i 1987, er det regulert eit nybygg på tomte og muligheit for tilbygg til Halkjelsgt.13, samt at reguleringa viser at uthusa er vekkregulert. Vi arbeider no med å utvikle og få bygge ut dette området etter gjeldande regulering. For at ikkje ei utbygging i dette området skal stoppe opp, må punkt 34 fortsatt gjelde. Sjå merknad nedenunder.

Merknad 1) I gjeldande reguleringsplan punkt 34, står det at «*Uthus og mindre hus kan tillatast rivne eller flytta innan område*».

Vi meiner at « å ta vekk punkt 34 i planen » (som då vil innebære at alle uthus og småhus i Volda sentrum kan verken rivast eller flyttast innan område), kan lage store problem for ei utbygging i fleire områder i sentrum.

Viser til Kommunedelplanen, som er sitert på s.12, «*....har som mål å utvikle Volda sentrum til ein attraktiv tettstad med eit levande og konkurransedyktig sentrum*». Då må ein ikkje her i dei nye retningslinjene bli så ivrig på å verne, at det vil hindre utbygging i Volda sentrum.

Konklusjon: Punkt 34 i gjeldande reguleringsplan må fortsatt stå.

Merknad 2) Underpunkt 6.1 Halkjelsvika «*retningsliner og rutinar for utvikling*» Sitat: «*Det bør spesifiserast i føresegnene at det skal vere forretning eller anna publikumsretta funksjonar på gateplan.... »*

Ein bør ikkje sette slike krav i føresegnene, på den måten at det ikkje er mulig med unntak f. eks. i gater eller store deler av gater der det frå for ikkje er forretning. F. eks Røysgata, der vår utbyggingstomt er, ligg i ytterkant av Volda sentrum sitt forretningsområdet, har frå før kun eitt publikumsretta lokale.

Konklusjon: ordet «skal» må byttast ut med «bør oppfordrast til» slik at det må vere muligheit for vurdering i kvar enkel sak.

Ein ser at utbygging av kjøpesenter også gjer at det vil vere mindre behov for enkeltstående forretningslokale. I mange tettstader, også i Volda, flyttar forretningene ut av desse og inn i senter der fleire er samla. Sjølv om lokale har vorte omregulert til bolig i Volda, er det ikkje færre av dei i dag.

Kommentar:

Merknad 1:

I punkt 34 i Ridderstrømplanen står det at "Uthus og mindre hus kan tillatast rivne eller flytta innan området dersom dette etter bygningsrådet sitt skjøn ikkje vil verke forringande for heilskapen i området." Uthusa i Volda er, som det vert peika på i rettleiaren, eit av Volda sine særtrekk. Viss ein ser til nabobygder som til dømes Ørsta, Ulsteinvik eller Fosnavåg, vil ein finne langt færre uthus. Samtidig har mange av desse uthusa mista sin opprinnelege funksjon, og det er viktig at ein ser positivt på nye måtar å nytte uthusa på, jmf. siste punkt i rettleiaren:

- For at eigarar skal ha interesse av å ta i vare uthusa er det også viktig at uthusa kan ha ein nyttig funksjon. Oppgradering av uthus (inkludert til dømes utskifting til meir funksjonelle vindaug og dører) bør vurderast som positivt.

Plakatbuda er eit av dei mest kjente uthusa i Volda, dette huset har ein sentral plassering og fungerer framleis som eit lite landemerke i sentrumsområdet. Plakatbuda er trukke fram som ein bygning med lokal høg verdi i kap. 8.3 Bygningar med lokal høg verdi.

Uthus er små bygningar, og det er mogleg å flytte dei viss dei skulle vere til hinder for anna utvikling. Volda kommune er einig i innspel om at dette punktet framleis kan gjelde.

Konklusjon merknad 1: Kapittel 6.11 Uthus i rettleiaren vert oppdatert i samsvar med innspel.

Merknad 2:

I Utviklingsplanen for Volda sentrum (2015) var Plassen ved Sørheimhuset framheva som eit fokusområde. Arkitektane framhevar «aktive fasadar» i planen. Fasadane på husa er gatene sine veggjar og betyr mykje for korleis gata vert nytta. Aktive fasadar er til dømes butikkar med mange inngangar og utstillingsvindaug med variasjon. Ei gate med mange utstillingsvindaug har meir «liv i seg» enn ei gate med einsfarga husveggjar utan vindaug. I ei gate er også butikkane avhengig av kvarandre, og ein må dra i lag. Fleire publikumsretta verksemder på same plass, tiltrekkjer seg fleire folk og fleire kundar. Forretningslokala i Halkjelsgata og Snippa er viktig miljøskapande element, og ein ynskjer å utvikle og nytte dette som aktive handlegater også i framtida.

Dei fleste butikklokala i området i dag ligg i gatene Snippa og Halkjelsgata. I Røysgata er det, som nemnt i innspel, hovudsakeleg bustadar. Administrasjonen er einig i at det ikkje er naturleg å krevje at det skal vere forretningar eller andre publikumsretta funksjonar på gateplan i heile området. Administrasjonen foreslår difor å forandre fylgjande punkt under «Retningsliner og rutinar for utvikling» i kapittel 6.1 Halkjelsvika frå:

- «Det bør spesifiserast i føresegnene at det skal vere forretning eller anna publikumsretta funksjonar på gateplan i området, og at ein ynskjer å ta i vare uthus og sjøgløtt i området.»

til

- Det bør spesifiserast i føresegnene at det skal vere forretning eller andre publikumsretta funksjonar på gateplan i Snippa og Halkjelsgata.
- Nye fortettings- eller utviklingsprosjekt bør også ha publikumsretta funksjonar på gateplan.
- Føresegner bør presisere at ein ynskjer å ta i vare uthus og sjøgløtt i området.

Konklusjon merknad 2: Kapittel 6.1 Halkjelsvika vert justert i samsvar med dette.

Anne-Sofie Egset og Jakob Kjøde jr

Vi har følgjande tilbakemelding på det som er skreve om Gamleveggen 2 i punkt 8.3:

Volden høyere almueskole var opphavleg oppført der elveløpet til Øyraelva no går i 1861. Etter at huset vart teke av flaumen, vart det ført oppatt utanfor skulebakken i 1865.

I 1896 kjøpte Hemrik og Johanne Kaarstad huset av Volda kommune. Kaarstad brukte huset som privatbustad og dreiv ei stund også lærarskule her. I 1947 selde familien Kaarstad huset til Kinamisjonen som eigde det til 1956. Då kjøpte Kjellaug Kaarstad Tjensvoll og Lars Tjensvoll huset tilbake. Huset er i dag bustadhus og teke godt i vare.

Kommentar:

Justeringar i samsvar med innspel er teke inn i kapittel 8.3 Bygningar med høg lokal verdi.

Stiftinga Gamlegymnaset i Volda

Rettleiaren står fram som eit svært viktig arbeid for Volda kommune, og innhaldet har vore inspirerende og tankevekkande lesnad. Rettleiaren er med på å tydeleggjere og synleggjere Volda sine mange vakre bygningar og miljø, og kan slik fint bidra til å styrke merksemda kring særpreg og identitet i lokalsamfunnet. Arbeidet er fagleg grundig og godt grunngjeve. Difor verkar målsetingane om å medverke til betra informasjon, kommunikasjon og fagkunnskap knytt til temaet estetikk i byggesaker å vere vel ivaretekne.

Stiftinga for Gamlegymnaset i Volda er svært positive til at rettleiaren framhevar og ser skulane i Volda sentrum som eit samla verdifullt bygningsmiljø, under tittelen *Skuleløypa*. Ei slik konkret tydeleggjering av mangfaldet og omfanget av historiske og noverande undervisningsbygg i lokalsamfunnet er viktig for å forstå utviklinga av bygda, og for forståinga av Volda som skulestaden i regionen. At også mangfaldet av ulike typar av undervisningsbygg er teke med her, som til dømes Idrettsbygget og Gamlegymnastikken, ser vi som viktig.

Med denne rettleiaren har Volda kommune eit framifrå verktøy til å kunne ta vare på dei mange eksisterande bygningane og vidareutvikle bygningsmiljøa som gir særpreg og identitet til Volda som tettstad. Utgangspunktet vi har er godt og meir spennande enn ein kanskje skulle tru ved første augekast, og no gjeld det berre at sakshandsamarar og politikarar i kommunen syner *vilje til å prioritere* i tråd med dei føringane som rettleiaren framhevar . Med denne rettleiaren har vi eit fagleg solid grunnlag for å gjere staden vår visuelt meir attraktiv for innbyggjarar og besøkande.

Kommentar:

Ingen endringar i dokumentet.

Møre og Romsdal fylkeskommune

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfaglege merknader

Volda kommune legg i innleiinga av rettleiaren vekt på kor viktig eit godt bygningsmiljø er for å kunne vere attraktiv for innbyggjarar og besøkande, ikkje minst for ein kommune som tek mål av seg å vere i sentrum av ein framtidig region.

Dokumentet skal bidra til at kommunen kan ta vare på lokalt særpreg og identitet, samstundes som den gir føringar for fortetting og transformasjon. Det er utarbeide med både føresegner og retningsliner for kommunens for vidare arbeid som lokal plan og bygningsmynde.

Rettleiaren beskriv historisk utvikling, landskap, det eksisterande bygningsmiljøet og trekk fram døme som er beskrive med kjenneteikn, planstatus, utfordringar, mogeligheter, og retningsliner for utvikling m.m. Dokumentet blir avslutta med ei opplisting av bygningsmiljø av nasjonal, regional og lokal verdi. Opplistinga synleggjer dei objekta og miljøa som vert trekt fram og prioritert. Rettleiaren er slikt sett både informativ og eit verktøy for kommunens planlegging og byggesaksforvaltning.

Rettleiaren for bygningsmiljøet i Volda bygger opp under plan- og bygningslovas føremålsparagraf § 1-1, femte ledd, som framhevar viktigeita av estetisk utforming av omgivnadene. Vi ser som regional planmynde fram til og sjå rettleiaren vert nytta for å utvikle bygningsmiljøet, frå overordna planer og ned til konkrete tiltak.

Kommentar:

Ingen endringar i dokumentet.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Volda kommune har utarbeidd ein eigen rettleiar for bygningsmiljø og estetikk for Volda sentrum. Eit viktig mål med dette arbeidet er å bidra til å styrke tettstadens særpreg og identitet, samt ivareta viktige kvalitetar ved kulturlandskap og bygningsmiljø. Rettleiaren skal vidare leggest til grunn for

arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, framtidige reguleringsplanar og i behandling av enkeltsaker.

Rettleiaren gir ein god og oversiktleg presentasjon av bakgrunn og mål for arbeidet, aktuelle tilskotsordningar, og viktige historiske utviklingstrekk fram mot status for dagens sentrumsmiljø med vekt på vidare plan- og utviklingsarbeid. Rettleiaren omfattar også ein informativ, områdevis gjennomgang av verdfulle bygningsmiljø. Søkelyset er her m.a. retta mot karakteristiske kjenneteikn ved områda, planstatus, utfordringar og muligheiter, samt retningslinjer og rutinar for vidare utvikling. Det er vidare tatt med eit eige kapittel om estetiske retningslinjer for restaurering og tilpassing. Avslutningsvis er det gitt ein nærare presentasjon av bygningar med nasjonal, regional eller høg lokal verdi. Det er også tatt med ei omfattande kjeldeliste og referansar til nyttige nettsider.

Fylkesmannen ser det som svært positivt at kommunen gjennom ein slik rettleiar gir auka merksemd på eit stort og viktig tema. Arbeidet er elles nær kopla til, og utgjer eit nyttig supplement til kommunedelplan for kulturminne. Samla sett gir dette eit godt og nyttig kunnskapsgrunnlag for vidare plan- og utviklingsarbeid. Vi vonar at dokumentet blir aktivt brukt i alle plan- og bygningsaker. I tillegg vil dette arbeidet, slik det blir presentert i form og innhald, også vere av stor allmenn interesse.

Kommentar:

Ingen endringar i dokumentet.

Andre justeringar

I kapittel 6.1 Halkjelsvika er Ridderstrømplanen frå 1987 omtala. Reguleringsplan for Moritzmarka er også gjeldande for delar av området, og prosjektgruppa har teke inn ein kort omtale planen i oppdatert dokument. I reguleringsplanen for Moritzmarka er ikkje Moritzløda med markert som spesialområde. Prosjektgruppa har på grunnlag av dette justert avgrensinga av området i kartskissa for området s. 16.



Figur: Utsnitt frå reguleringsplan for Moritzmarka. Spezialområda er markert med «Sp».

Kommentar:

Justeringar i samsvar med dette er teke inn i planen

PS 27/18 Orienteringssaker

Orienteringssaker

OS 6/18 Sluttrapport kortversjon, prosjekt Skulebakken, orientering til kommunestyret



SLUTTRAPPORT

Kortversjon


Til orientering i kommunestyret



PROSJEKTINFORMASJON

Prosjektittel: <i>Skulebakken</i>	Saksnr.: <i>2012/1980</i>	Prosjektleder: <i>Pål-Are Vadstein</i>
Byggherre og avdeling: <i>Volda kommune v/kommunalteknisk avd.</i>	Prosjektnr.: <i>701504</i>	Type prosjekt: <i>Vegbygging</i>
Entrepriseform: <i>Generalentreprise</i>	Innkjøpsform entreprise: <i>Open anbodskonkurranse</i>	

EVALUERING AV PROSJEKT

Evaluert av: <i>Pål-Are Vadstein</i>	Evaluert dato: <i>22.11.2017</i>
Signatur: 	



1. INNLEIING

1.1 PROSJEKTINNHOLD

Bygging av ny kommunal veg på Lauvstad i Volda kommune, som eit trafikktryggingstiltak grunna bratt og uoversikleg opprinneleg veg. Omlag 500 m ny veg, i for det meste ny trasé utanfor opprinneleg vegområde. I tillegg er det utført enkel opprusting av opprinneleg veg, som no fungerer som gangveg.

1.2 KONTRAKTER PÅ PROSJEKT

	Firma	Innkjøpsform	Kontrakt
PROSJEKTERING	Nordplan AS	Avgrensa anbodskonkurranse	NS 8401
UTFØRING	Volda Maskin AS	Open anbodskonkurranse	NS 8406

2 ØKONOMI

2.1 PROSJEKTERING

Kontraktssum (eks. mva.)	Fakturert totalt (eks. mva.)	Avvik mellom kontraktssum og faktisk fakturert
65 000,-	133 776,-	- 68 776,-
Grunngjeving på eventuelt avvik mellom kontraktssum og faktisk fakturert		
<ul style="list-style-type: none"> Diverse omarbeiding på linjer i høve reguleringsplan, som var gjeldande prosjekteringsgrunnlag. Bl.a. omarbeiding og justeringar av veglinjer i samband med gjennomføring av frivillige avtalar om grunnnerv. All møteverksemd: Alle møter vart halde utanom kontraktssum, då møteomfanget på dåverande tidspkt. var uvisst. Møter vart difor fakturert etter medgått tid. Overvassberekning: Vi vurderte etterkvart at det ville vere formålstenleg å gjennomføre grundigare berekning av overvass-kapasiteten i området, som følgje av mistanke om at eksisterande rør kunne vere underdimensjonert. Som følgje av sjukmelding i byggherre-organisasjonen, vart administrative tenester til ein del av gjennomføringa av anbodskonkurranse leigd inn frå Nordplan, for å oppretthalde den gode framdrifta på prosjektet. Dette arbeidet utgjorde ein del tillegg. Dette viser at det kan koste dyrt for byggherren om ein nøkkelperson som prosjektleiaren vert sett ut av spel. Viktig å understreke at vi i utgangspunktet trass alt fekk inn eit svært gunstig tilbod frå Nordplan. Kr 65 000,- for detaljprosjektering av Skulebakken er utruleg rimeleg, og til opplysning var nest beste prosjekteringstilbod over dobbelt så dyrt (eks. opsjonsdelen). Totalt kr 133 776,- + mva. for prosjektering etter alle tillegg, må kunne vurderast som ein låg prosjekteringskostnad på dette prosjektet. 		

2.2 UTFØRING

Kontraktssum (eks. mva.)	Fakturert totalt (eks. mva.)	Avvik mellom kontraktssum og faktisk fakturert
5 126 242,-	4 864 859,-	+ 261 383,-



Grunngjeving på eventuelt avvik

- Positivt at prosjektet vart rimelegare enn kontraktssum.
- Godt arbeidsgrunnlag.
- Godt samarbeid med entreprenør, der vi fann ein fin balanse mellom å skilje kontraktarbeid og tilleggsarbeid, og der vi suksessivt drøfta alternative løysingar for å halde kostnader nede.
- Flink entreprenør som kom med mange gode innspel.
- God kontroll av fakturaer opp i mot faktisk utført.
- Kritisk til kvart tillegg som vart bedt om.

2.3 TOTALVURDERING ØKONOMI

Økonomistaben har utarbeidd ei oppstilling (tabell nedanfor) på prosjektet som vurderer reell/faktisk prosjektkostnad opp i mot finansieringsplan. Altså ei samanlikning mellom rekneskap og budsjett på prosjektet.

Forklaring til tala i tabellen:

- Når ein tek føre seg heile prosjektet si levetid frå 2015 til 2017, så er samla løyving kr 5 590 000,- eks. mva.
- Av samla lånefinansiering er der brukt kr 246 382,- i 2016 og kr 5 161 414,- så langt i 2017.
- Dette gir då ein ubrukt rest på kr 182 204,- pr. dags dato.

Volda kommune									
Investeringsprosjekt 701504 Skulebakken Haugen Lauvstad									
Teknisk sektor, eining for drift og anlegg									
		REKNESKAP				BUDSJETT			
Konto	Kontotekst	701504 Rekneskap 2015	701504 Rekneskap 2016	701504 Rekneskap 2017	701504 Forbruk totalt	701504 Budsjett 2015	701504 Budsjett 2016	701504 Budsjett 2017	701504 Budsjett totalt
Utgifter:									
01150	Matvarer			2 717	2 717				0
01200	Anna forbruksmateriell, råvarer og tenester			13 486	13 486				0
01950	Avgifter på eigedom			8 000	8 000				0
02300	Nybygg, vedlikehald, byggetenester	0	142 106	4 953 400	5 095 506	400 000	150 000	5 040 000	5 590 000
02700	Konsulenttenester		104 275	125 559	229 834				0
02800	Grunnkjøp (m/avgifter og gebyr)			60 318	60 318				0
03509	Kjøp av tenester frå Volda kommune			34 944	34 944				0
04290	Moms-utgift investering med kompensasjon	0	26 069	1 267 567	1 293 636	100 000	50 000	1 233 932	1 383 932
07290	Moms-kompensasjon investering frå 2014	0	-26 069	-1 267 567	-1 293 636	-100 000	-50 000	-1 233 932	-1 383 932
	Samla utgifter	0	246 382	5 198 424	5 444 805	400 000	150 000	5 040 000	5 590 000
Finansiering:									
06500	Høg mva-sats §11,1 - Sal av varer og tenester			-37 010	-37 010				0
09100	Bruk av årets opprinnelege låneopptak	0	-150 000		-150 000	-400 000	-150 000	-5 040 000	-5 590 000
09101	Bruk av tidlegare års låneopptak	0	-96 382		-96 382				0
	Samla inntekter	0	-246 382	-37 010	-283 392	-400 000	-150 000	-5 040 000	-5 590 000
	Kontrollsum	0	0	5 161 414	5 161 414	0	0	0	0
Volda kommune, 22.11.2017/ 23.11.2017									
Økonomistaben/ Gunnar L. Lillebø									

Merk! Økonomistaben har ikkje fått med sjølve grunnkjøpet i sitt oppsett. Moglegens pga. at det enno ikkje er iverksett betaling for dette. Dette må difor trekkjast frå den sokalla ubrukte resten nemnd i punkt over. Dette betyr at ein på dette prosjektet endar opp med i underkant av kr 100 000,- i ubrukt rest, etter at det er utført utbetaling for grunnerverv til grunneigarane.



3. FRAMDRIFT

3.2 FRAMDRIFT UTFØRING

Kontraktstesta ferdigstillingsdato/ev. produksjonstid	Faktisk ferdigstillingsdato/ev. produksjonstid	Avvik mellom kontrakt og faktisk framdrift
17 veker	23 veker Start anlegg: 23.01.2017 Slutt anlegg: 07.07.2017	-6 veker
Grunngjeving på eventuelt avvik		
<p>Prosjektet vart omlag ein månad forseinka, i tillegg til at enkelte sluttarbeid måtte utsetjast til etter sommarferien, bl.a. det å få på plass veglysa. Både på asfaltfirma og rekkverksfirma vart det litt ekstra ventetid med, som følgje av at deira arbeid skulle gjerast i absolutt høgsesong. BKK Enotek var på dåverande tidspunkt i full omorganisering, og det er klart at dette påverka framdrifta på gatelysmonteringa.</p> <p>I tillegg var det litt tilleggsarbeid som entreprenør måtte ta seg av undervegs i anlegget, så framdrifta kan for så vidt forsvarast.</p> <p>Uansett; forseinkinga var u dramatisk. Vi hadde god kontroll på dette, og det som ikkje var heilt ferdig til fellesferien var ikkje noko prekært. Det var lyst tilnærma heile døgnet, så vi var ikkje avhengig av å t.d. få på plass veglysa før ferien. Det var rom for å utvise forståing og godt skjøn for litt utsetjing av endeleg ferdigstilling. Det vart sett trafikk på vegen i god tid før fellesferien. Det var ingen grunn til å lage store vanskar rundt dette ovanfor entreprenøren, som hadde spelt på lag med byggherre gjennom heile anleggsfasen.</p>		

3.3 TOTALVURDERING AV FRAMDRIFT

14 månader frå oppstart prosjektering til ferdig utbygd veganlegg vil eg vurdere som godkjent for dette prosjektet.

4 HMS

4.1 SAMLA VURDERING AV HMS

For lite fokus på SHA-planen i prosjekteringsfasen, noko som resulterte i ein heller dårleg utarbeidd SHA-plan frå prosjekterande firma si side.

Likevel er mi erfaring at entreprenør hadde eit seriøst og profesjonelt forhold til HMS, med eit velfungerande internkontroll-system. Det vart gjennomført vernerunder, utarbeidd HMS-rapport og SJA risikoanalyse. Eg veit at det også var rutiner på RUH (rapport om uynska hending).

Entreprenør hadde generelt tilstrekkeleg sikring av anleggsplass. I brakkerigg var naudsynte HMS-dokument på plass. Ingen tilbakemelding frå publikum om manglande sikring.

5 KVALITET

5.1 RUTINER FOR KVALITETSSIKRING AV SLUTTPRODUKT

Kontraksarbeidet er gjennomført etter NS 3420, og arbeidet var såleis detaljert beskrive på førehand, i både omfang, metoder og utføring. Standarden inneheld krav til material og utføring.



Byggemøte med synfaring kvar 14. dag. Enkelte synfaringar inn i mellom desse. Pga. lang reisetid til byggeplass, vart det færre synfaringar enn normalt, men hadde god og nær dialog med entreprenørens anleggsleiar.

Manglar, feil og avvik som vart oppdaga av BH sjølv eller av entreprenørens anleggsleiar vart diskutert suksessivt og med raske avklaringar, slik at vi raskt fekk lukka sakene.

6 SAMARBEID OG KOMMUNIKASJON

6.1 SAMARBEID MELLOM BYGGHERRE OG DEI ULIKE AKTØRANE

Det har vore eit godt samarbeid mellom dei ulike aktørane i dette prosjektet. Saker som har oppstått undervegs har vorte raskt teke tak i frå alle partar si side.

Vi har stort sett hatt sams oppfatning av omfang og forståing for prosjektet, og det har vore heller lite usemje om kva som inngår i kontrakt og ikkje inngår i kontrakt.

Byggherre har hatt god dialog med grunneigarar og publikum elles. Det vart gjennomført orienteringsmøte sommaren 2016, eit halvår før vegbygginga tok til. Etter dette har det vore heller få spørsmål og tilbakemeldingar på prosjektet, noko som eg vurderer som positivt. Grunnvastainga vart gjennomført med ein god tone mellom partane.

Relevante dokument er lagt inn i ephorte. Totalt ligg det kring 85 dokument i ephorte i dette prosjektet, der ein finn dokument frå reguleringsplanprosessen, anbodskonkurransar, protokollar, møtereferat, vernerunder, diverse e-postkorrespondanse, grunnervev m.m. Prosjektet skal såleis vere gjennomført i samsvar med krav i offentlegheitslova.